

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for

Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)
Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@gmail.com)

Redaksjonssekretær:

Terje Larsen (terjelar1948@gmail.com)

Utgjevar:

Norsk namnelag
Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 67/68 – 2018

Redaksjonen vart slutført 15. september 2019

Adresser m.m.:

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknamnelag.no.

Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 250 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*. Har du spørsmål om laget, kan du venda deg til Terje Larsen på e-post: terjelar1948@gmail.com

Tidsskriftet *Namn og Nemne*. Har du spørsmål om tidsskriftet, kan du venda deg til Ole-Jørgen Johannessen på e-post: ole-jorgen.johannessen@uib.no

Meldingsbladet *Nytt om namn*. Har du spørsmål om meldingsbladet, kan du venda deg til Botolv Helleland på e-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Trykk Xide

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

INNHALD

LEIAR

Terje Larsen: Stadnamn i motvind?	5
---	---

NORSK NAMNELAG

Anne Svanevik: Styremøte i Norsk namnelag 9.11.2018	6
---	---

Anne Svanevik: Landsmøte i Norsk namnelag 16.11.2018	8
--	---

RAPPORT FRÅ KONFERANSEN *STADNAMN I KNIPE*

Gunnstein Akselberg: Stadnamnkonferansen 2018	8
---	---

Gunnstein Akselberg: Stadnamn i knipe.....	8
--	---

Christian-Emil Ore: Strategi for registrering av smånavn	8
--	---

Peder Gammeltoft: Den digitale fremtid for stednavne	8
--	---

Anne Svanevik: Kartverkets rolle i bruk av stedsnavn	8
--	---

Olav Veka: Frå *Vinterhus* til *Vætrrus* til *Vettrhus*.

Utvikling av etternamn til gardsnamn	8
--	---

Terje Larsen: Vegen inn i stadnamnlitteraturen	8
--	---

Line Lysaker Heinesen: Paneldiskusjon	8
---	---

Ole-Jørgen Johannessen: Stadnamn i knipe – oppsummering.....	8
--	---

STADNAMNTENESTA

Line Lysaker Heinesen: Vedtak i klagenemnda 2018	11
--	----

Anne Svanevik og Kjell Erik Steinbru: Samrådsmøtet 2018

Stadnamntenesta, Språkrådet og Kartverket	11
---	----

Ellen Hellebost Toft: Nytt fagråd for stadnamn	11
--	----

LOV OG FORSKRIFT STADNAMN

Terje Larsen: Endringar i lov om stadnamn.....	11
--	----

Terje Larsen: Nye skrivereglar for norskspråklege stadnamn	11
--	----

Anne Svanevik: Korleis vert stadnamn fastsette.....	22
---	----

Anne Svanevik: Status for vegadresser	22
---	----

INTERNASJONALT NYTT

Botolv Helleland: NORNA, ICOS, UNGEGN.....	22
--	----

Ingvil Nordland: UNGEGN-konferansen i Brussel 2018.....	22
---	----

MINNEORD

Margit Harsson: Gunhild Birkeland (1930–2019).....	22
--	----

Eva Nyman: Thorsten Andersson (1929–2018).....	22
--	----

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Eldar Heide: Hustadvika	22
-------------------------------	----

Marit Hovdenak: Femti år med norske olje- og gassfelt	22
Marit Hammersmark: Personnavn som kulturformidlere	22
Krister Vasshus: Stipendiat ved Språksamlingane i Bergen.....	22
Brynjar Mørkved: Høring og endring av lov om stadnamn.....	22
BOKOMTALAR	
Olav Veka: Bustadnamn i Råde	22
Terje Larsen: Etternamna våre	22
Solveig Vikstrøm: Namn som kjelder	22
Nancy Coleman: Skandinavisk namngjeving i det nord-atlantiske området i mellomalderen	22
Olav Veka: Mellom heilage og profane namn	22
Terje Larsen: NOMINO – TV-serien om stadnamn som bok	22
Dagfinn Worren: Norske gatenamn i Berlin	22
Botolv Helleland: Litterær namnegransking	22
Botolv Helleland: Årsskrift frå Ortnamnssällskapet i Uppsala.....	22
OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER	
Jofrid Holter: Gardsnamn i Askvoll	22
Vidar Haslum: Soknenavn i Østfold fra middelalderen.....	22
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Terje Larsen: Norsk stadnamnbibliografi 2017	22

LEIAR

STADNAMN I MOTVIND?

Eg vart vald til leiar i Norsk namnelag på landsmøtet 16. november 2018 og vil med dette takka for tilliten. Landsmøtet vart halde nesten på dagen 35 år etter at laget vart skipa 18. november 1983. Ynsket om eit Norsk namnelag var i hovudsak todelt: Laget skulle for det fyrste vera ein møtestad for namnegranskarar og dei mange namneinteresserte rundt omkring, og det skulle ta opp samarbeid med vitskaplege institusjonar og offentlege styresmakter. For det andre skulle laget gje ut ein vitskapleg publikasjon, som lenge hadde vore eit sagn i det norske namnegranskarmiljøet.

Namnelaget vart skipa i ei tid då optimismen i namnefaget rådde, og fekk fort rundt 400 medlemmer. Frå 1981 til 2000 vart det til dømes halde ni nasjonale namnekonferansar med god deltaking. I 1983 la Stadnamnutvalet fram NOU 183: 6 Stadnamn, og 18. mai 1990 vart lov om stadnamn vedteken, noko som vart sedd på som ei storhending både nasjonalt og internasjonalt. Lova tok til å gjelda frå 1. juli 1991, og sjølv om ho galdt skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk, var ho i sin intensjon også ei kulturminnelov. Stadnamnutvalet gjorde såleis framlegg om at lova skulle ha denne formålsparagrafen: “ Denne lova gjev reglar om skrivemåten av stadnamn. Formålet med å gje reglane er at stadnamna i riket til saman skal utgjera eit einskapleg namneverk, og at stadnamna skal takast vare på som kulturminne.” Departementet sa seg einig i føremålet, men fann det ikkje naudsynt å ta føremålet inn i lova.

Det *namnefaglege* miljøet vart styrkt ved at det vart engasjert to namnekonsulentar ved kvart av dei fire dåverande universitetsområda (Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø). Kvar regional konsulentteneste fekk ein sekretær i fast stilling med arbeidsplass på dei respektive universiteta der dei vart ein del av fagmiljøet. Sekretæranne skulle førebu sakene for konsulentane, og det faglege kravet var språkleg hovudfag i nordisk og røynsle frå arbeid med stadnamn. Vi fekk òg ei samisk og finsk (kvensk) konsulentteneste, og ved Kartverket vart det oppretta ei namnefagleg stilling. Konsulenttenestene har vore fagleg sjølvstendige, og for å samordna regelverkforståinga har det vore halde årlege samrådsmøte med Kartverket og representantar for Språkrådet.

No er stemninga annleis. Medlemstalet i Namnelaget har gått ned, og i tilknytning til landsmøtet skipa laget til ein konferanse kalla “Stadnamn i knipe”. Ein kan spørja: Kva har skjedd med namnefaget desse 35 åra? Svaret er: Ganske mykje. Stadnamnlova har rett nok fått ein formålsparagraf der kulturminnevernet er uttrykt, men steg for steg er ynsket om eit einskapleg namneverk tona ned, og med det er også synet på stadnamn som eit nasjonalt felleseige svekt. I 2015 vart det såleis opna for at eigarane sjølve får høve til å fastsetja skrivemåten av nedervde bruksnamn, og 11. juni i år vedtok Stortinget endringar i lova som gjev kommunane større fridom i stadnamnavgjerder, både når det gjeld å velja namn og fastsetja skrivemåten av dei. Det er opna for fleire dialektformer i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn, og unntaksregelen «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» er flytt frå forskrift til lov. Departementet seier i lovproposisjonen at dette er gjort for at kommunane skal få større reell innverknad på fastsetjing av skrivemåte og gje unntaket høgare status.

Lovendringa inneber også ei omorganisering av namnekonsulenttenesta. Medan Språkrådet til no ikkje har hatt noka formalisert fagleg rolle, blir det i § 13 i lova slege fast at “[S]pråkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn.” I staden for åtte regionale konsulentar og fire sekretærar er tenesta no samansett av tre rådgjevarar i fast stilling med kontor i Tromsø, Bergen og Oslo og fire konsulentar samordna i eit fagråd på line med dei andre fagråda i Språkrådet. Stadnamntenesta for kvenske namn i Nord-Noreg har kontor ved Universitetet i Tromsø. Den samiske stadnamntenesta held fram med å vera ein del av Sametingets språkavdeling. Denne “avregionaliseringa” botnar mellom anna i nedbygginga av namnefaget ved universiteta og høgskulane, noko som har vore mykje omtalt i tidlegare nummer av *Nytt om namn*.

Det er likevel framleis stor interesse for namn, og denne interessa syner seg på ymse vis. Eit personleg døme: I fjor haust hadde eg foredrag om stadnamn på heimstaden min i regi av biblioteket og Foreningen Norden. Ifylgje arrangøren var det sjeldan så mange møtte fram på tilskippingane deira, og mange hadde spørsmål etter foredraget. Eg veit at andre “kollegaer” har opplevd det same. Rundt omkring blir det samla inn stadnamn, og sidan 2016 har Kulturdepartementet hatt ei tilskottsordning for registrering av stadnamn. Ordninga er administrert av Språkrådet og får søknader frå store delar av landet. Dei siste åra er det gjeve ut fleire bøker om både stadnamn og personnamn, og i lokalhistoriske

årbøker er det ofte artiklar med namn som emne. Aktiviteten på nettstaden til Namnelaget syner fin auke, og går vi utanfor det vi tradisjonelt har sett på som “naturleg” for namneinteressa, i fyrste rekkje stadnamn og personnamn, ser vi også stort engasjement. Stikkord her kan vera *Vy*, *Equinor* og *OsloMet*, altså nye namn på offentlege verksemder. I det siste har det vore fleire døme på at statlege etatar ikkje lyttar til faglege råd, men tek seg til rette og bryt prinsippa for vanleg norsk namnelaging, og det har vore mykje debatt om dette. Ei undersøking som nyleg er gjennomført, syner at eit fleirtal av befolkninga meiner at etatane bør ta råd frå Språkrådet meir på alvor.

Norsk namnelag skal sameina eit folkeleg engasjement og ein vitskapleg profil, og dette kan vera utfordrande. Sjølv om delar av namnefaget er i knipe, og Namnelaget misser medlemer, finn vi altså positive trekk. Desse er det viktig å ta vare på og utvikla vidare. Både Namnelaget spesielt og namnefaget generelt går ei spanande tid i møte.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG 9.11.2018

Styret i Norsk namnelag hadde siste styremøte 9. november 2018 i Kartverkets lokaler i Storgata 33A i Oslo. Til stede: Frode Myrheim (leder), Anne Svanevik (nestleder), Gunnstein Akselberg (styremedlem), Terje Larsen (varamedlem), Ole-Jørgen Johannessen (redaktør for *Namn og nemne*), Botolv Helleland (redaktør for *Nytt om namn*).

1. Den økonomiske situasjonen i laget, tidsskriftene. Namnelaget har to økonomiske system: 1) Vår gamle bankkonto med saldo kr 123.000. Denne disponerer vi sjøl. 2) Det som gjelder de to tidsskriftene. Utgivelsen av *Nytt om namn* 65/66 er blitt dyrere enn ventet etter at vi inngikk avtale med Novus forlag i 2017. Selv om utgivelsen av *Namn og nemne* var innenfor det opprinnelige tilbudet, er økonomien i laget nå bekymringsverdig. Vi må antakelig tære på bankkontoen for å få gitt ut 2018-årgangene av *Nytt om namn* og *Namn og nemne*. I tillegg blir det en kontingentøkning fra kr 200 til kr 250 fra 1.1.2019 (vedtatt av landsmøtet 16.11.2018). Vi har også fått tilbud på rimeligere ut-

givelse av *Nytt om namn* fra forlaget X-ide. Etter styremøtet har Novus forlag sagt at de vil se på kostnadene for utgivelsen av *Nytt om namn* en gang til. Styret diskuterte også å droppe papirutgaven av tidsskriftene, men mente det er uheldig fordi en stor del av vår medlemsmasse er lite digital. Særlig *Nytt om namn* er et viktig bindeledd ut til medlemmene. *Namn og nemne* ønsker vi å opprettholde for å vise at det foregår navneforskning her i landet. Det er viktig at disse to tidsskriftene ikke konkurrerer med hverandre.

Styret må gjennomgå medlemslista med Novus forlag for å få den ajourført.

2. Navnekonferansen «Stadnamn i knipe» og landsmøte i Norsk namnelag ble arrangert 16.11.2018. Se referat fra landsmøtet annet sted i bladet. Styret forsikret seg om at arrangørene hadde programmet og paneldebatten under kontroll.

3. Endringer i lov om stadnamn til høring. Svarfrist 14. januar 2019. Terje Larsen (ny leder etter landsmøtet 16.11.2018) fikk oppgaven med å utforme høringssvar i samråd med styret.

4. Facebooksida til Norsk namnelag. Styret har fått reaksjoner på formen i enkelte av innleggene på facebooksida. Vi ønsker ikke personsjikaner, men faglige diskusjoner og synspunkt som presenteres på en høflig og respektabel måte. I ytterste konsekvens har administrator av gruppa mulighet til å stenge folk ute fra facebooksida.

5. Skilting av stedsnavn. Vi ser ofte et misforhold mellom norgeskart.no og skilting. Er det kontakt mellom Vegvesenet og stedsnavntjenesten? Konklusjon: Namnelaget retter en henvendelse til Språkrådet og Statens vegvesen om riktig skilting.

6. Ymse. Kulturdepartementet har gitt føringer om hvordan stedsnavntjenesten skal organiseres. Navnekonsulentene er formelt sett ikke lenger knyttet til geografiske områder, og er organisert i et fagråd. Målet er å forhindre kapasitetsproblem i enkelte regioner. Stikkord for arbeidet i fagrådet: Riktig bruk av lov om stadnamn, samkjøring, praktisere reglene likt og enhetlig, ta hensyn til politiske føringer.

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG 16.11.2018

Norsk namnelag hadde landsmøte i Oslo 16. november 2018, rett etter konferansen «Stadnamn i knipe». 17 personer var til stede. Frode Myrheim var møteleder, Anne Svanevik referent. Papirene til landsmøtet ligger på nettsida vår www.norsknamelag.no.

Leder Frode Myrheim kommenterte toårs-meldinga. Medlemstallet i laget har gått ned fra ca. 400 til ca. 300 i perioden. Landsmøtet mente at dette er alvorlig og bør tas tak i av styret. Det største dolkestøtet i toårs-perioden var ifølge Myrheim at tidsskriftene ikke lenger får noen offentlig støtte.

Redaktør Ole-Jørgen Johannessen orienterte om tidsskriftet *Namn og nemne*. Vi har gått over til Novus forlag med forhåpning om at det skulle være billigere enn det vi tidligere måtte betale til forlag i Bergen. Dette har ikke slått helt til. Det første nummeret var avgjort billigere, men nå har prisen gått opp. Målet med tidsskriftet er å synliggjøre at vi har et navnefaglig arbeid på høyt nivå her i landet. Hele årganger fra 2002 til 2014 er lagt ut på Norsk namnelags nettside. Innholdslista ligger på nettsida for de tidligere årgangene (fra 1984) og de to siste (2016 og 2017). Vi arbeider med å få tidsskriftet lenger fram i digitaliseringskøen til Nasjonalbibliotekets nettsted Bokhylla.no.

Meldingsbladet *Nytt om namn*: Det kom innspill om at meldingsbladet bør ha bare bokomtaler, mens bokmeldingene kommer i *Namn og Nemne*. De to tidsskriftene bør ikke konkurrere med hverandre. *Nytt om namn* skal være vår kontakt ut – det meste bør være lesbart for alle. Redaksjonen bør jobbe med å få mer stoff om det som foregår lokalt. Folk rundt i landet oppfordres til å skrive.

Ole-Jørgen Johannessen opplyste at styret har diskutert å utgi tidsskriftene bare på nett, bl.a. av økonomiske hensyn. Foreløpig har styret vært tilbakeholdne med dette fordi mange av våre medlemmer antakelig ikke bruker Internett. Vi må være forberedt på ytterligere reduksjon i medlemstallet hvis bladet bare legges ut digitalt. Men det er mulig at økonomien i framtida vil tvinge oss til bare å ha nettutgave.

Økonomien i laget er dårligere enn før, hovedsakelig fordi siste nummer av *Nytt om namn* ble mye dyrere enn vi var forespeilet fra Novus forlag. Slik det ser ut nå, må vi ta av oppspart formue for å få gitt ut 2018-årgangene av tidsskriftene. Etter landsmøtet har Novus forlag opplyst at de vil gjennomgå kostnadene for siste nummer av meldingsbladet på nytt. Landsmøtet vedtok å heve årskontingenten fra kr. 200,- til kr. 250,- fra 2019.

Aktiviteten på nettsida vår www.norsknamelag.no er økende, mange folk er innom. Redaktør Olav Veka etterlyste imidlertid kontakt med brukerne. Han får ikke tips om det som skjer. Også her oppfordres folk til å være aktive.

I neste periode vil laget fortsatt arbeide med digitalisering av *Namn og nemne* og *Nytt om namn*. Nettsida vil ha samme redaktører som tidligere (Olav Veka og Nancy Coleman). Laget bør være aktivt på [Lokalhistoriewiki](https://lokalhistoriewiki.no). Arbeidet med søkbar bibliografi på nettsida fortsetter og bør omfatte mer enn stedsnavn. Sida bør ha flere pekere til pågående navneprosjekt og databaser over innsamlete navn. Vi må arbeide med rekruttering og få flere brukere til Facebook-gruppa vår.

Frode Myrheim går av som leder i Namnelaget. Styret for neste periode blir Terje Larsen (leder), Anne Svanevik (nestleder), Gunnstein Akselberg (styremedlem, vara Tor Erik Jenstad), Ellen Marie Lund Foldal (styremedlem, vara Frode Myrheim) og Gulbrand Alhaug (styremedlem, vara Vidar Haslum). Redaksjonen for *Namn og nemne* blir Ole-Jørgen Johannessen, Vidar Haslum, Gudlaug Nedreid, Tom Schmidt. Redaksjonen for *Nytt om namn* blir Botolv Helleland, Gudmund Harildstad, Terje Larsen.

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

RAPPORT FRÅ KONFERANSEN *STADNAMN I KNIPE*

STADNAMNKONFERANSEN 2018

Den 16. november 2019 vart den nasjonale namnekonferansen halden i Nasjonalbiblioteket, Observatoriegata 1 B, i Oslo, frå kl. 09.30 til kl. 15.30. Konferansen vart halden i samband med Landsmøtet i Norsk namnelag.

Stadnamn i knipe var tittelen på konferansen i år. Han var planlagd og førebudd av Botolv Helleland og Gunnstein Akselberg, som òg hadde invitert gjesteførelesarar og sett opp programmet. Den faglege bakgrunnen for konferansen var den vanskelege stoda som norsk namnegransking, namnefaget og namnenormeringsarbeidet er i for tida. Stadnamna i Noreg er i dag pressa – fagleg, forskingsmessig, økonomisk, politisk og sosialt – frå mange kantar.

På konferansen var det halde innlegg av inviterte føredragshaldarar. Konferansen vart avslutta med ein paneldebatt der temaet «stadnamn i knipe» stod i fokus. Publikum hadde høve til å stilla spørsmål til paneldeltakarane.

Vel 30 personar tok del i konferansen. Det var stort engasjement og god stemning. I pausen vart det servert pizza som representantane frå Språkrådet skaffa til vegar.

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@uib.no

Gunnstein Akselberg

STADNAMN I KNIPE

Stadnamna våre er i knipe. Dei er i knipe på mange måtar. Dei er i *språkleg knipe*, i *forskingsknipe*, i *undervisningsknipe*, i *formidlingsknipe*, i *arkivknipe*, i *økonomisk knipe*, i *juridisk knipe*, i *forvaltningsknipe*, i *innsamlings- og registreringsknipe*, og i *kompetanse- og kunnskapsknipe*.

Alle desse knipesituasjonane heng saman, og endringar i ei knipe vil verka inn på ei eller fleire av dei andre knipene. Eg skal her konsentrera meg om stadnamnknipa i den akademiske sektoren. I denne samanhengen er eit par av knipene meir grunnleggjande enn dei andre knipene: Den økonomiske knipa og kompetanse- og kunnskapsknipa.

1. Den økonomiske knipa

Dei fleste forskings- og undervisningsinstitusjonane som har drive med namnegransking i Noreg, det vil seia dei fire ‘gamle’ universiteta (Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø), nokre av dei ‘nye’ universiteta (særleg Stavanger og Kristiansand) og einskilde av høgskulane (særleg Volda), har dei seinaste åra fått så lite å rutta med til å halda oppe humanistiske aktivitetar (humaniora), at forskings- og undervisningstilboda har vorte reduserte og einskilde tilbod jamvel falle bort. Dei namnefaglege disiplinane høyrer til den siste gruppa.

Etter den rådande marknadsstyrte modellen som dei akademiske institusjonane vert styrte på grunnlag av i dag, gjev namnegranskinga for lite pengar i kassa, og difor er namnegransking økonomisk uinteressant av den institusjonelle leiinga på sentralt hald, på fakultetsnivå og på instituttnivå.

I dag finst det ikkje namnefaglege stillingar att ved dei akademiske institusjonane. Det som finst av namnefagleg undervisning og rettleiing, vert inn til vidare halde oppe av tilsette som har sterke namnefaglege interesser og som 'brenn' for faget. Snart vert òg dei pensjonerte. Heller ikkje rekrutteringsstillingar i namnegransking finst att, med eit unntak eller to. Sidan den nye økonomiske styringsmodellen har desentralisert stipendtildelinga til instituttnivået, vert det der ein fagleg kamp som onomastikken går tapande ut av. «Når krybben er tom, bites hestene». Kollegaar kjempar med nebb og klør for faga sine og prosjekta sine, inngår alliansar med kollegaar for å få støtte og sympati, og vinn kampen av di dei i tillegg har flest studentar og er difor mest produktive. Så lenge denne marknadsøkonomien styrer forskning og undervisning, vil onomastikken vera akademisk død.

2. Kompetanse- og kunnskapsknipa

Kompetanse- og kunnskapsknipa heng nær saman med den økonomiske knipa. Når ingen ved dei akademiske institusjonane lenger har i oppgåve eller har ansvar for å driva med namneforskning, vil det heller ikkje skapast ny kunnskap i faget og det vil heller ikkje finnast tilsette i kollegia som kan driva med forskingsbasert undervisning i faget. Faget vil difor døy ut som akademisk disiplin, verta fagleg akterutsegla og ikkje vera i stand til å levera den aktuelle kunnskapen som trengst i ei samtid og framtid der namnekunnskap er meir tiltrengt enn nokon gong. Og det er ikkje berre innhentinga av meir namnekunnskap som lir, med denne tilstanden vil vi også raskt mangla namnefagleg kompetanse i institusjonar der slik trengst og der den 'allmennfolkelege' og 'folkeleg etymologiske' tilnærminga til faget raskt vil overta.

3. Arkivknipa

I Noreg har vi vore heldige å ha gode stadnamnarkiv ved mange av dei namnefaglege institusjonane. Desse arkiva har kontinuerleg blitt supplerte og oppdaterte ved særlege namneprosjekt eller ved særlege innsamlingar. Slike har vore initierte og leia av fagleg tilsette og av hovudfag- og masterstudentar med spesialkompetanse i onomastikk. Dessutan har arkiva med ujamne mellomrom fått namnesamlingar frå lekfolk som nyttig tilførsle.

I begge tilfelle må det innsamla namnematerialet sikrast og vitskapleg tilretteleggjast for arkivering. Såleis er vi avhengige av å ha dyktige fagfolk knytte både til innsamlings- og til arkiveringsarbeidet. Dessutan trengst det

fagfolk knytte til namnearkiva som kan gje rettleiing i bruk av desse til forskingsføremål, til undervisning, til formidling og namnenormering.

Her har vi hatt gode og funksjonelle tilhøve ved mange av dei akademiske institusjonane, men no held systemet på å forvitra. Dei store namnesamlingane ved Universitetet i Oslo vart overførte til Universitetet i Bergen for nokre år sidan, og saman med dei eksisterande samlingane i Bergen er det no eit nokolunde oppegåande arkiv her. Arkiva ved dei fleste andre akademiske institusjonane er enten pakka ned eller stua vekk. Såleis er dei både utilgjengelege og dermed også uproduktive med omsyn til den akutte kunnskapstrongen som finst innom feltet. Dette skapar store problem for namnekonsulenttenesta som nettopp treng gode og oppdaterte arkiv for å kunna fungera på beste måten.

Av di namnearkiva er 'uproduktive' vurderte i eit marknadsøkonomisk perspektiv, finst det heller inga akademisk-byråkratisk interesse å gje dei særleg økonomisk støtte. Dei er berre akademiske gaukungar og uinteressante akademiske vedheng.

4. Innsamlings- og registreringsknipa

Skal stadnamnarkiva fylla den samfunnsfaglege rolla dei har, må dei stendig supplerast med nytt namnemateriale. Namneinnsamling er ikkje gjort ein gong for alle. Namneinnsamling er ein kontinuerleg prosess. Vi må heile tida ha eit best mogeleg oversyn over det 'stadnamnlandskapet' som finst i Noreg. På grunn av sviktande økonomiske støtte frå dei akademiske institusjonane, stoppar dette arbeidet no opp eller vert i beste fall sterkt redusert. Den sviktande faglege rekrutteringa er ein annan viktig faktor til at dette arbeidet stagnerer. Til slutt kan dette føra til at dei arkiva som framleis er tilgjengelege, ikkje er oppdaterte og såleis får ein sterkt redusert bruksfunksjon.

5. Den språklege knipa

Den språklege knipa er den mest eksplisitte og alvorlege av di den gjeld namneformene, sjølv skrivemåtane av stadnamna. Det er desse ålmenta møter på skilt, på kart, i aviser, i bøker, i dokument osv.

Skriftformer har på den eine sida autoritet. Namneformer som ålmenta ser på kart og i aviser t.d., har særleg stor autoritet, utan omsyn til kor språkleg 'korrekte' eller 'ukorrekte' dei måtte vera.

På den andre sida skaper skriftformer frustrasjonar og negative reaksjonar. Dette gjeld særleg namneformer på matrikelgardar og bruk, men òg namn på naturlokalitetar og andre kulturnamn er aktuelle her. For det fyrste er det ei

utbreidd førestilling om at slektsnamnsformene er dei korrekte og dei tilsvarende matrikkelgardsformene range. For det andre synest mange ha større tiltru til folkeetymologiske forklaringar enn faglege. Folkeetymologiske former kan vera nokså utbreidde, og dei vil vera ei aukande utfordring dersom dei einskilde kommunane skal bestemma skriftformene og ikkje fagfolka.

Ei anna alvorleg utfordring er namneval. I det siste har vi sett mykje skriftspråkleg namnejåleri som representerer manglande språkleg og kulturell innsikt, kunnskap og forståing. Slikt vil det nok også kunna verta meir av no.

I midten av november i fjor, 2018, då eg gjekk frå Oslo sentralstasjon til møte i bygningen til Språkrådet, møtte eg dette oppslaget på Karl Johan: *OXLO Oslo Extra Large – en by for alle*. Sjølv sagt er dette kult og morosamt. Det representerer leik med språk og stadnamn, samstundes som det uttrykkjer ei haldning og ein praksis som kan få onomastiske ringverknader. Slike namn er ein del av det offentlege rommet og ein sentral del av det språklege landskapet. Dette kan på lengre sikt også føra med seg aktuelle normeringsutfordringar.

Når no brukseigarar skal få høve til å bestemma skrivemåten av bruksnamn og dei lokale kommunane skal ha det endelege ordet når det gjeld skrivemåten av stadnamn i kommunen, der faglege vurderingar og råd har liten autoritet, og der namnekonsulenttenesta vert sett på sidelina, kan resultata i beste fall verta meiningslause, komiske og hjelpelause. I verste fall kan slike namneformer verta ein fare for liv og helse av di lokalitetsidentifikasjonen vert både upraktisk og vanskeleg.

6. Den juridiske knipa

Ei viktig årsak til den aktuelle knipesituasjonen som namnefaget er i for tida, er revisjonen av namnelova og forskriftene knytte til namnelova. Den partipolitiske situasjonen i Noreg med større vekt på marknadsøkonomi og populisme, har også nådd namnefaget, noko som har fått heilt konkrete følgjer for dei namnerettslege retningslinene og rammevilkåra.

I praksis vil denne juridiske endringa svekka den namnefaglege ekspertisen og namnekonsulenttenesta. No skal amatørane inn på stadnamnarenaen, og med låg eller utan fagleg namnekompetanse skal dei bestemma skrivemåten av stadnamn. Viktige fagelege normeringsprinsipp vert sett til side på populismen altar.

Vi er alt så smått byrja å sjå resultatet av dette namnefaglege domenetapet. Den varsla endringa i namnelova vil kunna gjera uoppretteleg skade i det norske samfunnet.

7. Undervisningsknipa

Beste vernet mot onomastisk kunnskapsløyse er undervisning. Meir enn nokon gong vil det no verta trong for namnefagleg kunnskap. No skal ei mengd personar trekkjast inn i eit normeringsarbeid som dei har lite kunnskap og innsikt i. Rekrutteringa til namnekonsulenttenesta vert svekka.

Nedbygginga og utraderinga av dei namnefaglege stillingane i akademia vil skapa ei aukande undervisningsknipe. Det vil rett og slett ikkje finnast nok kompetente fagfolk til å utføra viktige namnefaglege oppgåver når denne kompetansen forsvinn frå akademia. Marknadsøkonomisk rammestyling og populistisk ideologi vil stengja for den namnefagleg kompetansen og opna opp for amatørskap og dilettanteri.

8. Forvaltningsknipa

Med den nye namnelova og dei nye forskriftene har vi fått ein ny namnefagleg forvaltningssituasjon i Noreg. Den største utfordringa her vert kommunane sitt ansvar knytt til normeringsarbeidet. Til no har vi sett fleire svært uheldige vedtak bygde på namnefagleg kunnskapsløyse på kommunenivå.

Fleire skal det nok bli. Om ei skolering av medlemene av dei lokale vedtaksorgana er nok – dersom dét hadde vore realistisk – er uvisst, men det kunne kanskje ha vore ein veg å gå dersom det hadde vore økonomi og fagfolk til å utføra slikt arbeid. Og det er vel neppe tenkt frå sentralt hald at ei slik lovendring skal kosta noko ekstra. Det motsette er vel heller meininga.

Ei hovudutfordring ved den nye forvaltningssituasjonen er dessutan at folkevalde representantar i styr og stell ikkje berre manglar språkleg kompetanse, men også at dei manglar lokal kulturell, historisk og topografisk kompetanse. Dessutan vil mange av desse kunna ha så tette band til lokale namnebrukarar og namneinteresserte, at emosjonelle tilhøve vil overstyra ein eventuell fagspråkleg kompetanse.

9. Forskingsknipa

Sett frå ein akademisk ståstad er stadnamnsituasjonen i dag kritisk. Stadnamnforskinga vil rett og slett døy ut. Dette er hån mot ein solid fag- og forskingsstradisjon med historiske røter i Noreg.

Ein fagtradisjon som har hatt stor innverknad på identiteten vår, for lokalsamfunn og for nasjonen og gjeve oss innsikt og forståing. Ved å fjerna den norske stadnamnforskinga, vert Noreg eit kulturelt fattigare og meir kunnskapslaust samfunn.

10. Formidlingskrise

Ute i samfunnet er det stor interesse for namnekunnskap og namneforskning. Alle populærfaglege stadnamnforedrag, kåseri og førelesingar vitnar om det. Folk er interessert å høyra om og få innsikt i den verda som namnegranskinga opnar opp for. Men når den faglege utviklinga stoppar opp, og forskingsdisiplinen vert lagd ned, vil formidlingskjelda snart tørka inn. Det er ikkje berre undervisning som skal vera forskingsbasert, også god formidling skal vera det. Det er det som skapar formidlingskvalitet og formidlingsengasjement.

Og det er ikkje berre ute i samfunnet det er interesse for stadnamn og stadnamngransking. Ei slik interesse finst òg mellom studentane. Men forsvinn dei namnefaglege miljøa, forsvinn også studentane. Studentane skjønar fort kva akademia prioriterer og nedprioriterer. På eit masteremne i onomastikk som eg leia hausten 2018, deltok 22 studentar. Etter det var det ingen stader å gå for dei som eventuelt ville halda fram i vidare i faget.

Christian-Emil Ore

STRATEGI FOR REGISTRERING AV SMÅNAVN

Bakgrunn


Å sette navn på ting og stader i omgivelsene våre er vanlig og helt nødvendig for å kunne snakke om dem og å finne frem. Noen navn er gamle og nedarvete, mens andre er av nyere dato. Blant de sistnevnte finner vi kreative påfunn fra eiendomsutviklere som ofte erstatter stedsnavnene som ble brukt tidligere. Mange lokale navn er knyttet til bruken av et område. De vil lett forsvinne når bruken av området endres som ved utbygging, nedlegging av lokal virksomhet som gårdsdrift og avfolking. Av denne grunn lanserte Kulturdepartementet gjennom Språkrådet i 2014 en støtteordning for å registrere informasjon om lokale stedsnavn som står i fare for å gå tapt. Tanken er å gi tilskudd til frivillige, som historielag og andre lokale grupper. Man var også inne på tanken å bruke skoleklasser. Kulturdepartementet og Språkrådet forutsatte at registreringen skulle følge navnefaglige prinsipper. Tiltaket minner på mange måter om navnegranskeren Gustav Indrebøs innsamling av smånavn på 1930-tallet gjennom de såkalte skolebarn-oppskriftene. Det gikk ut på at skolebarn i landkommunene fikk et skjema med hjem der de skulle fylle ut opplysninger om

navn som ble brukt om steder på gården eller plassen der de bodde. Skjemaet og rettleidingen ble utarbeidet av Indrebø og fulgte datidens navnefaglige prinsipper. Innsamlingen ble gjennomført, men materialet er underutnyttet og ligger stort sett i papirarkiver. Kulturdepartementet ønsker ikke en tilsvarende skjebne for det nyinnsamlete materialet. Departementets forutsetning er at materialet skal samles inn elektronisk og legges i en felles database. Denne databasen så en i 2014 for seg som en del av en felles virtuell database over stedsnavn slik den ble foreslått av denne forfatteren på *Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking* i Oslo i 2009.

Det har gjennom de siste 140 årene vært gjennomført en rekke ulike stednavnsinnsamlinger i Norge som har resultert i små og store publiserte stednavnoversikter og stednavnstudier. Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* er selve flaggskipet. Dessverre har mange innsamlinger og andre systematiseringer blitt liggende underutnyttet i skuffer og skap landet over. I de siste 30 årene har det vært flere initiativer for å digitalisere disse samlingene og gjøre dem søkbare på nett. De mest omfattende initiativene er gjort i regi av Statens kartverk, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og universitetene – og da særlig gjennom Dokumentasjonsprosjektet på 1990-tallet. Men også gjennom fylkesprosjektene i Hordaland, Møre og Romsdal og Nordland er store samlinger gjort digitalt tilgjengelige. I tillegg kommer en rekke større og mindre lokale initiativer. Resultatet av denne omfattende digitaliseringen har ikke blitt samlet slik at en kan søke i alt materialet i et felles grensesnitt.

Forslaget fra 2009 var å lage en felles overbygning eller indeks for de ulike samlingene etter mal av hva som ble gjort for prosjektet *Norsk Ordbok*. Innsamling av opplysninger om stedsnavn og dokumentasjon av dialekter har mange likhetstrekk og er til dels overlappende. For *Norsk Ordbok* ble det lagd en «metaordbok»; en felles indeks til en lang rekke ordseddelsamlinger samt gamle og nye ordbøker og ordlister.

En artikkel i *Metaordboka* består av et hode som inneholder informasjon om normert form av ordet, leddanalyse og ordklasse, og en kropp som er lenker til de ulike databasene med informasjon om faktisk bruk av ordet. Slik informasjon kan være basert på tekst, lyd eller bilde. *Metaordboka* har blitt brukt i nesten 20 år. Den har vist seg å være et veldig nyttig verktøy og utgjør krumtappen i *Norsk Ordboks* kombinerte leksikalske database og redigeringsverktøy.




Figur 1 En skisse av en virtuell felles database for dokumentasjon av stedsnavn

For norsk stedsnavnforskning vil en pendant til *Norsk Ordbok* være en ny og gjennomarbeidet versjon av *Norske Gaardnavne* utvidet til alle typer stedsnavn. Det er definitivt ønsket, men det er kanskje et for ambisiøst prosjekt? Forslaget fra 2009 gikk altså ut på å etablere en «metaordbok» for innsamlet navnemateriale. En skisse av systemet er vist i figur 1. Dette vil være en sammenlenking av ulike navnedatabaser som kan hjelpe forskere og andre interesserte til å få en inngang til innsamlinger, beskrivelser og andre studier av norske stedsnavn. Det originale formålet med *Metaordboka* var nettopp å gi en samlet tilgang til det digitaliserte kildematerialet til *Norsk Ordbok*.

Suksesskriteriet for en slik virtuell database er om det er lett for forskere og andre interesserte å søke i alle basene samtidig gjennom ulike innganger, som markering på digitale kart, administrative enheter (for eksempel hvilket navn som er brukt om en bestemt gård for 150 år siden), navn på topografiske formasjoner eller betydning og opphav. For å få dette til, kreves det at større organisasjoner, som universitetene og Statens kartverk, tar ansvar for et permanent vedlikehold av de sentrale delene, spesielt autoritetsregistre og tesaurer. I tillegg må det utarbeides et felles utvekslingsformat mellom databasene som en må være forpliktet til å følge. Det er teknisk sett ingen problemer med å få en slik virtuell database på lufta, men det krever vilje til forpliktende samarbeid og en vilje til å bidra med ressurser fra noen sentrale aktører.

Forslaget om en felles virtuell navnedatabase ble godt mottatt på konferansen i 2009. Men den har dessverre aldri blitt realisert. Forslaget har likevel vært medvirkende til to konkrete utspill fra Kulturdepartementet. Det første var støtte til å utvikle et verktøy for å overføre navneregistreringer fra papirkart til en digital kartbasert database. Det finnes svært mye materiale der de navnsatte objektene er markert med en ring eller prikk og et tall på eldre papirkart. Systemet støtter ulike registreringsmåter, men forutsetter at originalkartene er skannet. En kan enten legge nytt og gammelt kart ved siden av hverandre eller legge et gjennomsiktig bilde (overlegg) av det gamle kartet oppå det nye digitale. Et tredje alternativ er å georeferere bildet av det gamle kartet ved å markere koordinatene for hjørnene av kartet. Dette krever litt mer arbeid og egner seg best for kart med mange registreringer. Verktøyet ble lagd i 2012 og testet ut ved avdelingen for navnegransking ved Universitetet i Oslo med svært gode resultater. Se figur 2 for en skjermdump.



Figur 2 Skjermdump av systemet for å kartfeste (georeferere) navneregistreringer fra gamle «manuskart»

Det andre initiativet fra Kulturdepartementet er det adskillig mer omfattende tiltaket fra 2014 for å registrere såkalte smånavn, lokale navn, som er i ferd med å gå tapt.

Registrering av smånavn

Kulturdepartementet var altså bekymret for tap av den immaterielle kulturen som lokale navn representerer og ønsket å dokumentere disse før de forsvinner ved demografiske endringer kombinert med endringer i lokalt næringsliv, utbygging eller rett og slett ved avfolking. Tanken er at historielag og andre lokale organisasjoner skal settes i stand til å registrere og samle inn dokumentasjon om lokale navn. Tiltaket er i så måte basert på gjeldende politikk om å støtte frivillige organisasjoner. Kritiske røster har hevdet at dette er lite effektivt, dyrt og at det vil være bedre å sende ut masterstudenter eller phd-studenter på tradisjonelt feltarbeid. En vurdering av disse to ulike strategiene er ikke tema for denne artikkelen. Registreringssystemet som er laget, støtter begge strategiene. Det vesentligste problemet ligger heller i formidlingsstrategier for det innsamlete materialet.

Kulturdepartementets tiltak administreres av Språkrådet og består altså av to hoveddeler:

1. å utvikle en registreringsapplikasjon basert på navnefaglige prinsipper;
2. å gi økonomisk tilskudd til historielag og andre lokale grupper for å gjøre dem i stand til å registrere lokale smånavn i en felles database.

Punkt 2 er langt det største både hva gjelder arbeidsinnsats og økonomi. Utviklingen av registreringssystemet er forsøkt gjort billigst og mest mulig effektivt slik at det ikke går ut over midlene til innsamlingsarbeidet. Det er jo ikke uvanlig at utvikling av programvareløsninger blir mye dyrere enn beregnet og ender opp som en økonomisk belastning. Eksemplene er legio.

Det er en forutsetning fra Språkrådet at registreringen foregår etter navnefaglige prinsipper. Navneregistreringene skal holde navnefaglig nivå. Registreringen skal kunne gjøres av ufaglærte, men kontrolleres av personer med tilstrekkelig kompetanse. Det kan være en utfordring siden det er så få med navnefaglig bakgrunn i Norge.

Hva som skal eller kan registreres for hvert navn, er basert på spesifikasjonene fra stedsnavntjenesten og forskere ved universitetene i Oslo og Bergen. Hver navnesetting skal kartfestes og det skal registreres språk, normalisert navneform og hvilken preposisjon som brukes samt eventuell dativform (påstedsform). I tillegg bør det føres uttaleopplysninger (lydskrift/lyd) og lokalitetstype. Det er også en forutsetning at en vet kilden til opplysningene.

Derfor skal det føres hvem som har kommet med informasjonen (informant med fødselsår) og hvem som noterte opplysningene (oppskriver og år).

I tillegg til den tradisjonelle navnefaglige informasjonen er det også mulig å legge inn tilleggsdokumentasjon i form av tekster, artikler, lyd, bilder og video. I dag registreres ingen metadata. Men verktøyet er knyttet til en avansert medie-database, og det kan åpnes for registrering av bibliografisk informasjon, informasjon om fotograf, hvem er ansvarlig for opptaket, eier og rettighetsopplysninger. Om en ønsker å gjøre det, må en være oppmerksom på EUs GDPR-direktiv om utvidet vern av personopplysninger.

Det er derfor lagd en «produksjonsflyt» med tre ulike roller: administrator, redaktør og registrator. Administratoren kan lage nye brukere og tildele dem de to andre rollene. Registreringene kan ha fire statuser: under arbeid, til korrektur, til oppretting og ferdig. Det hindrer også at registratorene kan rette i hverandres data. For små grupper kan det nok virke noe komplekst.

Erfaringer med registreringen

Det kan være en viss grad av usikkerhet blant brukerne om forskjellen på en informant, oppskriver og registrator. Det samme gjelder normalisert navneform og oppskrivners navneform. Lydskrift er heller ikke enkelt. Spesielt for smånavn er det en uklar grense mellom generelle betegnelser (termer) og faktiske stedsnavn.

Som nevnt over, kan rollesystemet virke komplisert. Det hender at en logger inn som administrator eller redaktør og arbeider som vanlig registrator. Dette gjelder særlig små grupper der en og samme person har alle rollene. Det er bare redaktørene som kan sette status lik ferdig. En enkelt person blir sittende igjen med jobben med å sette ferdigstatus på hundrevis av poster. Så her har forfatteren hjulpet til med masseendring.

Det har vist seg mer effektivt å lese korrektur i en tabelloppstilling enn av én og én enkeltpost på skjermen. Det er derfor mulig å eksportere fra systemet og laste dem inn i et regneark.

Noen steder har en skrevet inn større navnesamlinger uten å ta med informasjon om informant og oppskriver, selv om dette stod i originalmaterialet. Dette ønsker en å få lagt inn i den felles navnebasen. Det er ikke noe teknisk problem å laste inn slike allerede digitaliserte samlinger. Men en får et faglig problem siden dataene vil bli registrert uten ordentlig proveniens. Det er ennå ikke avgjort hvordan dette skal tas hånd om.

Alle navnefestinger må være kartfestet. Det er altså ikke mulig å registrere opplysninger om et navn uten at en vet hvor det navnefestede objektet er. Det har i den senere tid kommet innspill om at en har navn en vet er brukt på en gård, men ikke akkurat hvor. Noen brukere ønsker derfor å kunne registrere navn på gård og bruksnummer. Dette svarer til registreringen i de såkalte skolebarnsoppskriftene der stedfestingen er på gårds- og bruksnivå. Det nåværende registreringsverktøyet forutsetter punktfesting på kart. Det kan endres. Men en må være klar over at gårds- og bruksnummer ikke er helt stabile, og særlig at bruksnummer endres over tid. Særlig gjelder det nå med den store kommune- og regionreformen.

Tilbakemeldingene fra brukerne viser at det alltid er rom for forbedringer. Det er derfor viktig å ha en løpende utvikling og korrigerende av verktøyet.

Mer alvorlige mangler

Prosjektet for registrering av smånavn er nettopp et registreringsprosjekt. Registreringssystemet ble ikke lagd for å kunne vise frem store mengder data. Til det er det for langsomt. Da smånavnprosjektet ble satt i gang i 2014 var det en implisitt forutsetning at det fantes gode grensesnitt for å formidle dataene og at den felles virtuelle databasen var under konstruksjon. Denne forutsetningen viste seg dessverre ikke å stemme. En har derfor kommet i en situasjon der det er registrert over 60 000 navn, men det finnes ikke noe godt verktøy for søk og visualisering av resultatet.

Denne situasjonen kan dels tilskrives Universitetet i Oslos brutale nedleggelse av navnesamlingene og navnegransking som fag, dels at det ikke finnes noen tradisjon i norske navnegranskingsmiljøer for å gå sammen om felles landsomfattende utviklingsprosjekt. Uansett hva den beklagelige situasjonen skyldes, må en handle raskt slik at de ulike gruppene som har investert tid og ressurser i navneregistreringen kan få publisert resultatet av arbeidet sitt på en klar og grei måte på nettet.

Dette gir ekstra og uforutsette oppgaver for smånavnprosjektet, og derfor må det lages et godt søkegrensesnitt for den interesserte allmenheten. Videre bør det lages et stabilt system for lenkede data slik at det kan legges pekere til navneregistreringene fra historielagens hjemmesider og publikasjoner. Dessuten bør det være mulig å kunne publisere storformat-kart der registreringene er markert.

Smånavnregisteringen er avhengig av interesse og entusiasme i de lokale miljøene. Feiler en nå, vil det kunne være vanskelig å ta opp arbeidet senere.

Peder Gammeltoft

DEN DIGITALE FREMTID FOR STEDNAVNE

Oluf Ryghs udgivelse af *Norske Gaardnavne* var startskuddet for hvad man kan kalde moderne navneforskning – ikke bare i Norge men i hele Skandinavien og det nordvestlige Europa. Det som begyndte som et biprodukt af 1886-matrikelen, skulle vise sig at blive afgørende for hvordan man bedriver navneforskning i verden omkring os. Faget stednavneforskning gik med *Norske Gaardnavne* hen og blev en historisk-lingvistisk disciplin. For Norges vedkommende blev den også et redskab for nationsbygning og korrektion af etablerede skrivemåder med grundlag i det tidligere fælles dansk-norske skriftsprog gennem nøje observation af navnets lokale, nedarvede udtale.

Netop den høje vægtning af stednavnes udtale i normeringen af stednavne er en af grundene til at norsk stednavneforskning på mange adskiller sig fra navneforskning i resten af Norden – og ikke mindst i udvikling af redskaber til brug i navneforskning og til normering af stednavne. En anden grund er den stærke norske administrative regionalisering. I udgangspunktet er regionalisering en positiv ting. Den giver mulighed for at nå ud til en bredere skare – og det skete også med navneforskningen fra 1960erne til godt ind i 1990erne. Men regionalisering gør det også nemmere at nedbygge tidligere prioriteringsområder uden store sværds slag. At en navneforsker ved et universitet går på pension uden at dennes stilling bliver genbesat af en navneforsker ses ikke som et problem, 'da andre universiteter jo har navneforskere'. Samtidig gør regionalisering det sværere at samarbejde nationalt, da fokus er på det lokale og ikke det overordnede. Det der var regionaliseringens force er også dens svaghed: manglende kritisk masse og manglende mulighed for at gå sammen om fælles projekter. Dette ser jeg som hovedgunden for tingenes tilstand for stednavneforskningen i Norge i dag.

Språksamlingane

Da Universitetet i Oslo i 2016 besluttede at afhænde alt der havde med udforskningen af norsk sprog – på nær et par enkelte specialområder, stod norsk navneforskning skræmmende nær nedlukning. Landets eneste institution med flere fastansatte navneforskere skulle med ét forsvinde og alt kildemateriale indsamlet over det meste af et århundrede – den største i landet – gik en usikker fremtid i møde. Det var først da Universitetet i Bergen indvilgede i at overtage

samlingerne for en årlig grundsum af 6 millioner kroner at stednavnesamlingerne så ud til at skulle overleve. For dette beløb skulle de omfattende digitale samlinger for leksikografi, målføre og navneforskning driftes og udvikles; de fysiske samlinger opbevares, opgraderes og forøges – og der skulle ansættes nok personale til dette arbejde. I overførbrevet blev leksikografi og navneforskning fremhævet som indsatsområderne, hvilket fik indflydelse på hvilke profiler der skulle ansættes. I skrivende stund består Språksamlingene af en faglig leder – som også dublerer som navneforsker – en leksikograf, en arkivar, en digital arkivar i deltidsstilling, tre IT-ingeniører som står for drift og udvikling af digitale løsninger.

Norsk navneforskning har siden Rygh i hovedsagen koncentreret sig om indsamling af stednavne. Dette skyldes især at den nedarvede, lokale udtale er vigtigste parameter i at fastslå et stednavns korrekte skrivemåde – et meget vigtigere parameter end i Danmark og Sverige. Derfor er størsteparten af indsamlede stednavne i Norge i realiteten udtaleoptegnelser, også Språksamlingenes stednavnesamlinger. Dette gør de norske stednavnesamlinger unikke i international sammenhæng.

Det indsamlede materiale er meget værdifuldt, men ganske svært at bruge for andre end nogle få 'udvalgte' så som navneforskere og navnekonsulenter. Der er eksempelvis ingen eksplicit kobling mellem udtaleformer for samme stednavn, eller kobling op mod *Norske Gaardnavne* eller andre hovedværker om norske stednavne. Der er heller ingen præcis geografisk placering til de lokaliteter der bærer stednavnene. I regelen er lokaliseringen til kun til kommuneniveau, og heldigvis i mange tilfælde ned på gårds- og bruksniveau, se figur 1.¹ I nogle tilfælde er geografisk placering angivet på et tilhørende kort, der kan fremfindes ved at søge i en separat database – og så skal man derfra finde stedet selv på moderne digitale kort. Altså langt fra en særlig nem og smidig løsning.

Sammenlagt bestod Språksamlingenes stednavnemateriale ved overføringen af lidt under 1,9 millioner stednavne, fordelt på ca. 700 000 stednavneformer fra den *Nasjonale stedsnavndatabase*, en digitaliseret udgave af seddelsamlingerne for Herredsregisteret, Seternavnregisteret og diverse mindre indsamlinger. Dertil findes også en fuldigitaliseret udgave af Bustadnamnregisteret på ca. 240 000 navneformer, samt ca. 27 000 digitaliserede navneformer fra Universitetet i Tromsøs stednavnesamlinger samt 186 000 digitaliserede stednavne fra Nordland og Troms fra Bustadnamnregisteret. Dertil ca. 700 000 matrikelnavne fra

¹ Et af de få arbejder der er beskæftiget med dette p.t. er serien *Bustadnavn i Østfold* – et arbejde der på mange måder følger op på *Norske Gaardnavne* med angivelse af udtale, kildeformer med datering og tolkning af navnet, plus en mængde nyttigt ekstrainformation.

1950-Matrikkelutkastet samt en digital kopi af *Norske Gaardnavne* fra Dokumentasjonsprosjektet på ca. 65 000 stednavne med kildeformer.

MØRE OG ROMSDAL	
Ura	5. 110577 Haram
-1	
Ura	
1 Ura	
Gården vart flytta omkr. 1800 til Støene. Men Ura-namnet tok dei med seg til den nye staden.	
Bnr. 1 Maligarden	
" 2 Gjerdet	
A. Muri 1961	

Temaet ble bredt presentert av Gunnstein Akselberg, selv navneforsker, foreleser i faget ved Universitetet i Bergen og navnekonsulent. Han pekte på i alt 10 områder der han mener at stedsnavnene er «i knipe». Oversikten hans gav et godt bilde av den totale situasjonen av onomastikkens vilkår i Norge og de utfordringer arbeidet med lovgivning og normering av stedsnavn reiser. Hans innlegg er holdt i en nøktern, litt knapp tone, men er etter min mening en konsistent beskrivelse av situasjonen, men med en dyp pessimistisk undertone. Akselberg understreket at han ser et par av knippene mer grunnleggende enn de andre, det gjelder etter hans mening den økonomiske knipen og kompetanse- og kunnskapsknipen. Uten penger vil vedlikeholdet av den nåværende kunnskapen sakte men sikkert svinne hen og ny kunnskap og kompetanse på fagfeltet utebli.

Anne Svaneviks innlegg tar for seg Kartverkets oppgaver når det gjelder fastsetting av stedsnavnenes skrivemåte, arbeidet med drift, forvaltning og ajourføring av Sentralt stedsnavregister (SSR) og informasjonsformidling fra SSR. I likhet med andre institusjoner er Kartverket urolig over at de foreslåtte endringene i loven som vil kunne gi kommunene større frihet når det gjelder navnevalg og valg av skrivemåte. Riktig nok er ikke lovens formålsparagraf foreslått endret, og de to nye tilleggene i paragrafen vil ikke endre Kartverkets myndighetsoppdrag. Derimot vil den foreslåtte endringen om at lokale, dvs. kommunale, ønsker skal få en større plass i normeringsarbeidet, kunne undergrave arbeidet. Med denne endringen, som departementet vil flytte fra forskriften og opp i loven, vil man signalisere en skjerping av praksisen og en forventet endring av rettstilstanden.

Den såkalte primærfunksjonsregelen “Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta” har hittil vært bindende for alle vedtaksorgan. Men departementet foreslår at det bare skal gjelde når statlig eller fylkeskommunalt organ gjør vedtak, ikke for kommunale vedtak, og Kartverket ser det som «et stort tilbakeskritt». Innlegget inneholder også nyttige opplysninger om kriteriene for valg av navn som skal være med på kart og Kartverkets arbeid med formidling av navn fra SSR.

Daniel Ims gir i sitt innlegg en gjennomgang av Stedsnavnloven og stiller spørsmålet «Vil lov og forskrift sikre stadnamna?». I likhet med Svanevik mener Språkrådet at lovens formålsparagraf trykker stedsnavnene, men målet med den foreslåtte lovrevisjon er å gi kommunene større frihet i valg av stedsnavn og skrivemåte av stedsnavn. Dette medfører at navnevernet fjernes, men skadevirkningene kan reduseres med skjerpet saksbehandling. De viktigste paragrafene i

loven kommenteres, men med sterk vektlegging av endringsforslagene som ligger i paragraf 3 Navnevern. Dessuten kommenteres og hylles forslagene om organisatoriske endringer av navnetjenesten, forslag som Språkrådet selv har initiert og satt ut i prøvevirksomhet.

Peder Gammeltoft, den faglige leder for Språksamlingene ved Universitetet i Bergen, kalte sitt innlegg for «Den digitale fremtid for norsk navneforskning». På mange måter var hans innlegg det fyldigste og mest omfattende på konferansen, og det er vel også det mest omfattende dokument om de digitale utfordringer og muligheter som navnearbeidet i Norge er stillet overfor. Innlegget er ganske detaljrikt, men med entydig og klar hovedstruktur. Innledningsvis omtaler han den historiske og nåtidige situasjon for språksamlingene i Bergen, deretter trekker han opp linjene for arbeidet fremover og til slutt sier han litt om alle onomasters store drøm, nemlig en nasjonal stedsnavnstruktur. Han medgir at ressursene for tiden er små, med lite penger og få medarbeidere. Men når Finland har fått noe slikt til, hvorfor skal ikke vi (Norge) få til noe tilsvarende, spør han.

Christian-Emil Ore trakk opp noen historiske linjer i innsamlings- og registreringsvirksomheten av norske stedsnavn, naturlig nok med vekt på de siste tiårenes virksomheter og mangel på virksomhet, som bakgrunn for eget engasjement i den aktuelle situasjon.. Han tok fram en skisse av en virtuell database for dokumentasjon av stedsnavn som han utarbeidet og presenterte i 2009, en modell som bygger på den som han selv var hovedarkitekten for til bruk i *Norsk ordbok*. Men viktigst i hans innlegg var omtalen av det registrerings- og innsamlingsprosjektet som Kulturdepartementet satte igang i 2014 og som administreres av Språkrådet. Ores hovedoppgave i dette prosjektet er å utvikle en registreringsapplikasjon basert på navnefaglige prinsipper, og han gjorde greie for for de prinsippene som legges til grunn for den «produksjonsflyt» som er nødvendig i arbeidet. Han diskuterte noen av erfaringene fra arbeidet, som rollefordelingen mellom informant, oppskriver og registrator, og arbeidet med å få til en effektiv korektur. Dessuten tok han opp det han oppfattet som alvorlige mangler ved prosjektet, nemlig at systemet ikke er laget for å vise fram store datamengder, at det ikke fantes gode grensesnitt for å formidle dataene, og at en felles virtuell database manglet.

Litt utenfor selve kjernen for årsmøtets hovedtema redegjorde Terje Larsen for arbeidet med en *Norsk stadnamnbibliografi*. Et slikt arbeid ble utgitt i en foreløpig utgave i 1981, og han diskuterer der ulike innfallsvinkler for inndelingen, en emneinndelt oppstilling eller en inndeling basert på geografisk område. Arbeidet med bibliografien gikk i rykk og napp, men Norsk dialektbibliografi av

Oddvar Nes gav ny inspirasjon til arbeidet, selv om omfanget og inndelingsapparatet ble for omfattende. I 1990 og framover ble det publisert en årsbibliografi i *Nytt om namn*, og i 1998 forlån det en foreløpig nettutgave på nettsidene til Dokumentasjonsprosjektet. I 2007 forelån det en ny ajourført utgave til og med 2002, men den er ennå ikke tilgjengeliggjort. I dag er situasjonen slik at bibliografien er lagt ut på nettstedet *Lokalhistoriewiki*, og det foregår et kontinuerlig oppdatering. En slik bibliografi er viktig for å få vist historien om navnegranskingen i Norge og den faglige bredden i dette arbeidet.

Olav Vekas innlegg om utviklingen av etternavn av gårdsnavn har dels sammenheng med et viktig aspekt av normeringen av norske gårdsnavn, nemlig endringen fra dansk-norske skrivemåter til dialektnære, etymologisk «riktige» slektsnavn, dels med den generelle norske navnehistorien. Innlegget er en fin, liten studie om overgangen til «fornorska former i etternavn av gardsnamn». Han hevder at det er vanskelig å få tak i hva som lå bak denne endringen.. Forfatteren tar oss med ned på et detaljnivå med eksempler fra Mollagrenda i Sauda i Ryfylke, der den dansk-norske tradisjonen i all hovedsak var enerådende, men hvor et og annet eksempel på talemålsnære skrivemåter dukker opp i andre halvdel av 1800-tallet. Foruten autentiske eksempler på personer som er i dokumenter bruker både de eldre danske-norske formene og mer talemålsnære former, gir han også beskriver også den blandete situasjonen som finnes på kart helt fram til andre halvdel av 1900-tallet. Formuleringen til slutt i innlegget er tankevekkende og megetsigende. «Stadnamn og gardsnamn er stundom i knipe, men det gjeld ikkje etternavn av gardsnamn som lever sitt eige liv, uavhengig av politiske vedtak, statlege pålegg og normering».

STADNAMNTENESTA

VEDTAK I KLAGENEMNDA 2018

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde tre møter i 2018: 5. januar, 8. juni og 30. november. Skjemaet nedenfor viser sakene som ble behandlet på disse møtene. Fullstendige vedtaksreferater finnes på Språkrådets nettsider (<https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/Stedsnavntjenesten/Klagenemnda-for-stedsnavnsaker/>).

Sak nr.	Navn,	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i klagenemnda
---------	-------	-----------	---------------	----------------------

	kommune, fylke			
7/2011	<i>Tanberg</i> eller <i>Tandberg</i> , Ringerike, Buskerud	Bruksnavn	<i>Tandberg</i>	<i>Tanberg</i>
7/2015	<i>Høiseth/Høgset</i> , <i>Høisethsetra</i> / <i>Høgsetsetra</i> og <i>Thormodsrød</i> / <i>Tormodsrød</i> , Siljan, Telemark	Gårds-, bruks- og seternavn	<i>Høiseth</i> , <i>Høisethsetra</i> og <i>Thormodsrød</i>	<i>Høgset</i> , <i>Høgsetsetra</i> og <i>Tormodsrød</i>
6/2016	<i>Morka</i> eller <i>Morkjo</i> , Stord, Hordaland	Adressenavn	<i>Morka</i>	<i>Morkjo</i>
7/2016	<i>Einvikveien</i> eller <i>Vikveien</i> , Flatanger, Trøndelag	Adressenavn	Klagen gjelder navnevalg (<i>Vikveien</i>) og parsellering.	Kommunens vedtak om navnet <i>Vikveien</i> på fylkesvei 766 fra Stannesbrua til Vik er ikke et brudd på § 3.
11/2016	<i>Snøfugl</i> og <i>Snøfugllia</i> eller <i>Snefugl</i> og <i>Snefugllien</i> , Skaun, Trøndelag	Gårds- og bruksnavn	<i>Snefugl</i> og <i>Snefugllien</i>	<i>Snøfugl</i>
1/2017	<i>Romold</i> eller <i>Romuld</i> , Molde, Møre og Romsdal	Gårds- og bruksnavn	<i>Romuld</i>	<i>Romold</i>
2/2017	<i>Litle / Lille</i> <i>Fauskanger</i> og <i>Litlestølen</i> / <i>Lillestølen</i> , Askøy, Hordaland	Gårds- og bruksnavn	<i>Lille Fauskanger</i> og <i>Lillestølen</i>	<i>Litle Fauskanger</i> og <i>Litlestølen</i>
3/2017	<i>Skjeggstad</i> eller <i>Skjeggstad</i> , Vestnes, Møre og Romsdal	Gårds- og bruksnavn	<i>Skjeggstad</i>	<i>Skjeggstad</i>
4/2017	<i>Håem</i> eller <i>Håhjem</i> , Skodje, Møre og Romsdal	Gårds- og bruksnavn	<i>Håhjem</i> og <i>Håhjemsvik</i>	<i>Håem</i> og <i>Håemsvik</i>
5/2017	<i>Tyssebru</i> / <i>Tøssebro</i> , <i>Tyssebruvåg</i> / <i>Tøssebrovåg</i> og <i>Tyssebruneset</i> / <i>Tøssebruneset</i> , Skodje, Møre og Romsdal	Gårds-, bruks- og naturnavn	<i>Tøssebro</i> og <i>Tøssebrovåg</i>	<i>Tøssebru</i> , <i>Tøssebruvåg</i> og <i>Tøssebruneset</i>
6/2017	<i>Basgård</i> og <i>Basgårdkverna</i> eller <i>Basskor</i> og	Gårds- og bruksnavn og kulturdetalj	<i>Basgård</i>	<i>Basskår</i> og <i>Basskårkverna</i>

	<i>Basskorkverna,</i> Kvinesdal, Vest- Agder			
7/2017	<i>Husby</i> eller <i>Huseby</i> , Skaun, Trøndelag	Gårdsnavn	<i>Huseby</i>	<i>Husby</i>
8/2017	En rekke navn fra Marker, Østfold	Gårds-, bruks- og naturnavn	<i>Dybvik,</i> <i>Funderud,</i> <i>Heen,</i> <i>Kasbo,</i> <i>Kjønn,</i> <i>Launes,</i> <i>Lømbo,</i> <i>Orderud,</i> <i>Orderudsetra,</i> <i>Opsal,</i> <i>Sandaker</i>	<i>Djupvika,</i> <i>Djupvik,</i> <i>Søndre</i> <i>Djupvik,</i> <i>Nordre Djupvik,</i> <i>Djupvik,</i> <i>Fonnerud,</i> <i>Fonnerud,</i> <i>Fonnerudbekken,</i> <i>Hen,</i> <i>Hen,</i> <i>Hehøgda,</i> <i>Hevika,</i> <i>Kasbu,</i> <i>Vestre Kasbu,</i> <i>Kasbuhagen/Hagen,</i> <i>Kasbuhagen/Hagen,</i> <i>Østre</i> <i>Kasbu,</i> <i>Kasbu,</i> <i>Kasbuholtet,</i> <i>Kasbuhagen/Hagen,</i> <i>Søndre</i> <i>Kasbu,</i> <i>Kjøna,</i> <i>Launes,</i> <i>Lømbu,</i> <i>Søndre Lømbu,</i> <i>Nordre Lømbu,</i> <i>Lømbusetret,</i> <i>Lømbu,</i> <i>Lømbustykket,</i> <i>Lømbuhagen,</i> <i>Lømbusetret,</i> <i>Olerud,</i> <i>Olerudsetra,</i> <i>Vestre</i> <i>Olerud,</i> <i>Østre Olerud,</i> <i>Nordre</i> <i>Olerud,</i> <i>Olerudhytta,</i> <i>Oppsal,</i> <i>Nordre Oppsal,</i> <i>Søndre</i> <i>Oppsal,</i> <i>Østre Oppsal skog,</i> <i>Oppsalstykket,</i> <i>Søndre</i> <i>Oppsalenga,</i> <i>Oppsalsetervangen,</i> <i>Oppsaltjernet,</i> <i>Nedre</i> <i>Oppsaldammen,</i> <i>Øvre</i> <i>Oppsaldammen,</i> <i>Oppsalbrua,</i> <i>Sandåker</i> og <i>Sandåker.</i>
9/2017	<i>Tjørnåsen</i> eller <i>Tjødnåsen</i> , Stord, Hordaland	Adressenavn	<i>Tjørnåsen</i>	<i>Tjødnåsen</i>
10/2017	<i>Sørneset/</i> <i>Sørnesset,</i> <i>Mellomneset/</i> <i>Mellomnesset</i> og <i>Lauvøyneset/</i> <i>Lauvøynesset,</i> Flatanger, Trøndelag	Naturnavn	<i>Sørneset,</i> <i>Mellomnesset</i> og <i>Lauvøynesset</i>	<i>Sørnesset,</i> <i>Mellomnesset</i> og <i>Lauvøynesset</i>
11/2017	<i>Fiske</i> eller <i>Fiskja</i> , Surnadal, Møre og Romsdal	Gårds- og bruksnavn	<i>Fiske</i>	<i>Fiskja</i>
12/2017	Navneleddet <i>straum</i> eller <i>strøm</i> , Frøya,	Naturnavn	<i>strøm</i>	<i>straum</i> i følgende navn: <i>Straumen</i> (to steder), <i>Straumskaget,</i>

	Trøndelag			<i>Andøystraumen, Bekkastraumen, Dragsnesstraumen, Kustraumen, Kvernøystraumen, Langstraumen, Litlstraumen, Staulstraumen og Trøstraumen.</i>
13/2017	<i>Grøbbaveien</i> eller <i>Grubbveien</i> , Meråker, Trøndelag	Adressenavn	Navnet skal skrives med u, jf. vedtak om <i>Grubba</i> for bruksnavnet.	<i>Grubbveien</i>
14/2017	<i>Jønnland</i> eller <i>Jønland</i> , Melhus, Trøndelag	Gårds- og bruksnavn	<i>Jønland</i>	<i>Jønland</i>
15/2017	<i>Pina</i> eller <i>Pinå</i> , Ørskog, Møre og Romsdal	Naturnavn	<i>Pinå</i>	<i>Pinå</i>
1/2018	<i>Vennafjellet</i> eller <i>Strandbyggfjellet</i> , Selbu og Malvik, Trøndelag	Naturnavn	<i>Strandbyggfjellet</i> eller <i>Strandfjellet</i>	Nemnda gjør ikke vedtak, siden saken ikke gjelder skrivemåte og heller ikke omfattes av § 3 i stedsnavnloven.
2/2018	<i>Stakkikvegen/ Stakkvikvegen</i> og <i>Lillevikvegen/ Litlvikvegen</i> , Eide, Møre og Romsdal	Adressenavn	Adressenavnene må skrives i samsvar med vedtak om <i>Stakkvika</i> og <i>Litlvikbukta</i> .	<i>Stakkvikvegen</i> og <i>Litlvikvegen</i>
3/2018	Avslag om gjenåpning av <i>Gjellstein</i> eller <i>Gjelstein</i> , Vestnes, Møre og Romsdal	Gårdsnavn	Saken gjenåpnes	Saken gjenåpnes
4/2018	<i>Gren</i> eller <i>Green</i> , Sigdal, Buskerud	Gårds- og bruksnavn	<i>Green</i>	<i>Gren</i>
5/2018	<i>Ronga</i> eller <i>Rongja</i> , Giske, Møre og Romsdal	Naturnavn	<i>Rongja</i>	<i>Rongja</i>
6/2018	<i>Dråga</i> eller <i>Drågen</i> , Fræna, Møre og Romsdal	Gårds- og bruksnavn	<i>Drågen</i>	<i>Dråga</i>
7/2018	Avslag om gjenopptaking av <i>Herdlavegen/ Herdlevegen</i> , Askøy, Hordaland	Adressenavn	Saken gjenopptas	Saken gjenopptas

8/2018	Avslått klage, <i>Skor/Skår,</i> Osterøy, Hordaland	Gårdsnavn	Klager mener han har klagerett	Saken avvises
9/2018	<i>Heldal/Helldal,</i> <i>Sannes/Sandnes,</i> <i>Bustrak/Bostrak</i> og <i>Voje/Våje,</i> Drangedal, Telemark	Gårds- og bruksnavn samt avledninger av disse	<i>Heldal, Sannes,</i> <i>Bustrak og Voje</i>	<i>Helldal, Sandnes, Bostrak</i> og <i>Våje</i>
10/2018	<i>Årbakkaheio/</i> <i>Årbakkaheia,</i> <i>Skåte/Skotet,</i> <i>Eiabrekko/</i> <i>Eidabrekka</i> og <i>Skåravågen/</i> <i>Skoravågen,</i> Tysnes, Hordaland	Adressenavn	Skrivemåten må følge normerings- reglene og primærnavn i SSR.	<i>Årbakkaheio, Skotet</i> og <i>Eidabrekko.</i> Det må reises formell navnesak for <i>Skåravågen/Skoravågen.</i>
11/2018	<i>Oppofte/Oppofte</i> og <i>Oppofsvann/</i> <i>Oppofsvann,</i> Kvinesdal, Vest- Agder	Gårds-, bruks- og naturnavn	<i>Oppofte</i>	<i>Oppofte</i> og <i>Oppofsvann</i>
12/2018	<i>Holmåk</i> eller <i>Holmvåg,</i> Steigen, Nordland	Gårdsnavn og avlede naturnavn	<i>Holmvåg</i>	<i>Holmåk</i>

Line Lysaker Heinesen
line.lysaker.heinesen@sprakradet.no

SAMRÅDINGSMØTET 2018 STADNAMNTENESTA, SPRÅKRÅDET OG KARTVERKET

Samrådsmøtet 2018 for Språkrådet/Stadnamntenesta og Kartverket var halde 24.–25. oktober på Hotell Scandic Bergen City og på Universitetet i Bergen.

Møtet vart arrangert i samarbeid med universitetsbiblioteket i Bergen, og Peder Gammeltoft og Rune Kyrkjebø i leiinga for Språksamlingane la praktisk til rette for avviklinga av møtet.

Første delen av fellesmøtet

25. oktober 2018, Administrasjonskantina i Christies gate 18.

Gunnstein Akselberg var møteleiar og Kjell Erik Steinbru referent.

Biblioteksdirektør Maria-Carme Torras ønskte møtelyden velkommen. Ho framheva verdien som ligg i det å ha fellesarrangement som dette møtet når ein arbeider med å få til ei god forvaltning av dei immaterielle ressursane som blant anna finst i Språksamlingane.

Nye skrivereglar for stadnamn

Daniel Ims gav ei orientering om dei nye skriveregelane som Kulturdepartementet godkjende i midten av oktober i 2018 (med tittelen *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*). Han poengterte blant anna at dette med konsekvens og einskap vil vera ei rettesnor òg no når det er gjeve opning for bruk av fleire ulike ordformer og bøyingsformer.

Etter innlegget vart det spurt om dei formene som no er tillatne, kan eller bør brukast utan vidare. Det vart understreka at ein bør ha ei praktisering som er konsekvent innanfor det aktuelle området, til dømes innanfor grensa til ein kommune (så sant det då ikkje går ei målføregrense tvers gjennom kommunen). Det vil vera skjemmaende og uheldig viss til dømes skrivemåten *Myrå* blir nytta éin stad i kommunen, medan det andre stader i kommunen er brukt *-myra* eller *-marka* eller andre former med *a*-ending. Overfor dei ulike kommunane bør me ikkje vera redde for å peika på inkonsekvensar og på sprik som finst mellom adressenamnformer som er tekne i bruk tidlegare.

Sjølv om skrivemåten *-atn* (t. d. i forma *Bakkatn*) er brukt frå før (nokre stader i Valdres) og sjølv om denne skrivemåten kan seiast å komma på linje med skrivemåten *-adn*, som no kan nyttast «når særlege grunnar talar for det», er forma *-atn* ikkje nemnd i dei nye reglane. Bør ein i eventuelle namnesaker likevel kunna gi støtte til denne forma? Og vidare: Vil det etter det harmonera med dei nye reglane å tilrå skrivemåten *-sjy* jamsides *-sjø*? Her vart det peika på dette som står i punktet 3.9 om «lokale dialektformer som ikkje er nemnde» i reglane og til det som står om regionale former.

Vidare vart det spurt om tidlegare klagenemndvedtak kan stengja for å gjennomføra samlevedtak med føremålet å få ein konsekvent bruk av ei særskild ordform eller bøyingsform. Her vart det minna om dette at det alltid vil vera mogleg å be om at ei sak blir teken opp att, då med vanleg høyring og det som elles trengst for å gjera eit fullverdig vedtak.

Etter § 3 i den forskrifta som tok til å gjelda 23. mai 2017, er regionale samleformer jamstelte med vanlege rettskrivingsformer (; «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best ..»). Med tilvising til denne «hovudregelen» vart det peika på

dette at det ofte vil vera vanskeleg å vita kor grensa går mellom regionale former og lokale dialektformer.

Lokale dialektformer skal no kunna veljast «når særlege grunnar talar for det». I ordskiftet vart det sagt blant anna at praksis som etablerer seg i sakene som no blir tekne opp, vil etter kvart gi meir avklaring i spørsmålet om kva som skal kunna reknast som særlege grunnar. Det vart elles peika på dette som står om å bruka skjøn, eit skjøn som «likevel (..) må vere relativt strengt» (sitat frå skrivet med nye utfyllande reglar).

Endringar i lov om stadnamn

Karsten Lien og Anne Svanevik orienterte om det framlegget til endringar i stadnamnlova som var ute til høyring. Det vart kommentert etterpå at omsynet til det samiske manglar fleire stader i høyringsdokumentet. Innhaldet i dokumentet står på fleire vis i motsetnad til det som står i NOU-en «Hjertespråket» (NOU 2016:18 – «Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk»). I ein kommentar til dette vart det sagt at det samiske miljøet har vore lite aktivt i førearbeidet.

Elles kom det fram at kommunane bør oppmodast til å laga meir fylldige saksutgreiingar som blant anna inneheld opplysningar om lokale namneskikkar. I regelverket bør det stå noko om kommersielle namn og om oppkalling etter personar som har levd. Det vart her replisert at dette med økonomiske omsyn skal gå ut som «særleg grunn» i fastsetjinga av stadnamnformer. Vidare vart det hevda at det må vera mogleg for kommunane å komma med innspel som ikkje knyter seg direkte til det som er lagt fram i høyringsdokumentet.

Samlingane ved Bergen museum og Universitetsbiblioteket

Neste punkt var ei innføring i samlingane ved Bergen museum, og det var det lagt til rette for i eit møtelokale på humaniorabiblioteket. På vegen hadde deltakarane ein liten stopp i nærleiken av «Christiestøtten» på Muséplassen. Der gav Gunnstein Akselberg ei kort innføring om Wilhelm Frimann Koren Christie og Bergen museum, om det som skjedde då UiB vart danna, og om kva museumsbygget rommar i dag.

I biblioteklokalet gav Rune Kyrkjebø først eit fyldig innblikk i det som finst i samlingane. Han fortalde òg om det som skjedde då Universitetsbiblioteket vart starta, og om korleis samlingane er bygde opp. Etterpå gav Peder Gammeltoft ei orientering om eit forarbeid til eit prosjekt som blant anna går ut på å finna

nasjonale løysingar for vising av stadnamn. Presentasjonen hans hadde fokus på heimfesting av gards- og bruksnamn som finst i ulike matriklar og i andre kjelder. Dagen vart avslutta med ein god fellesmiddag på hotellet.

Kjell Erik Steinbru

kjell.erik.steinbru@sprakradet.no

Referat fra andre del av fellesmøtet, 25. oktober 2018, også i Administrasjonskantina i Christies gate 18.

Karsten Lien var møteleder og Anne Svanevik referent.

Sentralt stedsnavnregister (SSR). Kobling med matrikkelen:

Kjetil Ringen orienterte om dette arbeidet. Det er sterkt forsinket, men gjennomføres i 2019. For adressenavn, som skal ligge i begge registre, vil det bli en fullstendig massivkobling. Kommunen er adressemyndighet og fører adressenavna i matrikkelen. Derfra flyter de til SSR. For bruksnavn gjøres koblingen for hvert eneste bruk. Det er ca. 2 millioner bruksnavn i matrikkelen, men ca. halvparten av disse er i realiteten ikke bruksnavn. Vi kan ikke koble ved massivoverføring fordi det ligger så mye «rart» i bruksnavnfeltet i matrikkelen. Derfor vil det ta tid før koblingen er gjort. Gards- og bruksnummer har av og til konflikt mellom matrikkelen og SSR. Dette vil det også ryddes i. I dag rettes bruksnavn i matrikkelen av kommunene. Etter koblingen vil dette feltet bli låst i matrikkelen og skal redigeres fra SSR av Kart. De andre navnegruppene (kretsnavn og ev. andre inndelingsnavn) blir tatt seinere.

Føring/brukere i SSR:

Kartverket er pålagt å føre registeret. Alle som vil, kan få innsynsbruker i SSR. Mye av informasjonen som ligger i SSR, får man fram i faktaarket i norgeskart.no. Løsningen er under utbedring og vil etter hvert vise mer informasjon.

Kvalitetsarbeid:

Erlend Trones supplerte med at adressenavna er synlige i samfunnet i det daglige (bl.a. på skilt). Stort sett har de en akseptabel skrivemåte. I bruksnavna er det mye mer rart. De ble hentet fra gammel grunnbok til GAB (Grunneiendoms-, adresse og bygningsregisteret) ved opprettelsen av GAB i 1980. Mange steder var det praksis at kommunene skrev både gardsnavnet og bruksnavnet. De siste månedene har Kartverket sendt ut lister til de fleste kommunene i region øst og vest for å få dem til å rette opp. Kommunene retter opp bruk for bruk – et viktig

arbeid før sammenkoblingen – men retter ikke nødvendigvis alt det «rare» som ligger i bruksnavnfeltet.

I Stavanger og Bergen mangler stort sett bruksnavn helt i matrikkelen. Både Bergen og Stavanger har slått seg sammen med tidligere landkommuner, og mange eiendommer i disse landkommunene har bruksnavn. Disse legges nå inn i matrikkelen. Kartverket bistår kommunene.

Karsten Lien informerte om pågående retting av «klaser» av navn som oppsto ved feilregistrering i gamle SSR. Det vil si at to eller flere registreringer i SSR ligger tett oppå hverandre. Dette er blitt særlig synlig når data hentes fra SSR over i de detaljerte kartdataene. Så langt er 7.500 feil er rettet.

Ekstra post på programmet:

Videre planer for stedsnavnarbeidet og stedsnavnsamlingene på Universitetet i Bergen (UiB)

Peder Gammeltoft orienterte om Språksamlingene. I overføringsbrevet fra KUD sto det at det skulle fokuseres på ordbøker og stedsnavn. UiB ser nå på hvordan en kan modernisere arbeidet med stedsnavn. Et spørsmål er hvordan materialet skal komme ut til brukerne. Den store flaskehalsen er IT. Planen er at bustadnavnregisteret, matrikelutkastet 1950 (der mye mangler) og en del andre kilder skal foreligge som søkbare registre i løpet av 2019. Universitetsbiblioteket samarbeider med Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier om å få i gang undervisningstilbud, f.eks. også på Høgskolen på Vestlandet. Gunnstein Akselberg opplyste at det står heller dårlig til med undervisningstilbudet i navnegransking på UiB. To personer prøver å holde faget oppe (Ivar Utne og Gunnstein). Fagfeltet har stor interesse blant studentene og ute blant folket, men ikke i de akademiske kretser som bevilger penger.

Språkrådets stedsnavntjeneste

Daniel Ims orienterte om endringene i stedsnavntjenesten. Språkrådet har fått et oppdragsbrev fra Kulturdepartementet, der de ble bedt om å sette i gang en prøveordning fra 1. juli 2018. Hovedpunktene er at det skal oppnevnes minimum 4 navnekonsulenter for norske stedsnavn, at navnekonsulentene samordnes i et fagråd, og at ordningen evalueres innen utgangen av 2018.

Språkrådet ønsker å ha en viss geografisk fordeling blant konsulentene, selv om den ikke er formalisert lenger. Nåværende konsulenter for norskspråklige navn er Botolv Helleland, Ivar Berg, Gunnstein Akselberg og Roger Lockertsen. Også konsulenten for kvensk, Irene Andreassen, er med i fagrådet. Konsulent-

ordningen er nå hjemlet i loven. Det første møtet i fagrådet ble holdt i forbindelse med dette samrådsmøtet.

Språkrådet tenker at så sant dette fungerer, vil de fortsette med denne ordningen. Tanken er at fagrådet skal diskutere og ta stilling til prinsipielle normerings spørsmål. Dette er ikke tenkt som noe sparetiltak, men å bruke ressursene på en annen måte. Rådgiverne (tidligere sekretærene) vil få flere og større selvstendige oppgaver. Det er ønske om hele stillinger til rådgiverne.

I oppdragsbrevet skrev KUD at kommunikasjon med publikum og vedtaksorgan må styrkes. I lovendringsforslaget foreslås at stedsnavntjenesten gis lov hjemmel til å uttale seg om bruk av stedsnavn – etter at vedtak er fattet.

Stedsnavn som kulturminner

Botolv Helleland siterte fra tidligere kulturminister Torhild Widveys utsagn i Stortinget i debatten om lovendringen i 2015 og nevnte formuleringer som at stedsnavn er kikkhull inn i historien, at hvert navn er en liten fortelling, at de er en del av vår eldste språklige arv, at de er overlevert fra generasjon til generasjon, og at de er best bevart i talemålet på stedet. Her er ikke «kulturminne» nevnt, men indirekte gir statsråden uttrykk for at stedsnavn må tas vare på. Likevel var ikke dette statsrådets budskap. Hun brukte det derimot som argumentasjon for lovendringen i 2015. «Ja takk, begge deler».

Nedarvet, lokal uttale er det som nærmest representerer kulturminnefunksjonen til et stedsnavn. Men det lydlige uttrykket må konkretiseres i en funksjonell form. Og vi skal ikke glemme at stedsnavnet i seg sjøl, samme hva slags form det har, også er et kulturminne (jf. argumentet brukt i forbindelse med lovendringen i 2015). ‘Kulturminner’ er tradisjonelt brukt om faste kulturminner, men det må også gjelde språklige uttrykk. Helleland viste her til Språkrådets definisjon (2009). «Men kulturminne treng ikkje vere noko konkret, det kan òg vere noko ein hugsar om tinga ein har rundt seg. Det kallar vi gjerne immaterielle kulturminne. Stadnamna våre er immaterielle kulturminne.» Videre dro han fram UNESCO-konvensjonen fra 2003 om vern av immateriell kulturarv, ratifisert av Norge i 2006. Artikkel 2 i konvensjonen definerer immateriell kulturarv som «muntlige tradisjoner og uttrykk, herunder språk som et uttrykksmiddel for immateriell kulturarv».

Helleland tok også opp begrepet ‘kulturminne’ i regelverket, som at «stadnamna skal takast vare på som kulturminne» (NOU Stadnamn 1983: 6). Dette prinsippet fikk støtte i lovproposisjonen, men man mente at det ikke var behov for å ta begrepet ‘kulturminne’ inn i loven. Derimot kom det inn i formåls-

paragrafen med lovendringen i 2005. Samtidig var lovgivers intensjon å hindre at for eksempel et kommersielt eller historisk interessant stedsnavn som ikke har tilknytning til et bestemt sted eller et bestemt navneobjekt, fortrenger det navnet som opprinnelig er brukt om det samme navneobjektet. Høringsnotatet i forbindelse med pågående lovendring presiserer at vernet det her er tale om, er et vern til støtte for traderingen av selve navnet. Formålsparagrafen i loven fremmer en aktiv bruk av stedsnavna som er i tråd med den tradisjonelle navnebruken på stedet.

Etter Hellelands mening er navnevernet fra 2005-loven svekket i 2015-loven. I 2005 stod det «kan ikkje bytast ut» (dvs. uten vilkår), i 2015 «kan berre bytast ut» (dvs. på visse vilkår). I tillegg anser fagmiljøet lovendringen som gav grunneieren rett til å fastsette skrivemåten av navn på eget bruk, som uheldig med tanke på kulturminneverdien og navnevernet. Dette synspunktet deles ikke av lovgiveren.

Arbeidet i UNGEGN v/Ingvil Nordland og Peder Gammeltoft

Peder Gammeltoft startet med en orientering om UNGEGNs struktur. Norge har vært med i dette arbeidet i mange år. ‘Geographical names’ = ‘place names’ = stedsnavn. UNGEGN er en del av ECOSOC (United Nations Economic and Social Council).

UNGEGN går ikke inn i hvordan de enkelte land organiserer arbeidet med stedsnavn, men anbefaler at landa har en «geographical names authority». En viktig oppgave for UNGEGN er å minske bruken av eksonymer (navn som avviker fra et lands egne navneformer). UNGEGN er inndelt i 24 divisjoner basert på språklige og/eller geografiske kriterier, samt 9 arbeidsgrupper innen ulike emner.

Ingvil Nordland orienterte om arbeidet i Norden Division. I 2016 etterlyste Kartverket fast deltakelse i UNGEGN fra Norges side. Norge skulle tatt over ledelsen av divisjonen etter Danmark i 2012, men det skjedde ikke før i 2017, da Ingvil tok formelt over. Norden Division hadde møte i Brussel 10.–13. oktober 2018 (se eget oppslag her i *Nytt om namn*). Deltakelsen fra norsk side var svært god (9 deltakere), med deltakere både fra norsk, kvensk og samisk språk. Totalt var det 60 deltakere fra 28 nasjoner. Det ble holdt parallelle symposier og møter i flere av arbeidsgruppene. Mye kunnskap ble formidlet om hvordan de forskjellige landene har organisert navnearbeidet.

Neste møte i Norden Division blir på nyåret 2019 for å forberede neste UNGEGN-sesjon i New York i april–mai 2019. Nasjonsrapport og divisjons-

rapport skal utarbeides. Den norske 'Toponymic guidelines' må revideres. Kartverket har hovedansvaret.

Peder Gammeltoft opplyste at UNGEGN-sesjonen i april–mai 2019 delvis overlapper med møte i UNGGIM (United Nations Group of Legal and Policy Frameworks for Geospatial Information Management). UNGEGN og UNGGIM er på vei inn i et svært tett samarbeid.

Samarbeidet med andre offentlig organ, flytdiagram i arbeidsprosessen

Anne Svanevik orienterte om samarbeidet mellom Kartverket og Kystverket, Statskog, Miljødirektoratet og Vegvesenet hva gjelder valg av navn (navnsetting) og vedtak om skrivemåte på statlige anlegg o.l., jf. lov om stadnamn § 5 tredje ledd. Samarbeidsrutinen med Kystverket er i prinsippet ferdigstilt. For Statskog gjelder samarbeidet navn på hytter, buer og statsallmenninger. Her er vi i gang. Avtalen med Miljødirektoratet (navn på verneområder) ble ferdigstilt i september i år. For Vegvesenet gjenstår en del.

Oppsummering og tanker fra en «nykommer»

Hege Sælid, ny seksjonsleder i Kartverket, syntes det hadde vært en spennende fagsamling, med mange interessante emner. Hennes ønske for neste års samling var mer om flerspråklig navnebruk, og videre drøfting av problemstillinger i det daglige arbeidet.

Avslutning, neste års møte

Karsten Lien takket Kjell Erik Steinbru og Peder Gammeltoft for den praktiske organiseringen av møtet. Neste år inviterer Kartverket til møte på Hønefoss 30.–31. oktober 2019.

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

NYTT FAGRÅD FOR STADNAMN

Den 24. oktober 2018 vart fagrådet for stadnamn konstituert som eit nytt fagråd under Språkrådet. Planen om å opprette eit fagråd for stadnamn er nemnd i *Nytt om namn* 65/66 på s. 28. Oppnemninga var ferdig i tide til samrådsmøtet i

Bergen 24–25 oktober 2018. Konstitueringa fann stad i samband med dette møtet, og da vart òg det første fagrådsmøtet arrangert.

Fagrådet for stadnamn vart ved opprettinga sett saman av fire konsulentar for norske stadnamn og ein konsulent for kvenske stadnamn. Sjølve oppnemningsprosessen var litt omstendele, da det stadnamnfaglege miljøet er lite, med lita tilstrøyming dei siste tiåra. Stadnamnkonsulentane har gjerne anten anna arbeid ved sida av konsulentrolla, eller dei er pensjonistar. Men omsider var alle fem på plass, og Botolv Helleland takka ja til å vere leiar av fagrådet.



Medlemene i fagrådet er no (frå venstre) *Botolv Helleland*, pensjonert førsteamanuensis i namnegransking ved Universitetet i Oslo (namnekonsulent og leiar); *Ellen Hellebostad Toft*, seniorrådgjevar i Språkrådet (sekretær); *Roger Lockertsen*, pensjonert førsteamanuensis ved Universitetet i Stavanger (namnekonsulent); *Irene Andreassen*, pensjonert konsulentsekretær i Språkrådet (namnekonsulent for kvenske stadnamn); *Gunnstein Akselberg*, professor ved Universitetet i Bergen (namnekonsulent); *Ivar Berg*, professor ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (namnekonsulent). Her samla ved fagrådsmøtet 17.9.2019 i Språkrådet.

Fagrådet for stadnamn ligg under seksjonen for språkrøkt og språkrådgjeving i Språkrådet. Der er det allereie knytt eit anna fagråd, fagrådet for normering. Det er tenkt at stadnamnfagrådet skal ha ein funksjon som liknar på den som fagrådet for normering har.

Fagrådet skal arbeide for at stadnamn vert tatt vare på som kulturminne i samsvar med lov om stadnamn. Fagrådet ser til at lov og forskrifter vert følgde når nye stad- og adressenamn kjem til, og når skrivemåtar av eksisterande stadnamn skal fastsetjast.

Fagrådet skal føre tilsyn med at det er sams praksis i namnetilrådingane og elles i handsaminga av stadnamnsaker, slik at føringane i lov, forskrift og nærmare skrivereglar vert følgde opp på ein einskapleg og føreseieleg måte. Fagrådet skal gjere framlegg om kva som skal reknast som regionale former, og om andre endringar i regelverket. Vidare skal det følgje opp andre stadnamnsaker som Språkrådet arbeider med, og kan også gi råd om prioriteringar i tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn.

Fagrådet skal ha kontakt med namnefaglege miljø om stadnamnforsking, undervisning og infrastruktur. Andre oppgåver stadnamnfagrådet kan ha, er å halde oversyn over regionale samleformer til bruk for å fastsetje skrivemåten av stadnamn, utarbeide og oppdatere retningsliner for sams praksis overfor Kartverket når det skal reisast namnesak, og i tillegg utarbeide og oppdatere retningsliner for når ei namnesak kan reknast for å vere tilstrekkeleg opplyst til at vedtaksmyndet kan fatte vedtak.

Det fjerde møtet i fagrådet for stadnamn vart gjennomført i Tromsø 20. mai i år. Det er også planlagt å halde tre møte i løpet av hausten 2019.

Ellen Hellebostad Toft
ellen.hellebostad.toft@sprakradet.no

LOV OG FORSKRIFT OM STADNAMN

ENDRINGAR I LOV OM STADNAMN

Stortinget vedtok 11. juni i år endringar i stadnamnlova. Målet med endringane er å stilla kommunane friare i avgjerder om stadnamn, både val av namn og vedtak om skrivemåten av dei. I tillegg er endringane meint å styrka vernet og bruken av

samiske stadnamn. Den nye lovteksten er dessutan endra redaksjonelt. Nokre av føresegnene er såleis delte i fleire paragrafar, medan noko av innhaldet i éin paragraf er flytt til ein annan, slik at reguleringa av same situasjon i større grad er samla på éin stad i lova. Lova har no seksten paragrafar mot tidlegare fjorten.

Lova byggjer framleis på synet om at nedervde stadnamn er viktige kulturminne som det offentlege pliktar å ta vare på. I føremålsparagrafen er det teke inn at lova også skal sikra norske stadnamn på lik linje med samiske og kvenske namn. Ved fastsetjing av skrivemåten skal ein som tidlegare ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk, men unntaksregelen om å kunna ta i bruk eldre kjende og innarbeidde skriftformer som fråvik rettskrivingsprinsippa, er flytt frå forskrifta til lova. Denne endringa gjekk fleire fagmiljø og interesseorganisasjonar mot, m.a. Namnelaget og Språkrådet.

I § 7 Avgjerder er det presisert at kommunen *vel namn på* og fastset skrivemåten av namn på tettstader, grender, kommunale anlegg osv., og at fylkeskommunen *vel namn på* og fastset skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg.

Paragrafen om klage (§ 12) er utvida og presisert. Feilbruk og manglande bruk av vedtekne stadnamn kan påklagast til det organet som er nærast overordna det organet klagen gjeld. Dersom klagen gjeld regionkontora i Statens vegvesen, er t.d. Vegdirektoratet klageinstans. Gjeld klagen kommunale eller fylkeskommunale organ, er fylkesmannen klageinstans.

Lovendringa inneber også ei ny organisering av stadnamntenesta. Denne tenesta var tidlegare organisert under Kulturdepartementet. Språkrådet har hatt ansvaret for å drifta den norske og kvenske tenesta administrativt og økonomisk og for å nemna oppstadnamnkonsulentar og tilsetja sekretærar, medan Sametinget har hatt dei same oppgåvene for den samiske tenesta. No slår § 13 i lova fast at ”Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn.” Ei anna endring er at det no er lovfest at stadnamntenesta ikkje berre skal gje tilråding om skrivemåten av stadnamn, men også gje rettleiing om namneskikk, namnsetjing og bruk av stadnamn.

Lovframlegget som var sendt ut på høyring, hadde to alternativ, der alternativ 2 gjekk ut på at regelen i § 4 om lik skrivemåte av same namnet brukt på ulike namneobjekt, ikkje skulle gjelda kommunale vedtak, berre vedtak gjorde av Kartverket og fylkeskommunane. Dette alternativet gjekk Namnelaget og andre interesseorganisasjonar mot, og framlegget vart lagt bort. Saman med forskrifta og dei utfyllande reglane for skrivemåten av stadnamn, som opnar for å vedta

fleire dialektformer, gjev det nye regelverket likevel kommunane meir å seia i stadnamnsaker.

Den nye lova kan ein t.d. finna på nettsida til Språkrådet.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NYE REGLAR OM SKRIVEMÅTEN AV NORSKE STADNAMN

Som omtala i førre nummer av Nytt om namn, arbeidde Språkrådet med nye reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Reglane vart godkjende av Kulturdepartementet 18. oktober 2018. Til skilnad frå dei tidlegare reglane er dei no tekne ut av forskrifta, men er ei eiga rettleiing for namnekonsulentar, vedtaksorgan og andre involverte og interesserte i namn og namnesaker.

Rettleiinga er bygd opp slik: Ho startar med å forklara nokre grunnleggjande omgrep, t.d. rettskriving og rettskrivingsprinsipp, rettskrivingsform, regional samleform og lokal dialektform, særlege grunnar. Deretter fylgjer punkta kjønn, tal og form, ordformer, bøyingsverk, dativ og samansette namn. Samanlikna med framlegget som var ute på høyring, er det få endringar, men vi merkar oss at punktet om å opna for ø for gammalnorsk stutt o og ø ikkje er med. I staden er det kome inn eit punkt som seier at når særlege grunnar talar for det, kan lokale dialektformer som ikkje er nemnde, nyttast. Reglane kan ein t.d. finna på nettsida til Språkrådet.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

KORLEIS VERT STADNAMN FASTSETTE?

Dei fleste kjenner til at Kartverket fastset skrivemåten av dei fleste stadnamna, men at kommunane vel adressenamn og fastset skrivemåten. Både må fylgja stadnamnlova. Før det vert gjort vedtak, skal stadnamntenesta koma med tilråding.

Dei to illustrasjonane nedanfor viser gangen i namnesaker der kommunen er vedtaksorgan og der Kartverket er vedtaksorgan og (attgjevne med løyve frå Kartverket). Elles har Kartverket mykje stoff om stadnamn på nettsida, sjå

<https://www.kartverket.no/Kart/Stedsnavn/>

Her finn ein artikkel om mellom anna

- Sentralt stadnamnregister (SSR)
- Saksgang i namnesaker
- Kva for rolle Kartverket har i namnesaker
- Kontaktpersonar i stadnamnarbeidet
- Stadnamn og rettskriving, med oversikt over kommunar i samisk forvaltingsområde og kommunar og fylke med to- og trespråklege namn
- Korleis ein går fram for å melde inn feil og manglar i karta, eller viss ein meiner eit stadnamn er feilskrive eller feilplassert
- Tyding av stadnamn

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

Namnesaksbehandling

Saksgang i sak om adressenamn



Namnesaksbehandling

Saksgang i sak der Kartverket er vedtaksorgan



**Viss vedtaksorganet ikkje gjer om vedtaket, går saka til klagenemnda for stadnamn.*

STATUS FOR VEGADRESSER

Kommunene i landet fortsetter den fine fremdriften i arbeidet med å tildele vegadresser til boliger, fritidsboliger og bygninger som brukes til næringsvirksomhet og offentlig eller publikumsrettet virksomhet.

En oversikt 18. juli i år viser følgende:

- 88 kommuner har 100 % dekning, og 106 kommuner har 99–99,99 % dekning. Det vil si at i praksis har 194 kommuner full dekning landets 422 kommuner nærmer seg full dekning (mellom 90 og 98,9 %)
- 141 av landets 422 kommuner nærmer seg full dekning (mellom 90 og 98,9 %)
- For hele landet: 95,41 % vegadresser
- 2 kommuner er helt uten vegadresse.

Kartverket følger nøye med på utviklingen i adressearbeidet. Nettsidene våre <https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/Status-vegadresser/> blir oppdatert med nye statusoversikter hvert tertial (tre ganger i året).

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

INTERNASJONALT NYTT

NORNA

På Internett finst det stadig meir informasjon om forskingssamarbeid, konferansar og utgjevingar innan namnegransking. Den nordiske samarbeidsorganisasjonen NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking) har ei godt strukturert heimeside med opplysningar om medlemskap, arrangement, publikasjonar og anna. Her kan ein lesa at det i april i år vart halde ein konferanse i Guovdageaidnu/Kautokeino med (den norskspråklege) tittelen *Namn på minoritetspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger i en flerkulturell verden*. Neste år er danskane vertskap for eit NORNA-symposium med tittelen *Navne i migration*. Det skal haldast 13.–15. mai 2020. Det vert dessutan symposium nr. 50 i rekkja av NORNA-symposium og markerer såleis ein milestolpe i det nordiske samarbeidet. For dei som vil planleggja lenger fram, nemner me at den 18. nordiske namnegranskarkongressen skal haldast i Karis, Finland 8.–11. juni 2021.

Den norske representanten u NORNA-styret er Gunnstein Akselberg. Heimesida til NORNA er <https://www.norna.org/>

Det kostar ikkje noko å vera medlem i NORNA. Alle som arbeider fagleg innan namnegransking er velkomne til å koma med i NORNA-registeret.

ICOS

Den internasjonale namnegranskarorganisasjonen ICOS (International Council of Onomastic Sciences) arrangerer dei treårige internasjonale namneforskar-kongressane, og då i samarbeid med eit universitet med namnefagleg/ språkleg miljø. Den neste ICOS-kongressen skal haldast i Krakow 23.–28. august 2020. Den førre kongressen vart skipa til i Debrecen, Ungarn 2017.

Rapporten frå Debrecen-kongressen er publisert i tidsskriftet *Onomastica Uralica* 1–14 og tilgjengeleg på Internett, sjå:

<http://mnytud.arts.unideb.hu/onomural/kotetek/ou11a.html>

ICOS gjev òg ut tidsskriftet *ONOMA*. Nummer 48 (2013) som kom for eit år sidan, har *Names and Religion* som hovudtema. Nummer 49 (2014) er òg utkomen med *Medieval Multiculturalism, the Evidence from Names* som hovudtema. Utgjevingstakten har i mange år vore slik at årgangen ber eit årstal to-tre år før det verkeleg kjem ut. Det sist utgjevne nummeret er såleis berre kome til årgang 2014.

Heimesida til ICOS finn ein på <https://icosweb.net/>

UNGEGN

UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names/ FNs ekspertgruppe for geografiske namn) heldt våren 2019 sin fyrste sesjon i ei ny ordning etter skipinga av United Nations Group of Legal and Policy Frameworks for Geospatial Information Management (UN-GGIM = FNs ekspertorgan for handtering av globalt romleg informasjonssystem). I referatet frå samrådsmøtet 2018 har Peder Gammeltoft sagt litt meir om UNGEGN.

Dei norske deltakarane på denne sesjonen var Ingvil Nordland, Peder Gammeltoft og Kjetil Ringen. Dei hadde førebudd den norske delen i fellesrapporten til Norden Division, sjå

https://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN/docs/1st-session/GEGN.2_2019_77-1902162E.pdf

og den norske rapporten https://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN/docs/1st-session/GEGN.2_2019_77-1902162E.pdf

Ingvil hadde òg eit innlegg der ho gjorde greie for doktorgradsprosjektet sitt, sjå

https://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN/docs/1st-session/GEGN.2_2019_78-1902360E.pdf

Heimesida til UNGEGN er <https://unstats.un.org/unsd/ungegn/>

Norden Division heldt ikkje møte under UNGEGN-sessionen. Divisjonen har no norsk leiing med Ingvil Nordland som leiar og Peder Gammeltoft som nestleiar.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

UNGEKN-KONFERANSEN I BRUSSEL 2018

I dagene 10.–13. oktober 2018 arrangerte Den nordiske divisjonen og Den tysk- og nederlandsktalende divisjonen av FNs ekspertgruppe for geografiske navn (UNGEKN) et symposium om stedsnavn og stedsnavnnormering. Symposiet ble holdt i Institut géographique national i Brussel. Den engelskspråklige arbeidstitelen var “Role and importance of expert role and importance of expert knowledge in the standardization of geographical names”. Det dreide seg altså om navnekonsulentenes rolle og hvilke kvalifikasjoner de bør ha for å utføre sine oppgaver. Spørsmålet om videreføring av stedsnavn ekspertise ble også tatt opp. Spesielt innen minoritetsspråk var det viktig å rekruttere navneekspertise. Andre viktige emner var “crowdsourcing” (innspill fra folk flest) i normeringsarbeidet, kvalitet på innsamlingsarbeidet. Den økende bruken av private og kommersielle stedsnavn og andre navn var også emne for innlegg. Videre ble det diskutert hvordan motstridende synspunkt og interesser i dagens normeringsarbeid virker inn, og hvordan de kan balanseres mot hverandre. Et annet tema var elektroniske løsninger i stedsnavnformidling, bl.a. for presentasjon av uttale.

Rundt 60 deltakere fra 27 ulike land var påmeldt. Norge var representert med hele ni deltakere, mens de andre nordiske landa stilte opp med ni til sammen. Ingvil Nordland og Peder Gammeltoft (leder og sekretær i Den nordiske divisjonen) var med i organisasjonskomiteen og ledet flere sesjoner. Blant de norske deltakerne ellers med innlegg var Katriina Pedersen med tittelen “The role of place names in revitalizing Kven language in Norway”; Kaisa Rautio Helander: “Place name policy, official use of Sámi toponymy and standardization”.

En av dagene var satt av til ekskursionser, bl.a. til Waterloo. Her fikk deltakerne en detaljert innføring i hvordan Napoleon Bonapartes styrker kjempet – og tapte – i ett av de viktigste slagene i Europa. Datoen var 18. juni 1815.

En utførlig oversikt over symposiet er tilgjengelig på <https://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungekn/Brussels.html>

Ingvil Nordland
ingvil.nordland@nmbu.no

MINNEORD

GUNHILD BIRKELAND (1930–2019)

Gunhild Birkeland døydde 9. februar 2019, 88 år gamal. Ho var fødd på garden Lurås i Tinn i Telemark, og fekk etter kvart ti småsysken, åtte systrer og to brør. Ho var altså den eldste i ein syskenflokk på elleve. Gunhild var heile livet sterkt knytt til heimbygda. Tinnsmålet tok ho med seg til Oslo der ho kom til å bu det meste av livet. Ho kom tidleg inn i krinsen rundt forfattar Ingeborg Refling Hagen på Tangen i Stange og fann der eit levande fellesskap som ho tok med seg livet ut.

**Student og arbeid på namnearkivet**

I 1954 vart Gunhild student ved Universitetet i Oslo. Hovudoppgåva hennar frå 1964 var om «Stadnamn frå Austbygdi i Tinn», og dette kom til å styre mykje av det komande arbeidslivet hennar. I 1983 vart Gunhild tilsett som vikar i kontorassistent-stilling ved Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo. Alt året etter fekk ho fast stilling med tittel *administrasjonssekretær*, og etter kvart

med tittel som *fyrsteseekretær* og *fyrstekonsulent*. Ho gjekk av for aldersgrensa 30. november 2000.

Ein del hendingar i livet mitt vil eg kalle for lykketreff , og eit lykketreff var det at eg fekk Gunhild som kollega. Første møte var i 1982, på ein Nasjonal konferanse i namnegransking på Blindern. Eg visste ikkje då at Gunhild skulle bli ein god arbeidskamerat og ven i 17 år.

Gunhild var for oss på namnearkivet det trygge og stabile. Ho hadde god kontroll på det meste ved samlingane. Var det noko me ikkje fann fram til der, var det berre å spørja henne. Me var ikkje så mange på arkivet og følte oss meir som ein familie. Gunhild var sjølve limet i denne familien, har ein kollega så treffande sagt. Alle me som har vore del av «namnefamilien», har mykje å takke Gunhild for.

Artikkel-forfattar

Gunhild hadde altså ansvar for det administrative ved arkivet, men ho gjorde så mykje meir. Dei fleste Årsmeldingar for Institutt for namnegransking som kom ut i hennar tid, inneheld artiklar av Gunhild. Eg skal nemne tre av dei:

«*Oversyn over inndelingsnamn med utgangspunkt i Norske Gaardnavne*» 1986.

I standardverket *Norske Gaardnavne*, som kom ut i perioden 1897-1924, er det mange herad og sokn som har ukjende namn for oss i dag. I Gunhild sitt oversyn kan me lett finne ut kva for "nye" namn dei gamle og dels ukjende inndelingsnamna er erstatta med. Så dette oversynet har vore til stor nytte for norske og nordiske onomastar.

«*Stølsnamn på -rjo/-ro i Tinn*» 1996.

Utgangspunktet er 35 stølsnamn med hovudledd på *-rjo(e)* og *-ro(e)*. Gunhild viser til ulike og inkonsekvente skrivemåtar av desse namneledda, som f. eks. *-roi*, *-rjo* og *-roe*. Etter ei grundig presentering av alle 35 stølsnamna, kan Gunhild konkludere med at to appellativ ligg til grunn: *rjod* n 'slette, slåttevoll, stølsvoll' og *ro* f 'ro, krok', i stadnamn brukt om avsides lægje. Dei fleste stølsnamna er laga av ordet *rjod*, men i somme høve er det uråd å avgjere, avsluttar Gunhild.

«*Nokre normeringsproblem i Tinn*» 1998.

Utgangspunktet her er tre fjell-namn: *Skardshovde*, *Meoddalen* og *Meoddnibba*. Etter grundige undersøkingar i skriftlege kjelder og lokal uttale, fann Gunhild ut

at *-hovde* og *-odd-* i disse namna opphavleg er ordet *holl* f 'høgtliggjande fjellområde'. Overgangen *ll>dd* er godt kjent og dokumentert i Vest-Telemark og fleire stader, så formene *-hovde* og *odd-* er resultat av ei mistyding. Rett skrivemåte for desse namna bør vera *Skardhodd*, *Mehoddalen* og *Mehoddnibba*, konkluderer Gunhild.

To stadnamnprosjekt

To viktige namneprosjekt er knytte til Gunhild: Tinn-prosjektet og HOP-prosjektet.

Tinn-prosjektet er ei vidareføring av hovudoppgåva hennar om stadnamn frå Tinn. Målet var å plassere Tinn-namna på ØK-kart, og gi dei ei mest muleg rett tolking og skriftform. Gunhild var grundig i alt ho gjorde og etterlèt seg eit svært verdifullt namnetilfang frå Tinn. Materialet er på fleire tusen stadnamn og ei uvurderleg kjelde til kunnskap om natur og arbeidsliv i Tinn gjennom tidene.

HOP-prosjektet er eit dataført register over namn og ord frå norske hovudoppgåver i namnegransking. Her la Gunhild grunnlaget for databasen som i dag inneheld rundt 245.000 oppslag. Når no samlingane og etter kvart heile fagmiljøet er overførte til Universitetet i Bergen, vil den neste generasjonen av fagfolk ha nytte av å kjenne til innsatsen til Gunhild.

Godord

Det er lett å finne godord til denne trufaste og omsorgsfulle medarbeidaren vår. Eg vil avslutte med å seie om Gunhild, på mitt eige hallingmål, at det var hælJale gilt å vera i lag med henne, ho var så goaint og svållug, ja, Gunhild var rett og slett støværdig og tærig. Og så var ho så flink til å lalle (tralle, nynne).

Margit Harsson
margit.harsson@iln.uio.no

THORSTEN ANDERSSON (1929–2018)

Den 22 april 2018 avled professor emeritus Thorsten Andersson. Han var frå 1971 till 1994 professor i nordiska språk, særskilt ortnamnsforskning, vid Uppsala universitet. Med honom har en av de största inom onomastiken gått ur tiden.

Thorsten Andersson föddes 1929 i Stora Åby i Östergötland och växte upp i grannsocknen Ödeshög. Hans begåvning märktes tidigt, men det var av ekonom-

iska skäl föga troligt att han skulle kunna få någon utbildning utöver folkskolan. Emellertid fick hans årsklass möjlighet till realskolestudier per korrespondens i hemorten. Därmed öppnades hans väg till vidare studier, i Linköping och sedermera vid Uppsala universitet. Hans intresse för nordiska språk väcktes där av Lennart Moberg, som med tiden blev hans handledare.



I slutet av 1950-talet var Thorsten svensk lektor i Münster. Vistelsen i Tyskland blev i hög grad bestämmande för hans utveckling både som privatperson och vetenskapsman. Han mötte där sin blivande hustru Margarete, och han knöt värdefulla vetenskapliga kontakter. Tyskan blev jämte svenskan hans vetenskapliga språk. 1965 disputerade han och 1971 utnämndes han till professor i nordiska språk, särskilt ortnamnsforskning. Han emeriterades 1994.

Thorstens östgötska hembygd blev en utgångspunkt för hans forskning. Doktorsavhandlingen, *Svenska häradsnamn* (1965), behandlar det sydsvenska område som av gammalt har varit indelat i härad, men den har sitt fokus riktat mot Östergötland. I den rika och djupborrande avhandlingen kan man skönja upphovet till många av Thorstens senare intressen och forskningsinriktningar.

Thorsten Andersson var verksam på snart sagt alla områden inom namnforskningen, men vissa huvudteman kan urskiljas. I doktorsavhandlingen kan han med namnens hjälp belysa häradenas uppkomst; t.ex. att till grund för vissa härad låg äldre gemenskaper, självvuxna bygder, vilkas namn hade övergått på häradena. Andra häradsnamn var nybildade, och dessa visade sig ofta vara givna efter en tingsplats; i några fall kunde de innehålla en inbyggarbeteckning bildad till tingsplatsen eller till ett större område. Thorsten intresserade sig även

för de danska häradsnamnen. På liknande sätt undersökte han hundaresnamnen i det svealändska område, där den danska, sydsvenska och västsvenska distrikts termen *härad* motsvarades av *hundare*, äldre *hund*.

Även sockenindelningen och sockennamnen var föremål för Thorstens djupa intresse. Studiet av härads- och sockennamn medförde naturligen ett studium av nordiska distriktsbeteckningar. Thorsten sammanfattar årtiondens studier i uppsatsen *Nordiska distriktsbeteckningar i gammal tid* (2014), där han presenterar och diskuterar beteckningarna efter deras ursprung i ting, krigsväsen, rättsväsen, skatteväsen, religion samt förvaltning.

Thorsten hade ett djupt intresse för relationen namn – samhälle: Namnet uppstod i ett samhälle och präglades av dettas värderingar m.m., och därför avspeglade namnet det samhälle där det uppstått och kunde användas för att belysa detta. Thorsten fascinerades inte minst av de ortnamns-element som särskilt tydligt kunde kasta ljus över ett förgånget samhälle. I uppsatsen *Tuna-problem* (1968) belyser han bl.a. hur redan namnen visar vissa *tuna*-orters forna centralortskaraktär, medan andra *-tuna*-namn visar på kult.

Under avhandlingsarbetet kom Thorsten att stöta på ålderdomliga suffixbildningar. Via namnet *Göstrings* (äldre *Gilstrings*) *härad* kom han in på suffixet *-str*, som han sedan behandlade bl.a. i festskriften till Lennart Moberg (1974), och ännu i boken *Gamla strand- och önamn i Bråviksbygden* (2012) fördjupar han sina resonemang. Thorsten intresserade sig inte minst för den geografiska utbredningen av bildningar med ett visst suffix och vad denna kunde säga om forntida språkutbredning och språkgemenskaper.

Sedan Thorsten tillträtt ortnamnsprofessuren tog han ansvar för alla sorters namn, och personnamnsforskningen fick ett stort uppsving. Men inte minst ägnade han sig åt nordiskt namnsamarbete. Hans första och största storsatsning var NORNA, berättar han i en tillbakablickande uppsats, *NORNA i backspegeln* (2015). NORNA, Nordiska samarbetskommittén för namnforskning, var Lars Hellbergs idé, men att idén förverkligades och att resultatet blev bestående berodde i hög grad på Thorsten. Han var ordförande för NORNA från dess grundande 1971 fram till 1980. I företalet till *Namn i Norden och det forna Europa* (1989), en av de två festskrifter, som han hedrades med till sin 60-årsdag, säger redaktörerna Vibeke Dalberg och Bent Jørgensen, att Thorsten Anderssons betydelse för NORNA varit unik. Han gav enligt dem det nordiska samarbetet organisatorisk form och ämnesinnehåll. Och NORNA låg Thorsten särskilt varmt om hjärtat. Han fann en särskild gemenskap och vänskap där.

Själv såg Thorsten som en huvuduppgift att till en större publik föra ut vad nordiska namn och nordisk namnforskning hade att säga: »Om jag försöker hitta någon huvudlinje i mitt yrkesliv, så är det nog just önskan att visa vad vi kan bidra med från nordiskt håll [...]. Det är viktigt att vi gör vår röst hörd i världen.» Detta yttrar han i NORNA i backspegeln (se ovan). Thorsten gjorde en kämpainsats för denna sin huvuduppgift. I den viktiga uppsatsen Norden och det forna Europa (1972) och många följande arbeten diskuterar han kritiskt den från den tyske forskaren Krahe stammande idén om en forneuropeisk hydronymi, ett gammalt skikt av vattendragsnamn, som skulle vara äldre än de enskilda språkgrupperna. Bland annat frågan om dateringen av de till hydronymin inräknade namnen finner Thorsten vara försummad, liksom den sakliga aspekten. I tungt vägande arbeten, huvudsakligen på tyska språket, förde han ut nordisk namnforskning till en vidare publik, och genom talrika recensioner, främst i NoB och SAS, gjorde han den viktiga kontinentala namnforskningen känd i Norden.

För svensk namnforskning blev Thorsten Anderssons tid en blomstringstid, och hans betydelse för namnforskningen i Norden kan svårligen överskattas.

Eva Nyman
eva.nyman@nordiska.uu.se

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

HUSTADVIKA

Namnet *Hustadvika* var mykje i nyheitene då cruiseskipet Viking Sky var nær på å forlise der i uvêr 23. mars. Hustadvika er ei oppimot to landmil lang kyststrekning som slett ikkje er noka vik, men heller står litt ut. Korleis kan det ha seg at ordet *vik* dekker eit slikt område i dette namnet?

For sjøfarande er det to ting som er spesielle med Hustadvika. For det fyrste er det ei av strekningane på Norskekysten der skipstrafikken ikkje kan gå innanfor eit vernande band av øyar og holmar, men må ut i havet for å koma framom. Derfor er det kanskje rettare å kalle Hustadvika ei havstrekning. Alle strekningar av denne typen er kjende som spesielt farlege; mest kjende er kanskje Stadhavet,

Hustadvika, Folla (i Namdalen), Sletta (ved Haugesund) og havet utanfor Lista og Lindesnes. For det andre er det ekstra uroleg sjø i fleire område der. Utanfor Bud blir det ekstra krapp sjø når det er pålandsvind og fallande sjø, slik at vind og bølger går imot straumen som kjem ut Julsundet når floa i Romsdals-fjordane skal til havs.



Viking Sky nær på å forlise på Hustadvika 23. mars. Foto: KSU.NO

I le av den vide Bu(d)agrunnen utanfor Bud og Griptarane utanfor Kristiansund, blir det uroleg sjø når den delen av bølgjene som passerer midt over grunnane blir seinka, medan «fløyene» av bølgjene ikkje blir det, slik at «fløyene» møter seg sjølve i kryss («refraksjonssenter». *Den norske los Stad - Rørvik* 2018: 34). Dessutan er det ureint på denne strekinga, med mange skjer utanfor landet, og lenger ute mange grunnar som sjøen blir krapp over eller bryt over. Ureint farvatn utanfor øyane er normalt på Norskekysten, men skipsfarten merker det best der det ikkje er rein lei innanfor – altså på strekingar som Hustadvika.

Midt på Hustadvika er det ei vik som heiter *Hustadbukta* (utanfor mellomalderkongsgarden Hustad). Fleire har vore inne på at det opphavleg var denne vika som heitte *Hustadvika*, før bruken vart utvida til eit større område, slik at sjølve vika måtte få eit anna namn (Opstad: 10-11, Sandøy 2011: 72). Så seint som i 1704 blir *Hustadvig* brukt om Hustadbukta på eit kart av Melkior Ramus

frå Gossa i Romsdalen.⁴ Det kan neppe vera tvil om at det er dette som har skjedd. Men korleis kunne namnet på den vika få ein slik utvida bruk?

Granskar ein sjøkartet over Hustadvika (norgeskart.no -> Bakgrunnskart -> Sjøkart), så ser ein at det *går* leier innanfor skjær og holmar på mesteparten av strekninga vi kallar *Hustadvika*. Unntaket er dei fem kilometrane forbi dei to vikene Hustadbukta og Breivika, som ligg like på nordsida av Hustadbukta. Berre der er det heilt fritt for skjergard, slik at også småbåtar må over eit ope havstykke. Av desse vikene er Hustadbukta den klårt største, og er dermed kjernen i den farlege havstrekninga. Så lenge skipa var så små at dei kunne gå i innanskjerslei nord og sør for Hustadbukta, var det berre Hustadbukta med Breivika som var den farlege havstrekninga. Men dei leiene er både tronge og grunne, og til dels krokete. Då ein fekk skip som var for store til å gå der (ein gong i vikingtida?), måtte dei ut i havet på heile strekninga. Då kunne namnet på den korte farlege havstrekninga lett følgje med over på den utvida farlege havstrekninga. Etter kvart som det vart vanlegare med store skip, må større og større andel av dei som brukte namnet, ha brukt det om den utvida farlege havstrekninga, til dess det var det som var den normale referansen for namnet. Då måtte den opphavlege vika få eit anna namn.

Skipsutviklinga har gjort at ein i dag gjer andre vurderingar av kva som er farleg enn ein gjorde den tida trafikken langs mesteparten av Hustadvika gjekk i dei tronge innanskjersleiene. Den gongen alle farkostar var små, og dessutan opne, var den grove sjøen på havet ein så stor fare at folk strekte seg langt for å unngå opne havstykke. Det vitnar mange av stadnamna på *drag* om, t.d. *Drage* på Stadlandet, der folk drog båtar fire kilometer over det meir enn 200 m høge eidet for å unngå Stadhavet. På Hustadvika har vi like nord for Bud gards- og øynamnet *Dråga* (som burde vore skrive *Droga*), som viser at folk gjerne drog båtane sine gjennom det halvtørre sundet innanfor berre for å halde seg litt lenger inne mellom holmane. Moderne kjempeskip risikerer ikkje å bli fylte av brottsjøar på havet. Derfor gjekk Viking Sky ut i storm den dagen, utan at kaptein eller los tenkte det kunne vera farleg. Det som nær på førde til katastrofe, var at skipet mista motorkrafta (på grunn av rullinga) og derfor rak mot land. Som vi veit, fekk skipet ankerfeste i siste lita, og unngjekk derfor at tungsjøen mol skroget sund mot eit skjær. Ein interessant detalj er at skipet rak inn akkurat på Hustadbukta, der det altså er eit opperom i skjergarden. Hadde det reke inn nokre hundre meter lenger sørvest, ville det fått kontakt med skjera mykje tidlegare

⁴ Takk til Helge Sandøy for opplysning om dette. Kartet ligg på https://kartverket.no/Kart/Historiske-kart/Historiske-kart-galleri/historiske-kart---detaljer/?kartid=amt2_romsdals-amt_2_1704.

(men då kanskje òg fått ankerfeste tidlegare). Å reka på land og bli knust var sjølvsagt ein fare i gammal tid òg, men den gongen alle farkostar var små og opne, var det både viktigare å unngå havet og lettare å unngå det, fordi skipa lettare kunne gå i tronge leier. Særleg før seglet (som kom på 6-700-talet) kunne ein lettare det, sidan krokete leier med årer kan forserast uavhengig av vindretning.

Kristian Opstad (1967: 10–11) har føreslått at (kyststrekninga) Hustadvika var det som opphavleg heitte *Møre* – gammalnorsk **Mórr*, dativ *á Móri*. Ordet *mórr* f. blir allment tolka som «'landet ved havet' eller 'blautlandet (myrlandet)'», fordi det i norrøn skaldediktning blir brukt som heite for 'land' og etymologisk er i slekt med gammalnorsk *marr* m. 'hav' (som i *marbakke*, *martaum*, osb. Stemshaug 1997, Finnur Jónsson 1913-16: 418).⁵ *Nordmøre* er då landet nord for det opphavlege **Mórr*, og *Sunnmøre* landet på sørsida, seier Opstad (slik *Vestfold* og *Østfold* er landskapa på vestsida og austsida av den gamle *Fold[in]*, kan eg leggja til). Dette er ingen urimeleg tanke – bortsett frå at Opstad vanskeleg kan ha rett i at **Mórr* opphavleg var eit havnamn, og då nytta om havstrekninga Hustadvika. Han ser ut til å meine at *mórr* tydde det same som *marr*, men det er det ikkje grunnlag for. Det er nærare i slekt med gammalengelsk *mōr* «a moor, waste and damp land» / «high waste ground, a mountain» (Bosworth og Toller 1898: 697), som er same ord som moderne engelsk *moor*, og med austlandsdialekt *mor* «liten skog; smal tange el[er] snipp av skog» og svensk dialekt *mor* «tät och buskig skog, med låg skog beväxt, ofruktbar mark» (de Vries 1962: 400, *Norsk Ordbok* 1966-2016, Rietz 1862-67: 444). Likevel ville det høve godt om **Mórr* opphavleg var namn på det låge landet langs Hustadvika, fordi det ville forklare det «underleg[e] at dei to møra ikkje ligg saman», slik Sandøy peikar på (2011: 72). Noko meir enn gjetting kan dette likevel ikkje bli.

Takk til Helge Sandøy for kommentarar til utkast.

Nemnd litteratur:

Bosworth, Joseph og T. Northcote Toller, 1898: *An Anglo-Saxon dictionary*. Oxford: Oxford University Press.

Den norske los 4. Farvannsbeskrivelse Stad - Rørvik. Pdf-utgave 7.8, 2018. Stavanger: Kartverket Sjødivisjonen.

⁵ Finnur Jónsson (1913-16: 418) seier skaldemålsordet *mórr* er «land, især fladt, fugtigt land». Men så vidt eg kan sjå av døma, er det heite for 'land' generelt. Eg går ut frå at det med «fladt, fugtigt» bygger på etymologien.

- Finnur Jónsson, 1913-16: *Lexicon poeticum*. København: S. L. Møllers Bogtrykkeri.
- Norsk Ordbok*, 1966-2016. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Opstad, Kristian, 1967: *Gamle Møre i rit og minne*. Trondheim: Rune.
- Rietz, Johan Ernst, 1862-67: *Svenskt dialektlexikon*. Lund: Gleerup.
- Sandøy, Helge, 2011: *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms - og vel så det*. Oslo: Novus forlag.
- Stemshaug, Ola, 1997: "Møre." I Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*. Oslo: Det Norske Samlaget. S. 321.
- Vries, Jan de, 1962: *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. Leiden: E.J. Brill.

Eldar Heide
eldar.heide@hvl.no

FEMTI ÅR MED NORSKE OLJE- OG GASSFELT

Produksjon av olje og naturgass har vore ei viktig næring her i landet i snart eit halvt hundreår. Det viste seg at kontinentalsokkelen utanfor den lange Norskekysten gøymde på store verdiar, og vi begynte å snakke om havområda på andre måtar enn før. Det vart behov for å setje namn og ikkje berre nummer på dei blokkene der det vart sett i gang leiting etter olje og gass, særleg når det vart funne hydrokarbon i område som kunne bli drivverdige felt. Det var slett ikkje opplagt kva slags namn som skulle brukast på felta. No vel femti år etter dei første petroleumsfunna på norsk sokkel har over hundre felt vore i produksjon, fleire er planlagde, og sokkelen har fått ein ny og nokså samansett namneflora som er inspirert frå mange kantar.

Stadnamn langs kysten og til havs fanst frå før òg – fiskebankar, øyar, holmar, skjær, grunner og fiskemed har namn. Slike tradisjonelle namn kunne det vere naturleg å nytte som namn på felta i den nye næringa, men det har ikkje skjedd. Ein grunn kan vere at det ikkje er nokon samanheng mellom eventuelle oljefunn og fiskebankar osv. I britisk sektor og andre delar av verda der det var oljeutvinning til havs, brukte dei m.a. namn på sjøfuglar og fiskar, på edelsteinar eller på geologar som feltnamn.

Ekofiskfeltet langt sør i Nordsjøen, nær dansk sektor, vart det første norske oljefeltet som vart sett i produksjon, etter at det amerikanske selskapet Phillips

fann olje der i 1969. Planen var å bruke fiskenamn på bokstavane A, B, C osv. på felta. Feltet «Cod» (torsk) var alt oppdaga, og det kom forslag om fantasinamnet «Ekofisk», sidan dei ikkje fann nokon fisk på E. Ideen til Ekofisk-namnet *kan* ha komme fordi det i leitinga er brukt seismikk, ein metode som kan minne om å bruke ekkolodd for å måle havdjup. «Eko-» med ein k er ein skrivefeil, anten ein skriv norsk eller engelsk. «Balder», «Tor», «Frigg» og «Albuskjell» var andre feltnamn som kom i bruk i Nordsjøen alt tidleg i 1970-åra. Albuskjell hørte til oljeselskapet Shell, men det kom ikkje fleire namn på «-skjell».

Nesten heilt frå starten av oljealderen var det klart at styresmaktene ville ha nasjonal kontroll med oljeverksemda, og nokså tidleg var det i stor grad konsensus om at namngjevinga på norsk kontinentalsokkel skulle spegle norsk språk og kultur.

I 1978 fastsette Olje- og energidepartementet retningslinjer for korleis ein skulle gå fram for å setje namn på oljefelt i Nordsjøen. Ein viktig regel var at namna ikkje skulle kunne forvekslast med andre oljefelt eller med stadnamn elles. Når ein operatør søkte departementet om å få godkjent eit namn, skulle Oljedirektoratet og Norsk språkråd rådspørjast. I 1984 vart ordninga endra slik at Oljedirektoratet fekk ansvaret for å godkjenne namn på petroleumsførekomstar på kontinentalsokkelen. Norsk språkråd utarbeidde ei liste med førehandsgodkjende namn som selskapa kunne bruke. Denne namnelista var sett opp etter framlegg frå oljeselskapa og Språkrådet, og inneheldt namn henta frå norrøn mytologi, frå eventyrverda og frå andre motivkrinsar som sjøfuglar og andre dyr.

Namn frå norrøn mytologi er den største enkeltgruppa blant feltnamna på den norske kontinentalsokkelen. Mange av oljeselskapa bruker slike namn. Kjennskapen til den gamle gudelæra vart nokså utbreidd på 1800- og 1900-talet, ikkje minst gjennom omsetjingar av diktverket Den yngre Edda, som er knytt til Snorre Sturlason. Odin var den gjævaste av gudane (av æsene), og eit felt vart oppkalla etter han (produksjonen der er no avslutta). Kona Frigg gav namn til eit anna felt. Namn på dyr og gjenstandar som knyter seg til Odin, har òg vorte til feltnamn: hesten Sleipner, sverdet Gungne og ringen Draupne. Fleire av sønene til Odin har òg gjeve namn til felt: Balder, Brage, Heimdal, Hod, Tor, Vale ofl. Dei mytologiske stadene Midgard, Åsgard og Utgard var òg høvelege feltnamn. Valhall er festhallen til Odin, og Gimle er heimen til æsene etter ragnarok. Fleire namn av ulike typar kan nemnast: norna Urd – både Urd og Norne er feltnamn, Embla, som var den første kvinna, Volund, ein smed, Njord, havguden, Trym, ein jotun. Gullfakse var ein hest som hørte til ein jotun. Sigyn var kona til jotnen

Loke. Alle desse myteomspunne vesena har fått nytt liv i Nordsjøen, Norskehavet eller Barentshavet.

Eventyrfigurar er òg ein større kategori blant feltnamna. Trollfeltet er eit av dei største felta som er i produksjon. Populære figurar frå norske folkeeventyr som Smørbukk og Tyrihans vart valde tidleg i oljehistoria. Statoil kom tidleg i gang med det litt spesielle namnet Statfjord, men det vart ikkje fleire namn på Stat-, dei gjekk over til eventyrnamn i staden. Askeladd og Snøhvit vart namna på store gassfelt i Barentshavet. «Snøhvit» kom i bruk sjølv om denne figuren ikkje høyrer til i eit norsk eventyr (men er tysk), og selskapet såg det ikkje som uheldig å bruke den norske bokstaven ø. Andre eventyrnamn på sokkelen er Draugen, Huldra, Kvitebjørn og Valemon.



Ormen Lange blir bygd ca. år 1000. «Kongurin letur snekkju smíða har á sløttum sandi.» Færøysk frimerke frå 2006 teikna av Vígdís Sigmundsdóttir. Wikimedia Commons.

Historiske namn frå vikingtid og sagalitteratur har òg vore ei inspirasjonskjelde for namn på sokkelen. Dei bevarte vikingskipa frå Oseberg og Tune har begge gjeve opphav til feltnamn, Oseberg på eit større felt. Visund og Ormen Lange er skip som er omtalte i kongesogene. Norsk Hydro satsa på skipsnamn, som høvde godt med logoen til selskapet. Snorre er eit stort felt, og det vart godteke som feltnamn sjølv om Snorre Sturlason var islandsk, ikkje norsk. Dette feltet var eit av dei Saga Petroleum var operatør for. Feltnamnet Edda skriv seg frå norrøn

dikting. Nokre meir enkeltståande namn har vi for eksempel i Alke og Albatross, to sjøfuglar som har gjeve namn til felt i Barentshavet.

Olje- og energidepartementet innførte ein ny namnepolitikk for petroleumsfelt i 2011. Departementet ville i staden for dei namnekategoriene som har vore i bruk, heidre personar, stader eller hendingar som knyter seg til nasjonsbygging og det nye folkestyret etter 1814. Det har ført til at nokre kjende nordmenn frå 1800- og 1900-talet har gjeve namn til nye felt, som Johan Sverdrup-feltet. Då denne nye namnepolitikken var på trappene, kommenterte Språkrådet ein eventuell bruk av slike oppkallingsnamn (memorialnamn). Språkrådet meinte at namn på historiske personar frå nyare tid kan vere vanskelege å velje ut – kven er verdig til å få eit felt oppkalla etter seg? I namngjeving ventar ein vanlegvis at det er ei viss tilknytning mellom namneobjektet og han eller ho som blir oppkalla. I uheldige tilfelle, som ved ulykker, kan eit slikt namneval få som negativ konsekvens at ulykka heftar ved den oppkalla personen. Eit talande eksempel er ulykka med Alexander L. Kielland-plattformen på Ekofiskfeltet i 1980, der 123 menneske omkom. Kanskje er det fleire som assosierer Kielland-namnet sterkare med ulykka til havs enn med hans virke som forfattar (og amtmann). Språkrådet peikte på at namn henta frå sagalitteraturen og norrøn mytologi er meir nøytrale namneval, og at det finst mykje materiale å velje i. Etter 2011 har i tillegg til Johan Sverdrup desse personane vorte heidra med å få felt oppkalla etter seg: Ivar Aasen, Aasta Hansteen, Edvard Grieg, Gina Krog, Johan Castberg og Martin Linge.

Utanfor Møre og Romsdal er det som kjent mindre av petroleumsfelt enn det er både lenger sør og lenger nord. Feltnamn i området har eit visst maritimt preg: Ormen Lange, Draugen, Njord (havguden). Linnorm var eit gassfunn på Haltenbanken, men det er ikkje utbygd. Linnormen (lindormen) er eit fabeldyr, ein uhorveleg stor orm, som ein drake, men med berre to føter. Det finst ei segn om «lindormen oppi Varfjellvatnet» (frå Tresfjord).

Marit Hovdenak
marit.hovednak@sprakradet.no

PERSONNAVN SOM KULTURFORMIDLERE

Etter at jeg i sin tid valgte navnegransking som språkemne til nordisk hovedfag ved Universitetet i Oslo på begynnelsen av 1980-tallet, har jeg gjort det til en hobby å spørre alle nye mennesker jeg treffer, om hva navnet deres betyr. Det

gjelder uansett hvor de kommer fra i verden. Denne hobbyen gir meg mye glede og utvider min horisont, i tillegg til at det blir lettere for meg å huske personen i ettertid. Å vise interesse for andre menneskers navn er i seg selv kontaktskapende. Folk blir glade for å bli «sett» på denne måten.

Ofte er jeg så heldig å få et gløtt inn i en ukjent kultur eller får lære noe om et, for meg, ukjent fenomen i norsk kultur. Navn forteller noe om hvordan man tenker om så mangt og gir meg muligheten for å se på naboer eller mennesker man møter fra andre kulturer, med større respekt enn før. De blir på sin side glade for at noen viser interesse for deres kultur.

Hovedtypene av norske etternavn er jo gårdsnavn eller *sen*-navn. Sistnevnte navnetype er også vanlig i andre kulturer, som *Koigi wa Wamwere*, der det er *wa* som betyr «sønn av», og *David ben Gurion*, der *ben* betyr «sønn av».

Navngiving er knyttet til sterke følelser. Når et barn er født, kan det rent sagt komme til en strid. Det kan komme sterke følelser til overflaten hvis nære slektninger ikke blir oppkalt, eller «feil» slektning blir oppkalt. Det ble for eksempel rabalder i besteforeldregenerasjonen på farssiden i min egen familie, da mine foreldre i sin tid hadde tenkt å døpe meg for «Tale». Det ble det ikke noe av.

Den muslimske delen av befolkningen i Norge øker, og det er spennende å vite litt om deres navneskikker. Profeten og hans familie er som vi har sett godt representert. Forskjellige varianter av *Muhammed* (den verdige), samt søsteren *Fatima* (barnepike), konene *Khadija* (for tidlig født barn) og *Aisha* (den livlige), fetteren *Ali* (leder) og barnebarnet *Hussein* (den kjekke). Denne navneskikken minner om de katolske helgennavnene som er mye brukt i norsk navnetradisjon, med kortformer som *Jan*, *Marit*, osv.

I flere kulturer vil navnet være et ønske for fremtiden som foreldrene sender med sitt nyfødte barn, og som også innebærer en forpliktelse for barnet til å bestrebe seg på å leve opp til den personlige egenskapen som man har fått navn etter. At man skal være snill og god, eventuelt vakker, velsignet osv. Dette er blant annet vanlig i persiske fornavn. Pikenavnet *Mosina* på farsi betyr «snill», mens *Hasina* betyr «vakker».

Meksikanske immigranter som har kommet seg velberget over grensen til USA, kan gi sitt barn navnet «Freedom» til fornavn, som et uttrykk for håp for fremtiden.

I Norge har det ofte forekommet at et barn har fått et ekstra navn etter en berømt og fremgangsrik person man beundret, i håp om at stråleglansen fra denne personen skulle smitte over på barnet. I min familie er navnene *Astrup* og *Beer*

kommet inn på denne måten, uten at jeg har kunnet finne noen slektskap til disse familiene.

Det å sammenligne navn med forskjellig uttrykk, men med samme grunnbetydning, er også givende. Det viser at man ofte tenker i samme baner i forskjellige kulturer. Fornavn som betyr «lys», er et eksempel på det. På norsk har vi *Berte* og *Bjarte*, på russisk *Svetljana* og på arabisk *Noor*.

Svenske soldattilnavn som er blitt brukt siden 1600-tallet, og fortsatt er i bruk som etternavn, representerer en annen spennende historie. Mange soldater fikk tilnavn av sine overordnede etter personlige egenskaper eller etter et eventuelt talent for å bruke våpen på en særlig effektiv måte. *Kraft*, *Rapp*, *Svärd*, *Kula*, *Granath* er eksempel på dette. Inspirasjonen til denne måten å gi tilnavn på fikk de fra den franske hæren, som hadde sine «noms de guerre» eller krigsnavn. «Frappe d'abord» (slå til først) er et slikt fransk soldat-etternavn.

En fransk dame som bor i Paris, og som jeg ble kjent med for noen år siden, heter *Madame de la Comtesse de Quatrebarbes*. Jeg måtte selvsagt spørre henne om hvordan hun hadde fått dette navnet. Jo, det hadde seg slik at en av forfedrene til hennes eksmann, den gudfryktige Bernard de Montmorillon, hadde i 1088 reist på korstog til Spania og kjempet mot maurerne. I den forbindelse skal han ha hugget av hodet på fire sarasenerer med langt, sort skjegg. Da han holdt frem to blodige hoder etter håret i hver hånd, skal kong Alfonso VI av Spania ha sagt: Du skal få navnet «de Quatrebarbes» (med firskjegg) etter denne bragden. Dette har jeg lest om i slektspapirene til grevinne Firskjegg, som påstås å være ekte. Uansett så synes jeg at det er en god historie.

Gjennom kontakt med ukjente mennesker på trikk og buss har jeg blant annet fått kjennskap til en navneskikk i Ghana, som innebærer at både jenter og gutter får navn etter den ukedagen de er født på. *Yaw* betyr for eksempel «mann født på onsdag», mens navnet *Yaa* betyr «kvinne født på onsdag». *Kofi* betyr «mann født på fredag» og *Annan* betyr at han er det fjerde barnet i søskenrekken. Skikken med å kalle opp barna etter ukedagen de er født på, er også blitt brukt i Mongolia opp mot vår tid, kunne en guide på de kanter fortelle.

I Burkina Faso kan man gi sitt barn et fornavn som betyr «da du ble født, var foreldrene dine uvenner med naboen». Altså en måte å tenke på, om tid og rom, som vi kjenner til fra urbefolkninger fra forskjellige steder i verden. En viktig hendelse i familiens situasjon da barnet ble født, kan gi navn til barnet.

Navn kan også brukes til å kontrollere folkegrupper i et land. Jødene fikk ikke lov til å bruke de yrkestitlene som tyske statsborgere kunne ha som etternavn, som *Bauer*, *Schnitler*, *Kaufmann*. I stedet måtte de ta konstruerte navn som

Rosenbaum (rosetre) og *Bernstein* (rav). Det var en effektiv måte for myndighetene til å ha kontroll over jødene på.

Kurdere har ett fornavn på kurdisk og et tilsvarende fornavn på for eksempel farsi til offisielt bruk. Dette siste er valgt av myndighetene i landet de bor i. Men kurderne fortsetter med å bruke sine kurdiske navn privat, og forholder seg bare til de påtvungne navnene i offisielle sammenhenger. Dette gjelder i Iran, men for eksempel ikke i Syria, der kurderne får beholde sine opprinnelige navn. Muslimer gjorde noe tilsvarende da de okkuperte hinduenes områder i Nord-India. Over natten fikk alle nye navn. De som nektet, risikerte å bli drept.

De kasteløse hinduene i India har egne etternavn, som viser at de er helt på bunnen av samfunnet og som utelukker deres mulighet for noen klassereise. De kan ikke velge det arbeidet de vil eller gifte seg med den personen de ønsker, hvis denne personen tilhører en kaste over dem. Sikhene er i sin religion opptatt av at alle skal være mest mulig like. Derfor sitter alle, høy og lav, på gulvet når de spiser og alle bærer en symbolsk kongekrone, nemlig turbanen. Etternavnene bærer også preg av likhetsidealet deres – alle kvinner heter Kaur til etternavn, som betyr prinsesse, mens alle mennene heter Singh til etternavn, som betyr løve.

I Italia har de egne etternavn på hittebarn, altså barn som er forlatt av sine biologiske foreldre. Dette skjer i mindre grad nå for tiden, mens det var ganske vanlig før. Navn som *Esposito* (utsatt), *Ignoti*, (sønn av) en ukjent, er navn som fortsatt er i bruk som etternavn. I flere land fins det kombinasjoner av navn og yrkestitler som kan man more seg over, som for eksempel den australske geologen *Sandy Rock*.

Navn fascinerer, og alle har et forhold til navn, sine egne og andres. Min navnereise er bare et lite utdrag av denne spennende verdenen, en verden jeg håper å ha formidlet litt av.

Marit Hammersmark
marit.hammersmark@gmail.com

STIPENDIAT VED SPRÅKSAMLINGANE I BERGEN

I april 2017 starta eg i stillinga som stipendiat med tilknytning til Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Prosjektet mitt er å granska stadnamn i kystområda kring Skagerrak for å undersøka i kva grad den historiske kontakten mellom Noreg, Sverige og Danmark, særleg i vikingtida, har sett spor i utvalet av stadnamn her. Pliktarbeidet blir delvis utført som undervising i stadnamn for studen-

tar i nordisk ved UiB, og delvis ved Språksamlingane der me er i gang med å digitalisera stadnamnsarkiv frå ulike delar av landet. Målet med denne digitaliseringa er å gjera kunnskap om stadnamn og namnegransking meir tilgjengeleg for både forskarar, forvaltarar og folket elles.

Krister Vasshus
krister.vasshus@gmail.com

HØRING OG ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Lov om stadnamn ble endret den 21.6.2019 og endringen trådte i kraft den 1.7. Bakgrunnen er to høringer først av 6.12.2017 hvor regjeringen ved Kulturdepartementet (KUD) ville gi kommunene fri adgang til å endre norske stedsnavn og uten klagerett, dernest av 18.10.2018 med et mer moderert forslag hvor norske stedsnavn ble likestilt med samiske og kvenske. Det viktigste forslaget var at kommuner skulle kunne gi navn på objekter kommuner tidligere kunne vedta skrivemåten av, jf. ny § 7 til erstatning for § 5. Den rettslige begrunnelsen var kommuners negativt avgrensede myndighet. Forslaget var antakelig rettslig sett unødvendig og derfor ikke ønskelig pga § 6 i kommuneloven som bestemmer at

Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.

Det kan se ut til at denne bestemmelsen ble oversett av KUD ettersom den ikke er nevnt i høringsnotatet. KUD hadde også noen merkelige utsagn i dette forslaget, jf. pkt. 4.2 2. avsn. (s. 11):

Forslaget er ikke ment å innskrenke kommunenes kompetanse, men å unngå at det stilles spørsmål ved lovligheten ved de navnevalgene kommunen gjør.

Dette gir ingen mening. Det var åpenbart tale om å utvide myndigheten for kommunene. Heldigvis ble ikke de rabiante forslagene fra første høring fastholdt. Forslaget var at det skal noe mindre til for at det skal foreligge *særlige grunner*, jf § 3, samt at [*d*]enotasjonsendringer skal regnes som *særlig grunn*. Her burde det vært benyttet et forståelig ord. Lovteksten ble ikke endret. En kan få inntrykk av

at lufta hadde gått ut av ballongen, men at KUD måtte gjøre noe for at ikke regjeringa skulle bli helt blottstilt.

Forslag om å flytte bestemmelser om fastsettelse av skrivemåten av navn fra forskrift til lovtekst møtte en del motstand. Dette er i utgangspunktet et lovstrukturelt/-teknisk spørsmål og bør løses som sådant, jf. NOU 1992: 32 Bedre struktur i lovverket og Lovteknikkheftet fra Justisdepartementet. Sentrale bestemmelser bør ligge på lovs nivå. Antakelig skjuler diskusjonen ulike syn på realiteter. Da får en heller si det klart. Et sentralt spørsmål er balansering mellom nedarva lokal uttale og rettskrivingsprinsipp. Det viktige her må være hensynet til lovens formål. Loven er svak nok og trenger ingen ytterligere svekkelse.

Lovforslag ble fremmet ved Prop.65L (2018–2019) Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.). Det oppsiktsvekkende var at KUD unnlot å redegjøre for flere kritiske merknader samt underslår flere høringsuttalelser. Det bryter med en klar praksis. En ryddig redegjørelse for høringsinstansenes synspunkter er selvsagt en forutsetning for hele høringsinstitusjonen og derfor også for den regjeringsfastsatte Utredningsinstruksen. Når KUD bevisst velger å underslå kritiske merknader, så blir heller ikke Stortinget informert på en korrekt måte. KUDs handlemåte undergraver således en sentral del av vårt demokratiske system. Når politikerne svikter, så bør byråkratene ta ansvar. Den regjeringsfastsatte departementsinstruksen gir tjenestekvinner/-menn både en rett og en plikt til å gi skriftlig uttrykk for uenighet, jf hovedprinsippet fra Nürnbergdommen om den enkeltes ansvar. Skjedde det? KUDs handlemåte er etter min mening en hån mot høringsinstansene. Når kritikk ikke er velkommen, så har høring ingen mening.

Vi var flere som gjorde Stortinget ved komiteen oppmerksom på at kritiske merknader ble fortiet, men uten at det framkom kritikk fra noen representanter. Det inngir ikke tillit. Er det fordi politikerne ikke bryr seg om stedsnavna? Eller er det slik at det har skjedd et forfall i styringsverket de senere år? I så fall er det mange som har en jobb å gjøre, blant andre Norsk namnelag. Det bør stilles spørsmål til regjering og Storting i åpent brev om dette er en akseptabel handlemåte. Og med kopier til pressen. Det kan med fordel skje i samarbeid med andre gode krefter slik som Noregs mållag.

Kulturminister Trine Skei Grande presenterte forslaget som en åpning for kommunene til å velge/fjerne navn. Dette er feil og det har også politikerne i Overhalla fått med seg. Ingen partier der vil gå inn for ny navnesak.

Regjeringa har derimot fjernet det nedarvede navnet *Hengsåsen* i *Hengsåsen naturreservat* på Bygdøy i Oslo ved å endre tidligere forskrift og erstattet det

med det nye navnet *Prinsesseåsen naturreservat*, jf. forskrift 30.8.2019 nr 100. Det framgår av resolusjonen (kgl.res.) at dette var en gave fra regjeringen til prinsesse Ingrid Alexandra i anledning hennes konfirmasjon. Vedtaket er hjemlet i naturmangfoldsloven. Stedsnavnloven nevnes ikke. Det bør avklares hvordan vedtaket forholder seg til denne loven. Namnelaget bør derfor vurdere å påklage resolusjonen til Sivilombudsmannen og/eller anlegge sak.

Brynjar Mørkved
morkved@advbm.no

BOKOMTALAR

BUSTADNAMN I RÅDE

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold. 17. Råde*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2018. 360 sider. Kartvedlegg *Råde* 1:50 000.

Serien *Bustadnavn i Østfold* følgjer som kjent den gamle heradsinndelinga i *Norske Gaardnavne*, men sidan nokre band omfattar to eller tre herad, står berre nokre få igjen etter dette bandet: Degernes, Eidsberg, Rakkestad, Trøgstad og Øymark. Dermed går serien som vart påbyrja i 1994 med bandet for Hobøl, mot slutten og nærmar seg *Norske Gaardnavne* i omfang med 18 band.

Med all uroa kring kommunesamanslåingar like frå den såkalla Scheikomiteen i 1960-åra og fram til i dag er det interessant å registrera at Råde har hatt noko så sjeldan som uendra grenser like sidan 1837.

Slik tilfellet er i andre kommunar, er ikkje kommunenamnet òg namnet på administrasjonssenteret, som i Råde er Karlshus like ved Råde kyrkje. Karlshus fekk ny funksjon som stasjonsby etter opninga av Østfoldbanen i 1882. Medan *Karlshus* er eit relativt gjennomsiktig namn, av mannsnamnet *Karl* og *hus* (bustad), kan ikkje det same seiast om kommunenamnet *Råde* med opphav i gardsnamnet *Roe* med stor variasjon i uttalen. Heile fem uttalevariantar er noterte med den skriftpåverka /'råde/ naturleg nok som den vanlegaste, medan gardsnamnet i dag har (den nyare) uttalen /'roe/. Med bakgrunn i striden om normering av stadnamn kan det vera god grunn til å leggja merke til kommentaren frå

Kåre Hoel om uttalen av *Råde* i ein kritikk av Oluf Ryghs kommentar: «[s]kriftformer og skriftuttale uhyre sjelden har slått gjennom i folkemålet». I denne samanhengen er «uhyre sjelden» sterke ord.

Det eldste belegget er «Rodo» frå 1330. Trass i alle skriftformene gav korkje Oluf Rygh eller Kåre Hoel noka forklaring av *Råde* eller *Roe*. Tom Schmidt siterer til slutt i omtalen av *Råde* professor Harald Bjorvand og kulturarbeidaren Kristian Strømshaug frå *Råde*, som begge vil forklara namnet med opphav i eit ord for ‘stang, stokk’ om den lange og smale raryggen der garden ligg.

I dette bandet finn ein omtale av 835 namn på gardar, utskilde bruk, husmannsplassar og andre stader med fast busetnad, mot 127 gardsnamn under *Råde* i Norske Gaardnavne.

Av gamle gardsnamn finn me *Åven*, med kommentaren «forklaringen forresten ganske usikker» i NG, mens Hoel endar opp med ei forklaring ‘avsidesliggende hjørne, avkrok’ utvikla av ei tenkt form, norrønt *Afhorn*. Gardsnamnet *Tomm* byr seg heller ikkje fram med ei enkel løysing. Etter over ei side med belegg med det eldste «Pufn» i 1309 og to sider drøfting, siterer Schmidt Harald Bjorvand som meiner at namnet kan sikta til noko beint eller rett i terrenget, om lag som ordet *stokk* i stadnamn, her kanskje om ein langaktig åsrygg. *Tomm* skulle såleis vera skyldt norrønt *stufn* om trestubbe, stamme. Rygh kommenterer namnet nokså kort med ukjent tyding.

Også i dette bandet finst det namn som framstår som ‘merkelege’, m.a. gardsnamnet *Kåpegot* som er belagt alt i 1509, altså er det ikkje eit av dei yngre og stundom ‘merkelege’ plassnamna. Namnet er heller gjennomsiktig, ei samansetjing av *kåpe* og *kot* ‘hytte, lite hus’, men bakgrunnen for namnet gjev seg ikkje sjølv: Fyrste leddet *kåpe* etter samansetjinga *kåpekledning* om ein type bordkledning, altså eit kot med kåpekledning.

Eit yngre namn er *Ustebakke* som er skrive «Ulvstuebacken» i 1762, men lyd-utviklinga talar mot ei enkel forklaring som ‘ulvstuebakken’. Hoel konkluderer med at tolkinga er uviss. I lokalavisa Vest-Telemark Blad har diskusjonen lenge gått om namnet *Brødlaus* i Seljord. Dei som treng argument i denne debatten, kan berre slå opp *Brødløs* i dette bandet og finna det stoffet dei treng. Både som etternamn og stadnamn er *Spetalen* kjent, av ‘hospital’, i *Råde* truleg fordi garden i eldre tid har høyrte til eit hospital, i dette tilfellet i Tønsberg.

Som oppslagsverk fungerer alle banda i denne serien framifrå med varierte register som forenkla bruken. Slik er det ikkje alltid i skrifter av dette slaget, dessverre. Det er både tidkrevjande, arbeidskrevjande og ei økonomisk belastning

å utarbeida ikkje berre eitt, men fleire register slik det er gjort i *Bustadnavn i Østfold*. Brukarvennleg, heiter det i dag.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

ETTERNAMNA VÅRE

Arne Torp: *Etternavna våre. Frå Astrup til Åstorp*. Vigmostad & Bjørke, [Bergen] 2018. 192 sider.

«Få ting er sterkere knytta til identiteten vår enn navnet vårt. Hvorfor har nordmenn de etternavna de har? Det må man til historia for å forstå». Dette kan vi lesa på omslaget av boka *Etternavna våre*, med undertittelen *Fra Astrup til Åstorp*, av Arne Torp. I føreordet seier Torp at han fekk lyst til å skrive boka fordi han hadde ei kjensle av at etternamnet meir enn førenamnet kan seia noko om kva for ei sosial klasse ein person høyrer til. Ein del etternamn er juridisk verna, medan vi kan velja fritt mellom dei aller fleste førenamna. Boka har ni hovudkapittel + føreord, etterord og ettertankar, litteraturliste og eit vedlegg som er ei alfabetisk liste over alle representantane i riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814.

Tittelen tyder kanskje på at boka tek for seg etternamna frå a til å. Slik er det som antyda ikkje. Boka er ikkje eit namneleksikon, men ei historisk framstilling av utviklinga av etternamnsbruken. Og naturleg nok startar Torp med den norrøne namnetradisjonen. Fullt namn i norrøn tid var *førenamn* og *tilnamn*, og ein person kunne ha fleire ulike tilnamn. Deretter fylgjer eit kapittel om namnebruken på Island, fordi moderne islandske namn viser at den gamle nordiske namneskikken også eksisterer i dag. Frå mellomnorsk tid kommenterer han spesielt etternamna til Absalon Pederssøn Beyer, Peder Claussøn Friis og Ludvig Holberg for så å via eit kapittel til 1814 og etternamna til eidsvollsmennene. Han konkluderer med at namnet til ein viss grad kan visa sosial klasse, og at dette fyrst og fremst gjeld bøndene, som alle har namn med formelen førenamn + primærpatronym + gardsnamn, t.d. *Ole Olsen Amundrød*, og at den store og prinsipielle skilnaden mellom bruken av etternamn i 1814 og i dag er at no har alle eit etternamn som normalt er nytta gjennom heile livet.

Det lengste kapittelet har overskrifta “Etternavn i Skandinavia i dag”. Her samanliknar Torp etternamnsbruken i Noreg, Danmark og Sverige, og han viser både fellestrekk og særtrekk for dei einskilde landa. Stivna patronym er den vanlegaste typen i heile Skandinavia, med Danmark på topp og Noreg nedst. Av etternamn som ikkje er patronym, er typen som endar på *-gaard* “typisk dansk” (*Nørgaard*), medan typen *Lindberg*, altså toledda namn samansett av ei botanisk nemning og ei stadnemning, er “typisk svensk”. For Noreg veit vi at *gardsnamn* som etternamn er ein spesialitet. Torp har også sett på innslaget av namn frå ikkje-europeiske område, og statistikken (2015) syner at berre seks av dei 200 vanlegaste etternamna i Noreg har røter utanfor Europa.

I Tyskland og Storbritannia dominerer *yrkesnemningar* som etternamn, t.d. *Schmidt, Smith, Schneider, Taylor*, men denne typen spelar ei mindre rolle i Skandinavia. Torp undrar seg over dette. Han har konsultert Kristoffer Kruken, som peikar på faktorar som kan ha verka inn utan at dei gjev noka fullgod forklaring. Éin faktor Kruken nemner, er den sterke gardskjensla og det bonde-nasjonale aspektet, ein annan at dei fleste bønder var sin eigen smed, møllar eller tømrrar, slik at desse aktivitetane var lite individualiserande. Ein tredje faktor kan vera at tilnamnet ikkje var geografisk forankra, i motsetnad til *gardsnamna*.

Dei siste tiåra har vi fått mange nye landsmenn frå land utanfor Europa. I kapittelet om namnebruken i dag ser Torp på etternamnsbruken deira, særleg muslimske og vietnamesiske namn. Det siste kapittelet tek for seg skrivemåten av namna. Eit både artig og interessant underkapittel her er “Ei spesiell bokstav-historie: H-en i moderne norske navn og i eldre språk i heile Europa.”

Torp seier i innleiinga at boka er tenkt som ei populær bok om namn, populær i tydinga enkelt skrive utan at ein treng ekspertkunnskapar for å lesa ho. Det har han lukkast godt med. Særleg interessant og nyttig finn eg samanlikningane med Danmark og Sverige. Eit par “småting” på tampen, som ikkje har direkte med etternamn å gjera: På s. 37 seier han at innbyggjarnamna *hamarsing* og *lillehamring* ikkje tyder alle som bur på Hamar eller Lillehammer, men berre dei som er med i eit bestemt fotballag. Dette er ikkje slik eg kjenner nemningane, og det er heller ikkje slik dei er forklarte i *Norsk Ordbok*. Og på s. 167 skriv han at *gardsnamnet Vang* også finst som kommunenamn på *Hedemarken* [mi utheving]. Offisiell skrivemåte av områdenamnet er *Hedemarken*, og Vang er ikkje eiga kommune, men ein del av Hamar (frå 1992). Derimot er Vang ein kommune i Valdres.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NAMN SOM KJELDER

Namn som kjelder. Rapport frå den sekstande nordiske namneforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.—11. juni 2016. Redigert av Tom Schmidt og Inge Særheim. NORNA-förlaget Uppsala 2017. 283 sider.

Rapporten frå NORNAs sekstande kongress har fått tittelen *Namn som kjelder*. Det har vorte ei flott og omfangsrik bok, som berre føreligg i trykt utgåve. Til liks med dei aller fleste av NORNA sine publikasjonar finst ikkje artiklane tilgjengeleg på Internett, heller ikkje via open tilgang (open access). For å følgje det som har vorte god skikk innan vitenskapleg publisering dei siste åra, bør NORNA-förlaget ta ansvar for at også namneforskning kan bli lest og sitert på line med dei fleste andre vitenskaplege disiplinær – og dessutan vere tilgjengeleg for ålmenta.

I følgje kolofonen er emna for kongressen og artikkelsamlinga «[p]lace-names, personal names, horse names, ship names, commercial names, urban names and other onomastic topics connected to the congress theme». Eg las både føreordet og kolofonen grundig for å prøve å setje meg inn i kva ein kunne vente av ein konferanserapport med denne tittelen – kanskje er det fordi eg er urøynd innan faget eg syntest han var vanskeleg å gripe fatt i. Føreordet gir inga beskriving av emnet eller kva artiklane eventuelt har sams; det beskriver gjennomføringa av konferansen og har såleis ikkje eit fagleg utgangspunkt. Innholdslista for dei 20 artiklane (21 i følgje kolofonen) gir nokre peikepinnar. Titlar som «Munnlege kjelder i namnegranskinga» (Nedrelid), «Bohuslänska namn i främmande källor» (Falck-Kjällquist) og «Ortnamn som källor til de nordiska språkens äldre historia» (Nyman) handsamar emnet vel ut frå kjernetydinga. Det er fleire, men generelt ser det ut til at emnet blir tolka nokså vidt. Dei aller fleste av artiklane handsamar personnamn, samt eit par som tar for seg «øvrigt namn» (det er her travhestnamna og fartøynamna kjem inn i biletet). Bidraga innan stadnamn kan teljast på ei hand, sjølv om omslaget, eit elles flott foto frå Jærstrendene, kan gi inntrykk av at det er stadnamna som er det primære forskingsobjektet i rapporten.

At emnet for konferansen er vidt tolka av forfattarane, har i alle høve sytt for at ein ser det store spennet av forskingsfelt som namnefaget rommar – og kor mykje interessant ein kan forske på. Her er bidrag innan den klassiske namnegranskinga, òg med nytt blick – som til dømes Nedrelids gode artikkel om

fagets tradisjonelle bruk av munnlege kjelder. Denne lesaren interesserer seg mest for personnamn og finn mykje spennande. Det er i det heile artig å sjå ei rekkje artiklar med vinklingar som opnar for ny forskning innan namnegranskinga, og som eg opplever peiker framover mot moglege nedslagsfelt for faget.

Elles har nokre artiklar vinklingar knytt til identitetsproblematikk og val av namn. Dette har eg skrive litt om sjølv, så det var stas å sjå at eg var sitert i ein artikkel. Dessverre var det ikkje heilt samsvar mellom referansen i teksten og etternamn og årstal i kjeldelista. For aktive forskarar tilknytt forskingsinstitusjonar (som eg ikkje er) er siteringar som kjent viktige sidan ein i aukande grad måler såkalla «impact» gjennom dei.

Presentasjonen av forfattarane viser til solid fagleg bakgrunn, med universitetstilsette namnegranskarar frå heile Norden, samt eitt bidrag frå Latvia (det einaste som er skrive på eit ikkje-skandinavisk språk). Fem av bidraga er frå Noreg. For meg viser denne nordiske rapporten tydeleg skilnadane i namneskikkane i Norden (og for så vidt òg kva ein vel som forskingsfelt), noko som er interessant sidan vi er granneland og dei fleste av oss har dei skandinaviske språka felles.

Sluttordet mitt tar utgangspunkt i siste sida i rapporten: Her finn vi eit fotografi av deltakarane på kongressen. Sidan faget står i fare for å døy ut i Noreg, er det er gledeleg at det såg ut til å vere fleire unge namnegranskarar til stades – det sikrar ettervokster i alle høve i dei andre nordiske landa.

Solveig Wikstrøm
solwiks@hotmail.com

SKANDINAVISKE NAMN I DET NORDATLANTISKE OMRÅDET

Scandinavian Names and Naming in the Medieval North-Atlantic Area. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. Uppsala: NORNA-förlaget 2017. 268 sider.

Artiklane i denne boka tek for seg stadnamn i den skandinaviske diasporaen i det nord-atlantiske området, særleg på Dei britiske øyane og i Normandie, med blikk på bruk og utbreiing av namneledd i Norden. Boka består av 12 artiklar skrivne av forskarar frå Danmark, England, Frankrike, Noreg, Skottland og Sverige. Åtte

av artiklane handlar om stadnamn i Normandie, to om stadnamn i England (i Suffolk, Wirral og Westmoreland), ein om nordiske og gæliske personnamn på øya Lewis og Harris i Skottland, ein om namn i det nord-atlantiske området som er påverka av kystnamn i Noreg, og ein om namn i Noreg som er oppkalla etter stader i utlandet. Fem av artiklane er på fransk og sju på engelsk. Alle artiklane er forsynte med samandrag på engelsk og fransk, og til slutt i samlinga er det eit samandrag på engelsk som gir overblikk over konferansen.

Stadnamna som ein finn i desse områda, gir informasjon om språket i mellomalderen, om historisk utvikling av ord og former, og om kontakt med andre språk som fransk og gælisk. I tillegg kan namna gi opplysningar om busetjingshistorie, næringsvegar som jordbruk og fiske, sjøfart, sosiale forhold og kontakt mellom kulturar. Ikkje overraskande er mange stadnamn maritime. Inge Særheim drøftar kystnamn som vitnar om felles namngiving i det nord-atlantiske området.

Vilkåra for utvikling og overlevering av skandinaviske stadnamn er sjølvstgt forskjellige frå område til område. For eksempel vart norrønt innført på Orknøyane i vikingtid, og språket var einerådande fram til rundt 1300, mens i Normandie gjorde norrønt seg gjeldande i berre ein kort periode. Dessutan er norrønt, gammaldansk, skotsk og anglo-saksisk nærare i slekt enn fransk og nordisk eller gælisk og nordisk. Når forholda er slik, er det overraskande at det finst så mange som 1850 stadnamn av nordisk opphav i Normandie!

Samanlikna med opphavslandet, er utvalet av namneledd nokså avgrensa. Ledd som *toft*, *bý*, *þorp*, *þveit*, *staðr*, *bær*, *toft*, *kirkja*, *lundr*, *holmr*, *haugr*, *búð* går igjen, med former tilpassa morsmålet i området. Leddet *toft* er det vanlegaste i vikingtidskoloniane, og er elementet som har vist seg å vere mest livskraftig i ettertid og vart teke opp som lånord i skotsk, gælisk og engelsk. Peder Gammeltoft drøftar *toft* (fransk *tuit*) i Normandie, som førekjem i ca. 300 stadnamn. Men frekvensen av andre element viser stor variasjon. I England er det heile 700 namn på *-bý*. Men slike namn manglar heilt i Normandie. Gillian Fellows-Jensen har sett på fenomenet og finn at det franske ordet *-ville* går igjen i namn med eit nordisk første ledd: appellativ av forskjellige typar, som *Cailleville* (*karl-*), *Bondeville*, *Querqueville* (*kirkja-*), *Bricqueville* (*brekka-*), *Houtteville* (*holt-*), og svært mange personnamn, som *Émondeville* (*Ámundi*), *Cretteville* (*Ketill*) og *Inthiville* (*Eysteinn*). Gunnstein Akselberg drøftar ledda *þorp* og *þveit* (engelsk *thwaite*, fransk *tuit*). *Þorp* finst i ca. 575 engelske stadnamn, men berre i ca. 15 i Normandie. *Þorp* er svært vanleg i Sverige (ca. 7500) og Danmark (ca. 2000), men uvanleg i Noreg (ca. 165). *Þveit* er ganske vanleg i både England,

Skottland og Normandie, men har ulik utbreiing i Danmark (under 200), Noreg (600+) og Sverige (ca. 30).

Dette er eit spennande stoff som kan kaste lys over skandinavisk busetting i det nord-atlantiske området i mellomalderen, ei tid der historiske kjelder er mangelvare eller kan feiltolkast. I Suffolk, ein del av Danelagen i England, har stadnamn ikkje vorte samla inn før i nyare tid. Basert på nokre linjer i *Den angelsaksiske krøniken*, som fortel at nokre krigarar i Den store heidenske hæren slo seg ned ca. 875, har ein meint at menneske frå hæren er ansvarlege for dei mange skandinaviske stadnamna i England. Men det er vanskeleg å forstå at eit par hundre busetjarar kunne finne på så mange namn! Ein forskar kom med ein hypotese at det var ei sekundær innvandringsbølge, som auka talet på skandinavar i området, men han fekk ikkje tilslutnad før den nylege innsamlinga av Suffolk-namna gav ny støtte til denne teorien. Nyare arkeologiske funn, særleg store mengder kvinnesmykke av ganske dårleg kvalitet, tyder på at mange immigrantar frå lågare sosiale lag også slo seg ned i området. Både talet på namn og funn peikar i same retning, at det skandinaviske innslaget i befolkninga var monaleg.

Vikingar er populært stoff, og til og med forskarar kan falle for freistinga å finne spor etter dei som ved nærare gransking ikkje finst. Mytedanning førekjem, og to av artiklane freistar å skilje myte frå faktum. Dominique Fournier drøftar skandinaviske stadnamn i l'Orne, eit område der nordbuarar ikkje slo seg ned, men der ein likevel finn mange skandinaviske namn. Truleg skuldast fenomenet sekundær påverknad og ikkje kolonisering. I artikkelen "L'onomastique scandinave en Normandie: mythes et réalités" ser Stéphane Laîné på tendensen til å fremje tolking av namn som skandinaviske, mens dei i røynda kan ha fransk, saksisk eller skandinavisk opphav.

Dessverre har ikkje alle artiklane vorte språkvaska, og i enkelte tilfelle er engelsken direkte pinleg i ein akademisk publikasjon. Elementærfeil som samsvar mellom subjekt og verb og preposisjonsfeil bør enkelt kunne unngåast. Leksikalske og semantiske feil kan vere ei utfordring, men bør heller ikkje førekomme. Verst er det med omsetjing av ordet *pveit* med 'clearance' i staden for 'clearing'. Mange engelsktalande lesarar vil forstå konteksten som noko heilt anna. "The clearances" er ein skammeleg periode (ca. 1750-1860) i skotsk historie da nesten alle husmenn i høglandet vart tvangsflytta frå bygdene. Dei var uønskte av landeigarane, mange svalt i hel og folk måtte vandre ut.

Den skandinaviske busetjinga i Normandie, og samanhengen mellom koloniseringa av provinsen og andre område i Nord-Atlanteren, er dårleg

dokumentert og belyst. Artiklane i denne boka er svært aktuelle. Det er alt nemnt korleis arkeologiske funn kastar lys over stadnamn og opnar for nytolking av busetjingsmønster. Genetiske studiar byr på nye innfallsvinklar. Universiteta i Caen og Leicester er i gang med eit historisk-genetisk prosjekt i Cotentin i Normandie. Prosjektet er under leiing av m.a. Richard Jones, som også var deltakar på NORLA-konferansen i 2014. DNA frå 100 menn med skandinaviske etternamn er kartlagt, og resultatane vil utvilsamt gi ny innsikt i den skandinaviske busetjinga i Normandie – og kanskje behov for ein ny konferanse?

Nancy L. Coleman
tootch@gmail.com

MELLOM HEILAGE OG PROFANE NAMN

Felecan, Oliviu (red.): *Onomastics between Sacred and Profane*. Vernon Press. Series in Language and Linguistics 2019. 412 sider + I-XIX.

Boka er ei samling på 26 artiklar om tilhøvet mellom det sakrale og det profane i namnebruk. Artiklane er samla i 5 hovuddelar med emne frå onomastisk teori, om namn på gud/gudar til typonym, antroponym og ergonym i feltet mellom det sakrale og det profane. Til slutt kjem eit kapittel om tilhøyrande litteratur og onomastiske ordspel.

Utvalet av forskarar er internasjonalt med 29 bidragsytarar frå 16 land som alle skriv på engelsk. Norden er representert med Paula Sjöblom frå Universitetet i Turku, Finland, som i del 5 skriv om den innverknaden nasjonaleposet *Kalevala* har på namnsetjing i finsk næringsliv.

Sjöbloms artikkel er kort, med to sider innleiing og teori og tre sider materiale med drøfting av aktuelle døme, som smykkemerket *Kalevala Jewelry* som spelar på positive assosiasjonar knytte til nasjonaleposet, *Lemminkäinen* etter ein av heltefigurane og iskremmerket *Aino* etter ei av dei vakre jentene. Parallellane til avspeglingar av sagalitteraturen i norsk namngjeving er slående, med døme som *saga* i ei mengd namn (båtnamn, hotellnamn, sølvbestikk, osv.) og *Frøya* (bryggjeri, kosmetikk osv.). Om moderne namngjeving med inkjeseiande namnelagingar, akronym, forkortingar eller reint engelskspråklege namn vil verka inn på den posisjonen *Kalevala* har (har hatt?) vert ikkje nemnt her.

I del 2 om toponym i det tematiske spenningsfeltet skriv amerikanaren Frank Nuessel om ‘ethnophaulism’ i stadnamn i USA med døme på namn som inneheld krenkjande ord, med m.a. *Nigger* som eit av dei eldste døma i denne debatten. Innanriksministeren i USA gjekk i 1963 hardt ut mot *Nigger* og ville ha det erstatta med *Negro* i namneverket, eit ord som i dag har rykt opp som like krenkjande som *Nigger* var i si tid. I 1970-åra stod *Jap* for *Japanese* for tur i 30 namneendringar. Parallellane til meiningslause norskspråklege former av samiske stadnamn ligg i dagen, det er nok å nemna *Hjemmeluft* for samisk *Jiepmaluokta*.

Kor perifære mange av temaa i artikkelsamlinga tykkjest vera i norsk namnegransking, syner litteraturlistene, som berre i éin artikkel om bøner i stadnamn har ei tilvising til ein norsk forskar (Inge Særheim). Internasjonal namneforskning kretsar i artiklane kring omgrep ein ikkje så ofte møter, *hagionym*, *hodonym*, *oikonym*, *urbanonym* osv. For dei som vil oppdatera seg innan desse emna, er denne boka eit naturleg val. Ho held høgt teoretisk nivå med grundig gjennomgang av terminologi og skikkelege register.

Språket til forskarane med andre morsmål enn engelsk er grundig vaska, og det er ikkje så lett å sjå nedslag av morsmålet i tekstane. Både det teoretiske nivået og den krevjande engelsk språkforma stiller høge krav til lesaren. Ein digital versjon av boka er tilgjengeleg på denne nettstaden:

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NOMINO – TV-SERIEN OM STADNAMN SOM BOK

Sjølv om norsk namnegransking slit for tida, er det mange prov på at den store interessa for namn held seg. Gøril Grov Sjørdal hadde såleis suksess med dei to tv-seriane *Nomino* på NRK, den fyrste om personnamn i 2015 og den andre om stadnamn i 2016. Stadnamnserien kom i fjor ut som bok på Spartacus forlag, sterkt utvida samanlikna med TV-serien. For, som forfattaren seier i føreordet, TV-formatet gjev ikkje plass til alt, men i ei bok kan ein ta med mykje meir. Vi kjem attende med ein fyldigare omtale av boka i neste nummer av *Nytt om namn*.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

NORSKE GATENAMN I BERLIN

Saman med den tyske forfattaren Alexander Häusser har Jørgen Norheim skrive ei bok om norske gatenamn i Berlin: *Norwegerstasse. Frå Berlin til Stalheim via Nordkapp*. Det er ei mangfaldig historisk og kulturell reiseskildring der tysk og norsk tenkje- og veremåte møtest når forfattarane oppsøker stadene i Noreg som desse gatenamna knyter seg til. Forfattarane tek utgangspunkt i at i tiåra rundt hundreårsskiftet såg den tyske eliten mot nord, særleg keisar Vilhelm 2. Det kollektive mentale rommet låg ope for namn etter nordiske stader og personar. Desse gatenamna i Berlin fell i tre grupper:

1. Etter stader og landskap (t.d. *Bergener Strasse, Osloer Strasse*)
2. Etter personar (t.d. *Björnsonstrasse, Nansenstrasse*)
3. Etter nordisk mytologi, historie og naturfenomen (t.d. *Fridtjofstrasse* og *Jötunstieg*, den siste er ikkje med i reiseskildringa)

I boka er det lista 32 norske gatenamn i Berlin utan at lista gjer krav på å vere fullstendig. 20 av dei får omtale.

Boka skal presenterast 20. november 2019 kl. 18 på Goethe-institutt, Maridalsveien 33P, 0175 Oslo med Vennelaget Samlagsrota som tilskipar.

Dagfinn Worren
dagfinn.worren@iln.uio.no

LITTERÆR NAMNEGRANSKING

Martyna Gibka. *Literary onomastics. A theory*. ArchaeGraph Wydawnictwo Naukowe, Łódź 2019. 170 s. (ISBN: 978-83-66035-56-0 (ebook))

https://www.archaeograph.pl/lib/1231bv/Literary-onomastics_ebook-jzo0bxdw.pdf

Litterær namnegransking har ikkje hatt nokon sentral posisjon i Noreg, heller ikkje i Norden elles. Lenger sør i Europa og ikkje minst i USA er denne greina av namnevitskapen meir utbreidd. No kan interesserte gle seg over ein nyss utkomen

publikasjon med tittelen *Literary onomastics. A theory*, skriven av polakken Martyna Gibka.

I ei samanfating til slutt i boka seier forfattaren at «[t]his work is devoted to functions of characters' proper names in novels. Its main aim is to present a fully developed theory for this issue, thus also for literary onomastics.»

Her kan ein lesa om starten på forskning omkring namn i litteraturen, om typologi innan denne deldisiplinen, om det å skapa namn i ein roman, og ikkje minst om funksjonane til namn i littære verk. Og mykje anna. Her er det berre å setja seg ved skjermen og gløyma tid og stund.

Av norske namnegranskarar er det berre Benedicta Windt-Val det er vist til, og då artiklane «An overview of literary onomastics in the context of literary theory» (*Onoma* 40, s. 43–63 og «Personal names and identity in literary contexts» (*Oslo Studies in Language*, 4.2, 273–284. Derimot nemner ikkje forfattaren den velskrivne artikkelen til Karina van Dalen-Oskam «Who is Hvalbiff? Name and identity in W. F. Hermans's "Beyond sleep"» i *Names and Identities* (*Oslo Studies in Language* 4,2 (2012)). Men det ser ut til at den internasjonale forskarverda innan litterær onomastikk er vel representert i dei nærare 150 titlane i litteraturlista, sjølv om Aust-Europa er sterkast representert, og då på slaviske språk som ikkje så mange i vest er fortrulege med.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ÅRSSKRIFT FRÅ ORTNAMNSSÄLLSKAPET I UPPSALA

Alle medlemene i Norsk namnelag er truleg ikkje klar over at svenskane har eit tilsvarande lag, Ortnamnssällskapet i Uppsala. Det vart skipa i 1936 og gjev ut publikasjonen *Ortnamnssällskapet i Uppsalas årsskrift* som vert send til alle medlemene. Medlemskapen er gratis og open for alle interesserte, òg utanfor Sverige. Hovudsakleg er det den namnevitskaplege krinsen av forskarar knytte til Uppsala som skriv i denne publikasjonen. Mellom dei er det fleire pensjonerte forskarar. Så er det òg Uppsala som kan skilta med det største nordiske namneforsarmiljøet i Norden. Det svenske namnelaget skipar til fleire temakveldar i året og minst ei utferd til interessante kulturhistoriske mål i det tilliggjande landskapet.

Årsskriftet for 2017 er nett kome ut, og den lange rekkja av medarbeidarar ser slik ut (etter rekkjefylgja i innhaldslista): Emilia Aldrin, Helén Davidsson, Linnea Gustafsson, Michelle Langeblad, Maria Pagoldh, Julia Trulsson, Lisa Vikström, Thorsten Andersson, Lennart Elmevik, Staffan Fridell, Lennart Hagåsen, Magnus Källström, Svante Strandberg. Desse skriv høvesvis om personnamn, stadnamn og andre slags namn, men mest om stadnamn. Nestoren i svensk namneforskning, Thorsten Andersson, er representert med ein liten artikkel under overskrifta "Tillbakablick". Som vedlegg til 2017-årgangen fylgjer namne- og ordregister for for årgangane 2006-2015 (Band 8), samt ei innhaldsliste for same tidsrom.

Eit ekstra vedlegg denne gongen er ein bibliografi over skriftene til Svante Strandberg. Talet på titlar nærmar seg tusen. Den fyrste arbeidet som er oppført, er "Yrkesnamn i Arboga tänkebok", levert ved professor Harry Ståhls proseminarium ved Seminariet för nordisk ortnamnsforskning, Uppsala universitet. Det var i 1965. Den siste tittelen i bibliografien, *Töle* i Björnlunda, er trykt i den årgangen som er omtala her. I tillegg til dei mange publikasjonane av Svante inneheld bibliografien eit stort tal meldingar av namnefaglege arbeid til andre. Thorsten Andersson har skriva ei informativ og personleg innleiing til bibliografien.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

OMTALAR AV MASTEROPPGÅVER

GARDSNAMN I ASKVOLL

Kristin Heggheim Mjaaseth: *Gardsnamn i Askvoll kommune*. Ein diskusjon av tolkingane i «Norske Gaardnavne» bind 12. Masteroppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen. Våren 2018.

Mjaaseth har i denne oppgåva teke for seg tolkingane av matrikkelgardsnamn i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane med grunnlag i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*, bd 12 (NG). Dette bindet vart utjeve av A. Kjær og kom ut i 1919. På den tid høyrde dei ytste grendene på sørsida av Dalsfjorden til Askvoll herad. I 1964 vart områda på sørsida av Førdefjorden som før tilhøyrde Bru og Vevring,

lagde til Askvoll. I 1990 vart kommunegrensa mellom Askvoll og Fjaler (tidlegare Ytre Holmedal herad) lagd etter fjorden. Då vart m.a. Helle, Vårdal, Holmedal, Rivedal og Fossedalen innlemma i Askvoll. Oppgåva tek for seg namna i Askvoll kommune slik grensa går frå 1990.

Kvifor er det ynskjeleg å sjå på gardsnamntolkingane på nytt? Ny kunnskap innan fagfeltet namnegransking kan føre til andre tolkingar. Mjaaseth skriv òg at ein grunn kan vere, som Rygh sjølv tek opp, at han ikkje alltid hadde god nok kjennskap til dei lokale tilhøva: «En Vanskelighet jeg ofte har følt ved Navnenes forklaring, er Mangelen af tilstrækkeligt Kjendskab til Stedforholdene paa de Steder, hvor Navnene høre hjemme. (Rygh, O. *Forord og Indledning*. S. XII) Mjaaseth ynskjer å finne ut om det er topografiske eller kulturhistoriske tilhøve som kan føre til andre tolkingar enn dei vi finn i NG. Ho har difor besøkt alle gardane minst ein gong for å sjå korleis det ser ut på staden. Ofte har ho teke bilete av staden for å nytte dette som hjelpemiddel i tolkinga av namna. Fleire av desse bileta er med i oppgåva. Ho har òg snakka med lokale informantar, helst folk frå den aktuelle garden eller nabogarden.

Mjaaseth tek utgangspunkt i tolkingane i NG. For enkelte namn tek ho med tolkingar frå Kåre Flokenes: *Stadnamn i Askvoll*. Når ho ikkje er samd i dei eldre tolkingane, lanserer ho nye tolkingsforslag ut frå topografi, kulturhistorie og etymologi. Ho legg då vekt på ikkje å vere for kategorisk, då det ofte kan vere vanskeleg å fastslå kva for ei tolking som er den mest rimelege.

Korleis samsvarar Mjaaseth sin tolkingar med NG? For 56 av 96 namn er Mjaaseth samd i tolkingane i NG. For 25 av namna er ho delvis samd, men for 14 namn er ho usamd med NG. For desse 14 namna meiner ho at tolkingane i NG ikkje samsvarar med topografien på staden og set fram nye forslag til tolkingar. For 8 namn meiner Mjaaseth (s. 123) det er konkludert med ei tolking knytt til realia som ho er usamd i. Dette gjeld til dømes *Skjerlia*, *Kleppeneset* og *Helleset*. Mjaaseth meiner at Rygh har lett for å ty til personnamn som tolking av utmerkingslekken, medan ho sjølv i større grad freistar å tolke namnet ut frå topografien på staden. Dette gjeld fem av dei 14 namna: *Unneset*, *Ringstad*, *Gjørøy*, *Gjelsvika* og *Flokeneset*.

Dei tre siste gardsnamna som er registrerte i oppgåva, er *Eikeneset*, *Fossedal* og *Ottersteinen*. Alle desse tre gardane ligg på nordsida av Dalsfjorden og tilhørde før 1990 Dale sokn i Fjaler herad. Ottersteinen var ikkje ein matrikkelgard, men bruk under gnr. 63 Dale. I NG bd.12, s. 273, står denne omtalen: "Ottersteen" er de nuv. Brugs-No. 9. 11, Otresteinen (i Matrikelen af 1906), *Otrasteinn, af Dyrenavnet otr m., Odder." Mjaaseth har gått ut frå

skrivemåten *Ottersteinen* og tenkt seg at førelekken er mannsnamnet *Ottar*. Vi ser at skrivemåten i 1906 er *Otresteinen*. Dette høver godt med den lokale uttalen, og det er såleis god grunn til å feste lit til tolkinga i NG.

For å få påliteleg uttale har Mjaaseth nytta informantar som er minst femti år gamle, og som har budd i grenda heile livet. For dei fleste namna meiner ho at uttalen i NG samsvarar med den ho sjølv har registrert (s.19). Men den skrivemåten som er nytta som etternamn, vert kanskje oppfatta som den «rette, men «[D]ette kan nok over tid vere med å fortrenge den nedervde uttalen. Difor er det no, endå meir enn før, viktig å snakke med eldre informantar når det kjem til uttale».

Sjølv om Mjaaseth altså har henta inn opplysningar om uttalen av namna, er dei, med få unntak, ikkje med i oppgåva. Det er rett at den uttalen som er notert i NG, samsvarar godt med lokal uttale for mange namn, men det er ikkje vanskeleg å finne døme på det motsette. Dette gjeld ikkje minst for samansette namn, der ein del av namna skal ha trykket på siste lekken. I NG vert det for nokre namn gjort merksam på kva lekk som har hovudtrykket, for andre ikkje. For nokre namn er hovudtrykket plassert feil.

Mjaaseth vurderer òg om namna er grunntolka, og om tolkingane er kategoriske. Ekte grunntolking vert forklart som «tolking som er ein diskusjon av ulike alternativ som munnar ut i eit mogleg/moglege eller usikkert/usikre resultat.» Kategorisk grunntolking er tolking som «er ein diskusjon, men som resulterer i eit kategorisk resultat». Mjaaseth konkluderer med at av dei 96 namna er 64 grunntolka, 32 ikkje grunntolka. Når det gjeld kategorisk konklusjon, er svaret ja for 67 namn og nei for 29. Som regel er det samanfall mellom kategoriske konklusjonar og namn som ikkje er grunntolka.

Oppgåva tek for seg om lag 100 namn. Desse er ordna etter matrikelnummer. Det er eit ryddig og oversiktleg arbeid, men det hadde vore ynskjeleg med eit alfabetisk register over namna som er drøfte.

Jofrid Holter
jofrid.holter@oslomet.no

SOKNENAVERN I ØSTFOLD FRA MIDDELALDEREN

Ole Gunerius Deli: *Gamle uttalenære skrivemåter av stedsnavn. Soknenavn i Østfold fra middelalderen*. Masteroppgave i nordisk. Universitetet i Oslo. Høsten 2018.

Formålet med masteroppgaven er å finne ut hvor gamle de muntlig nedarvete uttalene av en del kjente stedsnavn kan være. Det dreier seg her om å undersøke navn som har vært muntlig tradert siden middelalderen. I denne oppgaven blir 1900-tallets nedarvete uttale sammenliknet med antatt uttalenære skriftformer fra middelalderen og fram til utpå 1600-tallet.

Det undersøkte tilfanget er 60 soknenavn i Østfold. Uten tvil er soknenavn i Østfold svært velegnet for en slik undersøkelse. For det første er skriftfestingene rikelige, der de eldste gjerne går bak til 1300-tallet. For det andre er navnetilfanget herfra gjort tilgjengelig gjennom serien Bustadnavn i Østfold av Kåre Hoel, utgitt ved Tom Schmidt og Margit Harsson. For tre bind som ennå ikke lå ferdige, har Deli hatt tilgang på foreløpig materiale.

Hver lydendring som kan spores i skrift, undersøkes ved å finne den eldste skrivemåten som bekrefter lydendringen. Forfatteren berører en mengde fonologiske endringer, og går også inn på noenlunde samtidige skriftformer av ett og samme navn, der skrivemåtene varierer sterkt, og på en slik måte at det oppstår vansker med å utnytte beleggene som kilder. Akkurat denne problematikken kunne nok ha fått et klarere og tydeligere uttrykk i oppgaven. Det blir mange detaljer å holde styr på, og framstillingene er ikke alle steder like lettleste, selv om oppgaven i sin helhet har en ryddig disposisjon.

Masteroppgaven til Ole Gunerius Deli vitner om en gransker som har behandlet et språkhistorisk materiale med stor faglig innsikt og grundighet. Et navnekorpus kan ikke utnyttes for å datere språkendringer nøyaktig. Men en slik undersøkelse kan, som Deli med all tydelighet får vist, skaffe oss meget gode holdepunkter for å kunne bestemme når tid en språkendring *seinst* må ha funnet sted.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2017

Namnebibliografien femner om namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utanlandske granskarar når dei drøftar norske namn, publiserer/skriv i eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig.

Innførlene er ordna alfabetisk etter forfattar utan omsyn til emne. Vi bed lesarane melda frå til redaksjonen om feil og manglar.

Terje Larsen
terjelar1948@gmail.com

- Akselberg, Gunnstein. [Melding av] *Navne og skel – Skellet mellem navne*. Rapport fra Den femtende nordiske navneforskerkongres på Askov Højskole 6.–9. juni 2012. Red. av Birgit Eggert og Rikke S. Olesen under medvirken af Bent Jørgensen (NORNA-rapporter 91.) Uppsala. *Namn och bygd* 105, s. 179–186.
- Akselberg, Gunnstein. Toponymgjenbruk knytt til moderne samferdsle gjennom gamalt kulturlandskap. Om stasjons- og haldeplassnamn langs Vossebanen og Bergensbanen frå Bergen til Finse. I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstende nordiske namnforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala, s. 9–20.
- Akselberg, Gunnstein. Reconstructing historical onomasticons with focus on the place name generic tuit in Normandy compared to the generic thwaite in Britain. How onomasticians approach and identify Norse name compositions, geographic distributions, age and their denoted settlements. I *Scandinavian Names and Naming in the medieval North-Atlantic Area*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala, s. 11–27.
- Alhaug, Gulbrand og Minna Saarelma. Naming of children in Finnish and Finnish-Norwegian families in Norway. *Socio-onomastics: The pragmatics of names*. Red. av Terhi Ainiala og Jan-Ola Östman. (Pragmatics & Beyond New Series 275). Amsterdam: John Benjamins, s. 70–91.
- Alhaug, Gulbrand. Aase eller Åse – i kva grad har rettskrivingsendringa aa > å verka inn på bruken av aa og å i personnamn? *Studia Anthroponymica Scandinavica* 34, s. 25–60.
- Alhaug, Gulbrand. Etternamnssystemet i bygd og by på slutten av 1800-talet. Ei samanlikning mellom Hamar, Stange og Romedal. *Namn og nemne* 34, s. 7–33.
- Alhaug, Gulbrand. ”Oberstløytnant B.J. Petersen” og ”Stasjonsmester S. Lystad”. Forbokstav i staden for fullt fornamn – eit statussymbol på slutten av 1800-talet i Stange og Romedal. *Gammalt frå Stange og Romedal*, s. 73–93.

- Alhaug, Gulbrand. [Melding av] ”*Personnamnarbeid av P. A. Munch*”. Red. av Kristoffer Kruken. Oslo. Novus forlag 2016. *Namn och bygd* 105, s. 31–33.
- Alhaug, Gulbrand. Fornamn i Sør-Troms 1820–1910. [Omtale av] Truls Nilsen: *Popularitetsutviklinga for fornavn i Sør-Troms 1820–1910 (bibelske navn, moveringer og nordiske navn)*. Masteroppgave i nordisk språk ved lektorutdanningen. UiT – Norges arktiske universitet, høsten 2013. 129 s. *Nytt om namn* 65/66, s.112–113.
- Alhaug, Gulbrand. Samanlikning av kvinnenamn i Nord-Noreg og Agder på 1800-talet. [Omtale av] Sissel Johanne Fagerheim: *Kvinnenavn i Nord-Norge og Agder på 1800-tallet. Forskjeller i navnetilfanget*. Masteroppgave i nordisk språk. UiT – Norges arktiske universitet, våren 2014. 121 s. *Nytt om namn* 65/66, s.113–114.
- Alhaug, Gulbrand. Fornamn i Saltdal. [Omtale av] Janne Anita Nilsen: *Noen trekk ved fornavnsskikken i Saltdal – med vekt på 1800-tallet*. Masteroppgave i nordisk språk. UiT – Norges arktiske universitet, høsten 2014. 131 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 115–116.
- Alhaug, Gulbrand. Nylaga mannsnamn i Nordland 1810–2007. [Omtale av] Elisabeth Jeremiassen: *Dagfred, Enor og Belmar – nylagde mannsnavn i Nordland i perioden 1810–2007*. Masteroppgave i nordisk språk. UiT – Norges arktiske universitet, våren 2015. 124 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 116–117.
- Amundsen, Oscar. OsloMet: Tomhetens triumf. *Nytt om namn* 65/66, s. 79–80.
- Askedal, John Ole. Ottars reise og navnet Norge. *Ordet*. Nr. 1 (2017), s. 26, 29 : port.
- Dale, Alv Reidar. Ikkje nett berre OsloMet! *Nytt om namn* 65/66, s. 80–81.
- Dønvik, Tor. Krake søker make. *Historieglimt. Årsskrift for Kragerø og Skåtøy historielag* (2017), s. 71–87.
- Eithun, Bjørn. Alnsjøen og Alunsjøen. *Nytt om namn* 65/66, s. 82–85.
- Eithun, Bjørn. Navn i Oslo – kommentarer til ei bok. [Melding av] Leif Gjerland. *Navn i Oslo*. Dreyer forlag. Oslo 2016. 147 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 96–102.
- Gammeltoft, Peder. Språksamlingane. *Nytt om namn* 65/66, s. 58–61.
- Gjerland, Leif. *Osloavn*. Oslo. Dreyer forlag. 140 s.
- Grytten, Håkon og Per Hånes. Stadnamn på Gryta. *Sogelaget for Hamnsund sokn. Årsskrift* 2017, s. 148–159.
- Haslum, Vidar. [Melding av] Sønedeled og Risør historielag: *Stedsnavn i Risør kommune*. Risør: Sønedeled og Risør historielag 2017. 457 s. *Namn og nemne* 34, s. 160–163.

- Haslum, Vidar. Stadnamn på Huglo. [Omtale av] Jesse Bratt: *Stadnamn på Huglo*. [Mastergradsoppgåve i nordisk] Vår 2017. Bergen. 122 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 120–122.
- Haslum, Vidar. Stadnamn i Luster. [Omtale av] Samuele Mascetti: *Stadnamn i Luster kommune i Indre Sogn. Ein prototypebasert analyse av namnelandskapet i eit vestlandsk jordbruksdistrikt*. Mastergradsoppgåve i nordisk. Vår 2017. Bergen. 143 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 122–124.
- Heide, Magne Leon. Fleirspråklege stadnamn og personnavn. [Melding av] Alhaug, Gulbrand og Aud-Kirsti Pedersen (red.). *Namn i det fleirspråklege Noreg*. Oslo: Novus forlag 2015. *Nordnorsk magasin*. Årg. 40, nr. 4 (2017), s. 38.
- Heinesen, Line Lysaker. Klagenemnda for stedsnavnsaker 2016 og 2017. *Nytt om namn* 65/66, s. 11–14.
- Helleland, Botolv. Stadnamn på Toten : ikkje berre Kvem og Hveem. *Mjøsmuseet : årbok* 2017, s. 38–57.
- Helleland, Botolv. Dénominations d'après des noms de lieux étrangers en Norvège. [Place names in Norway named after places outside the country]. I *Scandinavian Names and Naming in the medieval North-Atlantic Area*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala, s. 159–169.
- Helleland, Botolv. Det språklege landskapet langs Karls Johans gate i Oslo. Kva seier det om bruken av rommet, sendarar og mottakarar. I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namnforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala, s. 97–116.
- Helleland, Botolv. Cultural aspects. Geographical Names as Cultural Heritage. I *Toponymy Training Manual*. Section 9. Chapter 22, s. 1–9. (United Nations Group of Experts on Geographical Names. Department of Economic and Social Affairs. New York 2017.)
- Helleland, Botolv. The Great Onomastic Divide in Norway: The Standardizing Problem of Settlement (Farm) Names after 400 Years of Danish Influence. I *Names and Their Environment*. Proceedings of the 25th International Congress of Onomastic Sciences Glasgow, 25-29 August 2014. Volume 4. Theory and Methodology Socio-onomastics. Red. av Carol Hough & Daria Izdebska. University of Glasgow. Glasgow, s. 51–59.
- Helleland, Botolv. [Melding av] *Svensk ortnamnslexikon*. Utarbeidet inom Institutet för språk och folkminnen och Institutionen för Nordiska språk vid Uppsala

- universitet. 2. utg. Red. av Mats Wahlberg. Institutet för språk och folkminnen, Uppsala 2016. 434 s. *Namn og nemne* 34, s. 154–156.
- Helleland, Botolv. [Melding av] *God ortnamnssed. Ortnamnssrådets handledning i namnvård* (2016). *Namn och bygd* 105, s. 165–166.
- Helleland, Botolv. Gardsnamn i Ulstein. [Melding av] Johan Ottesen. *Gardsnamn i Ulstein*. Ulsteinvik, Fotoarkivet 2016. 118 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 105–106.
- Helleland, Botolv. Mellannorrland i centrum. [Melding av] Lars-Erik Edlund og Elżbieta Strzelecka under medverknad av Thorsten Andersson (red.): *Mellannorrland i centrum. Språklige og historiske studier tillagnade professor Eva Nyman*. (Kungl. Skytteanska Samfundets Handlingar 77. Nordsvenska 26.) Umeå 2017. 371 s. *Nytt om namn* 65/66, s.109–111.
- Helleland, Botolv. Namn og identitet. Ei oppsummerande tilnærming til temaet. I *Namn og identitet*. Handlingar frå NORNA 46:e symposium i Tammerfors den 21–23 oktober 2015. Red. av Unni-Päivä o.fl. (NORNA-rapporter 94.) Uppsala & Tammerfors, s. 255–271.
- Helleland, Botolv. Det språklege landskapet langs Karl Johans gate i Oslo. Kva seier det om bruken av rommet, sendarar og mottakarar? I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namneforskar-kongressen på Jæren folkehøgskule. Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala: NORNA-förlaget, s. 97–116.
- Helleland, Botolv. Gards- og bruksnamn i Volda. [Omtale av] Olav Myklebust: *Gards- og bruksnamna i Volda. Tolking og tyding*. Mastergradsoppgåve i Nynorsk Skriftkultur. Våren 2017. 158 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 118–119.
- Helleland, Botolv og Åse Wetås. Nitten fylke skal bli til ti. Kva skal det nye landskapet heita? *Aftenposten* 31. mars 2017 (kronikk).
- Hoel, Kåre. *Bustadnavn i Østfold 16. Berg*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag. 471 s.
- Hånes, Per. Sjø Grytten, Håkon og Per Hånes.
- Ims, Daniel. Nye kommunar og namn. *Nytt om namn* 65/66, s. 48–53.
- Ims, Daniel og Åse Wetås. Navn på ny storkommune i Østfold. *Nytt om namn* 65/66, s. 52–54.
- Knirk, James E. Kuli-steinen og landsnamnet *Noreg*. *Namn og nemne* 34, s.93–98.
- Kruken, Kristoffer. [Melding av] Olav Veka (red.). *Norsk etternamnleksikon*. 2. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget 2016. 640 s. *Namn og nemne* 34, s. 149–154.
- Langekiehl, Atle Steinar. Det hypotetiske gårdsnavnet **Sukulrud* i Spydeberg – onomastikk og primærkilder. *Namn og nemne* 34, s. 99–115.

- Larsen, Terje. Nye reglar for skrivemåten av norske stadnamn. *Nytt om namn* 65/66, s. 29–31.
- Larsen, Terje. Norsk namnebibliografi 2015. *Nytt om namn* 65/66, s. 124–129.
- Larsen, Terje. Norsk namnebibliografi 2016. *Nytt om namn* 65/66, s. 129–124.
- Lien, Ragnvald. Abbor, skjebbe og tryte i Aust-Agder. *Aust-Agder-arv* 2017, s. 150–163.
- Lien, Ragnvald. *Bruse-* i gards- og bruksnavn. *Namn og nemne* 34, s.117–134.
- Myrvang, Finn. Opnan i Kjelvik. *Håløygminne*. Bind 25, årg. 98, hefte 4 (2017), s. 131–132.
- Myrvang, Finn. Funn frå karta til dei som ”oppdaga” oss på 1500-talet. *Håløygminne*. Bind 25, årg. 98, hefte 4 (2017), s.123–130.
- Myrvang, Finn. Sonnisthenn og andre namnegåter. *Håløygminne*. Bind 25, årg. 98, hefte 4 (2017), s. 117–122.
- Myrvang, Finn. Hestmona – Kassmona – Teksmona *Håløygminne*. Bind 25, årg. 98, hefte 4 (2017), s. 101–116.
- Myrvang, Finn. Stadnamn på *Ima-* og *Im(e)-*. *Nytt om namn* 65/66, s. 88–92.
- Namn og nemne* 34. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. av Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid, Aud-Kirsti Pedersen og Tom Schmidt. Norsk namnelag, Bergen, 166 s.
- Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namneforskarkongressen på Jæren folkehøgskule. Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-repporter 96.) Uppsala, 284 s.
- Nedrelid, Gudlaug. Munnlege kjelder i namnegranskinga. I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namneforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rappporter 96.) Uppsala, s. 157–168.
- Nedrelid, Gudlaug. Nordisk namnerenessanse i norske førenamn. *Scripta Neophilologica Posnaniensia*. Vol. 17, s. 21–235.
- Nedrelid, Gudlaug. [Melding av] Kristoffer Kruken, (red.). *Personnamnarbeid av P. A. Munch*. Oslo: Novus forlag. 294 s. *Namn og nemne* 34, s.157–160.
- Nordland, Ingvil. Rapport om UNGEGN. *Nytt om namn* 65/66, s.65–72.
- Næss, Tormod. Stedsnavn i ”gamle” Hedrum kommune. *Heidarheim* 2016/2017, s. 11–23.
- Nytt om namn* 65/66. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Botolv Helleland o.fl. 134 s.
- Opperud, Ole Haakon. Alnsjøen eller Alunsjøen? *Nytt om namn* 65/66, s. 82.
- Ottesen, Johan. *Gardsnamn i Ulstein*. Ulsteinvik, Fotoarkivet 2016. 118 s.

- Pedersen, Aud-Kirsti. The transmission of toponyms in language shift societies. I *Socio-onomastics: The pragmatics of names*. Red. av Terhi Ainala og Jan-Ola Östman. (Pragmatics & Beyond New Series 275). Amsterdam: John Benjamins, s. 22–44.
- Pedersen, Aud-Kirsti. [Melding av] *Innovationer i namn og namnmönster*. Handlingar frå NORNA:s 43:e symposium i Halmstad 6–8 november 2013. Red. av Emilia Aldrin m.fl. (NORNA-rapporter 92.) Uppsala 2015. *Namn og nemne* 34, s.135–148.
- Petrulevich, Alexandra. ”Utländskt”, ”inhemskt” och ortnamnsanpassning. Finns det universella anpassningsprinsipier? *Namn og nemne* 34, s. 67–91.
- Sandnes, Berit. Old Scandinavian place-names in contact. I *Scandinavian Names and Naming in the medieval North-Atlantic Area*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala, s. 229–239.
- Saarelma, Minna. Sjø Alhaug, Gulbrand og Minna Saarelma. *Scandinavian Names and Naming in the medieval North-Atlantic Area*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala, 268 s.
- Schybergson, Anita og Ole-Jørgen Johannessen. Nordiska fartygsnamn frå 1800-talets första decennier i ett komparativt perspektiv. I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namnforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala, s. 201–217.
- Smørvik, Per. Fødslar og namn, 1910–1914 – på helgelandskysten og i Gamlebyen, Oslo. *Årbok for Helgeland*. Årg. 48 (2017), s.153–155.
- Stauri, Tormod. Frå ”Litlihamar” til Lillehammer. *Årbok for Gudbrandsdalen* 2017, s. 91–98.
- Strand, Sindre Sverdrup. Lever opp til navnet. *Byggeindustrien*. Årg. 49 (2017), s. 36–38.
- Særheim, Inge. Coastal naming in areas with Norse influence in the North Atlantic Region. I *Scandinavian Names and Naming in the medieval North-Atlantic Area*. Proceedings of the 44th Symposium of NORNA in Caen 23-25 April 2014. Red. av Gunnstein Akselberg og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 95.) Uppsala, s. 241–256.
- Særheim, Inge. Kniven, Klemma og Knogane. Usamansette skjergardsnamn som skildrar individuelle eigenskapar. I *Namn och identitet*. Handlingar frå

- NORNAs 46:e symposium i Tammerfors den 21-23 oktober 2015. Red. av Unni-Päivä Leino m.fl. (NORNA-rapporter 94.) Uppsala, s. 147–158.
- Særheim, Inge, 2017: Sprette, Sprøtta og Springaren. Individualitet i skjergardsnamn. *Namn och bygd* 105, s. 91–108.
- Særheim, Inge. Stadnamn som språk- og kulturhistoriske kjelder. Eit oversyn med nokre spørsmål og mogelege svar sett ut frå sørvestnorsk materiale. possible answers seen from the perspective of south-western Norwegian material]. I *Namn som kjelder*. Rapport frå Den sekstande nordiske namnforskarkongressen på Jæren folkehøgskule, Kleppe 8.–11. juni 2016. Red. av Tom Schmidt og Inge Særheim. (NORNA-rapporter 96.) Uppsala, s. 231–244.
- Særheim, Inge. Ullandhaug – kva tyder namnet? *Frá haug ok heidni*. Nr. 3 (2017), s. 35–38.
- Søndeled og Risør historielag: *Stedsnavn i Risør kommune*. Risør: Søndeled og Risør historielag. 457 s.
- Torp, Arne. Stedsnavn i Risør kommune. [Melding av] Søndeled og Risør historielag: *Stedsnavn i Risør kommune*. Risør: Søndeled og Risør historielag 2017. 457 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 92–96.
- Vannebo, Kjell Ivar o.fl. Navnesaka i Overhalla. *Nytt om namn* 65/66, s.73–78.
- Veka, Olav. Bustadnamn i Berg i Østfold. [Melding av] Kåre Hoel. *Bustadnavn i Østfold 16. Berg*. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Novus forlag 2017. 472 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 103–105.
- Veka, Olav. Busetnadsnamn i Hudiksvall, Hälsingland. [Melding av] Lennart Hagåsen. *Bebyggelsesnamnen i Hudiksvall kommun. Hudiksvallområdet. Sveriges ortnamn. Ortnamnen i Hälsingland 2:2*. Uppsala 2014. 320 s. *Nytt om namn* 65/66, s. 107–108.
- Wetås, Åse. Sjø Helleland, Botolv og Åse Wetås.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

www.norsknamelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og nemne*, så er adressa denne: **ole-jorgen.johannessen@uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå tidlegare Namnegransking, kan du senda e-brev til: **botolv.helleland@iln.uio.no**

Kartverket har denne heimesida:

www.kartverket.no

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

www.norgeskart.no

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta:

Danmark: **http://nors.ku.dk/forskning/centre-og-forskergrupper/center-for-navneforskning/**

Færøyane: **https://setur.fo/**

Finland: **https://www.sprakainstitutet.fi/sv**

Island: **https://www.arnastofnun.is/is/um-stofnunina**

Sverige: **www.sofi.se/namn**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

www.icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):

https://unstats.un.org/unsd/ungegn/